


Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Lindås



Lindås kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004



Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Lindås

Lindås kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2004

MVA-rapport 5/2004

---

**Foto på framsida**, frå toppen (foto M.A. Bysveen):  
Takrøyrskog i Liavatnet (lok. 23), slåtteeng på Alver (lok. 5), styvingsalm på Kvamme (lok 42.), eikeskog/skogsbeite på Marås (lok. 14), slåtteeng i Askvik (lok. 63), edellauvskog/hagemark på Storset (lok.10).



|   |   |
|---|---|
| <b>Ansvarlege institusjonar og finansiering</b><br>Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga   | <b>Rapport nr:</b><br>MVA-rapport xx/2004   |
| <b>Tittel:</b><br>Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås.   | <b>ISBN:</b> 82-8060-030-2<br><b>ISSN:</b> 0804-6387  |
| <b>Forfattar:</b><br>Marit Anne Bysveen og Olav Overvoll  | <b>Tal sider:</b><br>80   |
| <b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b><br>Marit Anne Bysveen   | <b>Dato:</b><br>15.06.2004  |
| <b>Samandrag:</b><br>Føremålet med dette prosjektet har vore å kartlegge og verdisette naturtypar som er særleg viktige for det biologiske mangfaldet i Lindås kommune. Målet er først og fremst at oversikta over viktige naturtypar skal bli brukt i arealplanlegginga, slik at ein kan ta omsyn til desse områda.<br><br>Informasjon er samla inn ved hjelp av litteratursøk, informasjon frå fagfolk, grunneigarar og lokalkjende i tillegg til feltarbeid. Metodikken følgjer DN handbok 13-1999: "Kartlegging av naturtyper og verdisetting av biologisk mangfold".<br><br>24 av naturtypane skildra i DN-handboka er registrerte i Lindås. Dei er fordelt på seks hovudnaturtypar. Det er registrert til saman 117 lokalitetar/objekt som er verdisett etter ein tredelt skala. Nokre lokalitetar inneheld meir enn ein naturtype, slik at talet på naturtypeeininger er 125. 16 område er vurderte som svært viktige (A-område), 35 som viktige (B-område) og 73 som lokalt viktige (C-område). Dei dominante hovudnaturtypane er kulturlandskap og skog med høvesvis 75 og 37 lokalitetar. I kulturlandskapet er det kartlagt flest hagemarkar (21) og slåtteenger (18), men kystlynghei med berre tre lokalitetar dekker desidert størst areal. Dessutan er det kartfesta 24 store, gamle tre. I skog er det flest lokalitetar av edellauvskog (25), men kystfuruskog med berre to lokalitetar dekker størst areal.<br><br>Siste del av rapporten inneholder kart med oversikt over den geografiske fordelinga av naturtypelokalitetane, og ein kort omtale av kvar enkelt lokalitet.<br><br>Alle lokalitetane er avgrensa på kart og digitaliserte slik at kommunen kan legge denne informasjonen inn i sitt digitale kartverktøy. |   |
| <b>Referanse:</b><br>Bysveen, M.A. & Overvoll, O. 2004. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås. – Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2004: 1-80.   |   |
| <b>Emneord:</b><br>Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon   |   |
| Lindås kommune<br>Rådhuset<br>5914 Isdalstø<br><br>Tlf: 56 35 65 00, Fax: 56 35 65 01<br><a href="http://www.lindas.kommune.no">www.lindas.kommune.no</a>   | Fylkesmannen i Hordaland<br>Miljøvernavdelinga<br>Postboks 7310<br>5020 Bergen<br><br>Tlf: 55 57 22 00 Fax: 55 57 22 01<br><a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a><br><a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a> |



## **FORORD**

I 1992 gav Noreg si tilslutning til Rio-konvensjonen, ein internasjonal avtale der deltakarlanda forplikta seg til å få oversikt over og ta vare på biologisk mangfald innan landegrensene sine. I Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling" vart det sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført ei kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet på sitt areal innan 2003. Sidan ein stor del av arealplanlegginga skjer på kommunalt nivå er det naturleg at også ei kartlegging av arealbruken skjer på dette nivået.

Ei utval av naturtypar i Lindås kommune er no kartlagt og verdisett. Arbeidet vart sett igang i 1999 og kommunen har motteke kr. 80.000.- i statleg stønad for gjennomføringa av prosjektet. Arbeidet er utført av prosjektilsett Marit Anne Bysveen, og har gått som eit deltidsprosjekt over fleire feltsesongar. Kartlegginga har vorte utført i nært samarbeid med landbrukskontoret i Lindås og fylkesmannen si miljøvernavdeling. Fagpersonar frå Botanisk institutt ved Universitetet i Bergen har òg blitt rådspurde.

Lindås kommune har svært variert natur. Både geografisk utstrekning, topografi og stor variasjon i bergrunn og andre vekstvilkår for vegetasjonen medverkar til dette. Ei detaljert kartlegging av alle potensielle lokalitetar har ikkje vore mogeleg innanfor rammene av dette prosjektet. Rapporten må såleis sjåast på som eit første steg på vegen, men gir likevel god dokumentasjon på viktige naturverdiar i kommunen.

I dei kommunale prosessane med arealplanlegging og tilskotsforvalting vil denne kartlegginga vera til stor nytte. Likeeins vonar kommunen at grunneigarane ser på kartlegginga som ei moglegheit til å ta omsyn, og ikkje som eit hinder for næringsverksemد. Dei avmerka områda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat" der ein ynskjer at naturinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Det er óg eit ynskje at rapporten skal vere med å auka kunnskapen og interessa for naturen blant kommunen sine innbyggjarar.

Lindås kommune vil nyta høvet til å takka alle som har hjelpt til med å få prosjektet fullført. Ei spesiell takk til prosjektilsett Marit Anne Bysveen og til Olav Overvoll ved miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland.

Lindås kommune  
Areal- og miljavdelinga

Lars Johan Haukås  
Avdelingssjef



# INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>FORORD .....</b>   | <b>5</b>  |
| <b>INNHOLD .....</b>  | <b>7</b>  |
| <b>1. INNLEIING .....</b>   | <b>9</b>  |
| KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....                                    | 9         |
| BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD .....              | 9         |
| KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?.....                          | 9         |
| <b>2. FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD.....</b> | <b>11</b> |
| KVA SKAL KARTLEGGAST? .....   | 11        |
| KARTFRAMSTILLING .....  | 11        |
| BRUKARAR AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD .....                      | 11        |
| OPPDATERING OG REVISJON .....                                       | 11        |
| <b>3. METODAR .....</b>   | <b>12</b> |
| NATURTYPAR OG VERDISETTING .....                                    | 12        |
| LITT OM KARTLEGGINGA I LINDÅS .....                                 | 12        |
| <b>4. NATURGRUNNLAGET I LINDÅS .....</b>                            | <b>13</b> |
| GEOGRAFI OG AREALBRUK.....  | 13        |
| LANDSKAP .....  | 13        |
| GEOLOGI .....   | 13        |
| KLIMA.....  | 13        |
| VEGETASJON .....  | 14        |
| <b>5. KARTLAGTE NATURTYPAR I LINDÅS.....</b>                        | <b>15</b> |
| MYR (A) .....   | 15        |
| RASMARK, BERG OG KANTKRATT (B).....                                 | 16        |
| FJELL (C) .....   | 16        |
| KULTURLANDSKAP (D) .....  | 16        |
| FERSKVATN/VÅTMARK (E).....  | 19        |
| SKOG (F).....   | 20        |
| KYST OG HAVSTRAND (G).....  | 22        |
| <b>6. RAUDLISTEARTAR .....</b>                                      | <b>24</b> |
| GENERELT .....  | 24        |
| RAUDLISTA PLANTEARTAR I LINDÅS.....                                 | 24        |
| <b>7. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?.....</b>                           | <b>26</b> |
| <b>8. LITTERATUR .....</b>  | <b>27</b> |
| <b>9. KART OG FAKTAARK .....</b>                                    | <b>29</b> |



# 1. INNLEIING

## KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og det samspelet desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan defineraast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypane i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold, og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

## BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 undertekna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivaretake det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følge av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og utbreiinga til mange artar er truga av uthydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhús, fritidshus, næringsverksemder og infrastruktur utgjer eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetjing om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei

handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommune-grensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett altfor dårleg. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvalting i kommunen.

Data frå kartlegginga vil også inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk, og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

## KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltinga finn stad. Riokonvensjonen eller Biodiversitetskonvensjonen (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønsker å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølv er ein del av naturen, og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osb. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nytte, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeidning av sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sinking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Er eit stort mangfold av dyr og planter kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar også for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitar.

Etiske argument: "Alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket." Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturoppelvingar.

## 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvalting. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekomst av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Lindås kommune har òg gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde, først og fremst gjennom intervju, men denne kartlegginga er enno ikkje samanstilt.

### KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlis-

teartar). Direktoratet for naturforvalting har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

### BRUKARAR AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reidskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller einskildpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

### OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartelgginga av naturtypar er ikkje fullstendig og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei formuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterete fortlopende.



Natur i endring. Bak innmarka på Hellestveit ligg det eit større område med myr og llynghei som no er i sterkt attgroing. Når skjøtselen av llynghelialene med sviing, beiting og lyngslått tek slutt, tek skogen raskt over. Dette er ein naturleg prosess og fører ikkje til tap av biologisk mangfald, men for mange menneske er det opne llynghelialandskapet ei kjelde til trivsel. Foto: M.A. Bysveen

### 3. METODAR

#### NATURYPAR OG VERDISETTING

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturypane finst også i Hordaland. Naturypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterium som er brukte ved utveljinga av kva naturypar som skal kartleggast er:

Førekomst av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er trua, ofte ved at habitat/leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttemarker.

Særlig artsrike område, område som har eit stort arts mangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med potensialet i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturypar. Dette gjeld naturypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel også viktig å få registrert naturypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorer.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikke nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturypar er fossesprøytoner, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flauvemark-skogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturypar har blitt sjeldnare.

Døme: Beite- og slåttemarker, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

#### Kriterium for verdisetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekomst av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utforminger

#### Skala for verdisetting:

- |                 |
|-----------------|
| A: Svært viktig |
| B: Viktig       |
| C: Lokal verdi  |

#### LITT OM KARTLEGGINGA I LINDÅS

Før feltarbeidet starta opp vart relevant litteratur, og Naturbasen hos fylkesmannen gjennomgått for å plukke ut aktuelle område for nærmare undersøking. Ein har også fått inn tips om moglege lokalitetar frå fagbotanikarar ved Universitetet og lokalkjende personar.

Når det gjeld naturypar i kulturlandskapet, er det henta inn mykje informasjon frå tilsette i landbrukssetaten i kommunen. Også enkelte gardbrukarar har gitt mykje nyttig informasjon, og mange av desse har svært god kunnskap om gardshistorie, utvikling i driftsmetodar, skjøtsel og vegetasjonsendringar.

Lindås er ein ganske stor kommune med mykje fjordar, høge fjell, bratte lier og ein tung topografi å ta seg fram i. Undersøkingane har difor blitt konsentrerte rundt dei mest kulturpåverka areala, først og fremst på Lindåshalvøya. Presset på naturareala er størst i dei mest folkerike og kulturpåverka områda, og difor er det særleg viktig å få oversikt over område med særskilde biologiske verdiar i desse områda. Aust for Austfjorden er det mykje høge fjellparti med sure bergartar. I dette området er det berre dei lågaste områda langs fjorden det har vore aktuelt å sjå over, dvs. Romarheimsdalen, langs europavegen vestover mot Vikanes og ned mot Molvik (Kart 1).

## 4. NATURGRUNNLAGET I LINDÅS

*"Vår frihet i forhold til naturen  
er ikke en frihet til å forandre den.  
Men en frihet til å låne den en tid  
og gi den videre i god stand  
som takk for lånet".  
(forfatter ukjent)*

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Lindås kommune ligg på Lindåshalvøya i Nordhordland (sjå kart på framsida). Kommunen grensar mot Osterfjorden og kommunane Bergen, Osterøy og Vaksdal i sør og aust og Modalen i aust. Mot nord ligg Fensfjorden og kommunane Masfjorden og Gulen (Gulen hører til Sogn og Fjordane fylke). Mot nordvest ligg Austrheim kommune, og vidare sørover grensar Lindås mot Radfjorden og Kvernafjorden og kommunane Radøy og Meland.

Tabell 1. Nokre geografiske fakta for Lindås.

|   |           |
|---|-----------|
| Landareal (km <sup>2</sup> ):                     | 453,8     |
| Ferskvatn (km <sup>2</sup> ):                     | 20,3      |
| Samla areal (km <sup>2</sup> ):                   | 474       |
| Jordbruksareal (% av totalareal)                  | 8,0       |
| Produktiv skog (% av totalareal)                  | 39,4      |
| Areal i % under 300 m.o.h. (%)                    | 72,5      |
| Areal i % over 300 m.o.h. (%)                     | 27,5      |
| Tal på øyar i saltvatn; areal (km <sup>2</sup> ): | 531; 29,9 |
| Kystline (km):                                    | 375       |
| Tal på fastbuande (01.01.2003)                    | 12.721    |
| Andel i tettbygde strok (%):                      | 40        |

### LANDSKAP

Lindås kommune femner om fleire ulike landskapsformer og naturmiljø, frå lystheiane i vest til høgfjell i nordaust. Landskapet på Lindåshalvøya er prega av dei mange åsryggane og fjella i retninga frå nordvest mot sør aust. Mellom desse ryggane ligg smale, frodige dalar og dype fjordar. Det kuperte og skiftande landskapet gir rom for spesielle naturfenomen som til dømes verdas nordlegaste viltveksande bøkeskog ved Seimsfjorden og spesielle marine forhold i Lurefjorden/Lindåsosane (Miljørappor 94/95, Lindås kommune).

Grovt sett kan Lindås delast i to delar når det gjeld topografi. Den indre delen av kommunen, langs indre del av Osterfjorden, har store høgdeforskellar med djupe dalar og fjell opp mot 900 m o.h. Det høgaste punktet i kommunen, Sørdalsnuten, 957 m o.h. ligg her, på grensa mot Modalen kommune. Det meste av Lindås kommune ligg på Lindåshalvøya, sør og sørvest for Fensfjorden. Her når dei høgste punkta i terrenget opp mot 450 m o.h., men dei fleste ryg-

gane er lavare, og blir gradvis lavare mot nordvest. Topografin er svært prega av dei såkalla Bergensbogane, og åsryggar, dalsøkk og fjordar/pollar følgjer bergstrukturen i nordvest-søraustleg retning.

### GEOLOGI

Den vestlege delen av Lindås, såkalla Lindåshalvøya, er ein del av den store Bergensbogen. Dette er eit stort flak av hovudsakeleg omenna djupbergartar og gneisar. For 450-410 millionar år sidan (kambro-silur), vart desse rivne laus og pressa austover og innover det store norske grunnfjellet. Seinare fall den vestlege delen (Lindåshalvøya) 10 km ned i høve til den austlege delen. Grensa mellom Bergensbogane i vest og grunnfjell i aust går langs skaret frå Bjørsvik til Stallbotn.

I Bergensbogane er det mest næringsfattige gneisar og omenna djupbergartar. Dette er ei blanding av sure og basiske bergartar. Ein finn også kalkrike soner og kleberstein. Mjukare glimmerrike bergarter finn ein mellom anna langs Hindenesfjorden.

I den austlege delen av Lindås er det grunnfjell med gneisrike, sure bergartar. Det er gjort funn av kopar og mangan/kobolt, men mengdene er for små for kommersiell drift.

Det er registrert ein ultrabasisk bergart, serpentinit, i området rundt Sævråsvåg. Denne bergarten gir grunnlag for ein spesiell flora, og brunburkne er ein av dei artane som likar slike tilhøve. Brunburkna er registrert rundt Sævråsvåg, og vidare mot Stemmetjørna, men ut frå dei geologiske registreringane kan arten truleg også vekse andre stader i Lindås. Kartet utarbeidd av Bøe (1978) syner fleire område med serpentinit. I tillegg til området frå Sævråsvågkaia og vidare sørover mot Stemmetjørna, er det ein førekommst i nordenden på Stemmetjørna, ein ved Koparholmane sør for Ådnøy og ein ved Rauholmen noko lengre mot nordvest. Det finst også eit lite område med serpentinit ved Litlavatnet på Vabøneset.

### KLIMA

Lindås har eit havpåverka (oseanisk) klima, med milde vintrar og kjølege somrar. Det er mange nedbørsdagar og høg luftfuktigheit, og det fell relativt mykje nedbør, særleg om hausten. Det er stor skilnad i nedbørsmengde frå ytre til indre strok i kommunen. Lengst ute ved kysten er nedbøren ca. 1300 mm/år, og i dei indre fjellrike stroka kjem det ofte meir enn 2500 mm/år. Årsmiddeltemperaturen er mellom dei høgaste i landet, med berre ca. 13° C i skilnad mellom varmaste og kaldaste månad. Den oseaniske

**Tabell 2.** Nedbør og temperatur: Månadsnormalar og årsmiddel 1961-90 for Istdalstø, 25 m o.h. (Kjelde: DNMI)

|            | J   | F   | M   | A   | M    | J    | J    | A    | S    | O   | N   | D   | ÅR   |
|------------|-----|-----|-----|-----|------|------|------|------|------|-----|-----|-----|------|
| Nedbør mm. | 193 | 148 | 165 | 102 | 98   | 128  | 140  | 178  | 280  | 270 | 253 | 235 | 2190 |
| Temp. °C   | 0,5 | 0,5 | 2,3 | 5,6 | 10,2 | 12,4 | 13,8 | 13,7 | 11,0 | 7,8 | 3,4 | 1,2 | 6,9  |

karakteren vert understreka av den lange og milde hausten, og noko lenger ute ved kysten er februar den kaldaste månaden. Men sjølv februar har middeltemperatur over frysepunktet (Tabell 2). Dei lokale temperaturtilhøva kan avvika mykje frå middelverdiane. Dei ytre delane av kommunen er jamt over mildare enn dei indre, og fjellområda i nordaust har sjølvsagt jamt over mykje lågare middeltemperaturar enn dei lågare-liggande områda ute på Lindåshalvøya. Jamvel om sommaren kan utsette dalstrok og sokk stundom ha nattetemperaturar under 0° C. Sommartemperaturen i sørverende lier kan vere mykje høgare enn middeltala. Dette gjer at varmekrevjande plantar helst er å finna her. Sørskråningar ved fjorden er særstakt gunstige fordi dei både ligg i le for kald, nordleg vind (vår og tidleg sommar), og fordi nærleiken til fjorden gjev høgare nattetemperatur enn i innlandet (Skogen, 1994, upubl. stensil).

## VEGETASJON

Vegetasjonsmessig er Lindås ein svært variert kommune, ikkje minst på grunn av dei geologiske og topografiske tilhøva. Omlag 47% av kommunen er skogdekt (Kart 1). Av dette er 64% bardominert skog og 36% lauvskog. Omlag 18% av skogarealet er kulturskog, det meste av dette er gran, som ikkje finst naturleg i kommunen.

Den rikaste vegetasjonen er knytt til sør- og sør-austvendte lier i område med lettforvitrande berggrunn langs Osterfjorden og på Lindåshalvøya. Her finn ein gjerne edellauvskog. Dei fleste varmekjære tresalga er representerte, men det er mest hassel, eik og ask. Oppover i høgda kjem det inn aukande innslag av mindre krevjande treslag som bjørk og furu. Oppover mot toppane blir det mykje einer og lyng. På dei meir nordvendte sidene er det bjørk, furu og fattigare vegetasjon.

Edellauvskogen i Lindås er også knytt til relativt små areal mellom og ved dei mange gardsbruka i kommunen. Desse områda har tidlegare vore utnytta både som beiteområde og til forsanking (lauving) og vedhogst. Gammal lauvskog er difor ein sjeldan naturtype, og i edellauvskogsliene er dei eldste trea ofte stivingstre. Verkeleg gammal lauvskog i økologisk forstand, der mange tre har nådd sin maksimale levealder finst knapt i Lindås eller andre stader på Vestlandet (eika kan bli nærmere 1000 år!). Dei eldste edellauvskogane finn ein gjerne i svært bratt terrenget med vanskelig tilkomst.

Heller ikkje furuskogen i Lindås er særlig gammal. Den skogen står på god bonitet, har enkelte tre mange stader nådd ganske store dimensjonar, ofte med stammediameter i brysthøgde på 40-50 cm. Skogen er likevel ikkje så gammal i økologisk forstand, og truleg er berre ein liten del av skogen særlig meir enn 130 år (men t.d. ved Åsevågen har boreprøver av furu vist aldrar på 220 og 260 år). Dei fleste stader er det lite innslag av læger (liggande, død ved), og dette i kombinasjon med eit tett busksjikt av einer, tyder på at mykje av skogen er av første generasjon. For 150-200 år sidan var truleg store delar av områda som idag er skogkledde, utan skog. Grunnen til dette var hard hogst i kombinasjon med bruk av utmarka til husdyrbeite. Som vanleg elles på Vestlandet, har furuskogen ein del innslag av lauvtre. Bjørk er det vanlegaste, men enkelte stader finst innslag av eik og andre lauvtre.

Den klimatiske skoggrensa ligg på 350-450 m i indre del av kommunen, og her dekker fjellområde ganske store areal. Det er også skoglause område på høgdedrag på Lindåshalvøya, men nokre av desse områda er nok kulturpåverkna ved beitande husdyr og skjøtsel. Dei fleste stader er bjørka det dominante treslaget opp mot skoggrensa.

I dei vestlege delane av Lindåshalvøya er det framleis ein del område med lyphei. Men mange stader har attgroinga kome så langt at områda er i ferd med å bli til bjørke- og furuskog. Ein kan likevel sjå at lyphei må ha dominert her for ikkje så mange tiår sidan.

Det har blitt gjort ein del undersøkingar av vegetasjonen i Lindås. Dei mest omfattande vart utførte i samband med Lindåsprosjektet på 1970-talet. Då vart det gjort detaljerte undersøkingar av sju gardar/modellområde i Austrheim og på Lindåshalvøya. Det vart utarbeidd vegetasjonskart for Fjellsbø, Vatne, Hundvin, Hodneland og Kolås. Fremstad (1973) har laga ei floraliste over området (sjå vedlegg). Det vart også utført registreringar andre stader i kommunen i samband med Lindåsprosjektet.

Andre artiklar som omhandlar vegetasjonen i Lindås er Øvstdal (1984) og Fremstad (1973). Skogen (1994, upubl. stensil) har skreve eit samdrag om vegetasjonen i samband med undersøkingane i Eikangervassdraget i 1994. Alle desse artiklane gjeld karplantefloraen. Kryptogamfloraen (sopp, lav og mosar) er dårlig kartlagt (sjå Kap. 7).

## 5. KARTLAGTE NATURYPAR I LINDÅS

I Lindås kommune er det registrert 24 naturypar av dei som er skildra i DN-handbok 13. Dei er fordelt på seks av hovudtypane. 117 lokalitetar er kartlagte. Korleis desse fordeler seg på dei

ulike naturypane går fram av Tabell 3. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 5. Kvar enkelt lokalitet er til slutt gitt ein eigen omtale (s. 37-80).

**Tabell 3.** Kartlagte naturtyper i Lindås fordelt på naturtype og verdi.

| Hovedtype (tal lokalitetar)    | Undertype                      | Kode | Verdi |    |    |        |
|--------------------------------|--------------------------------|------|-------|----|----|--------|
|                                |                                |      | A     | B  | C  | Total* |
| Myr (1)                        | Intakt låglandsmyr             | A01  |       |    | 1  | 1      |
| Rasmark, berg og kantkratt (2) | Sørvendt berg og rasmark       | B01  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Andre: Førekomst av brunburkne | H00  | 1     |    |    | 1      |
| Kulturlandskap (75)            | Slåtteenger                    | D01  | 1     | 7  | 10 | 18     |
|                                | Artsrike vegkantar             | D03  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Naturbeitemark                 | D04  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Hagemark                       | D05  | 2     | 4  | 15 | 21     |
|                                | Skogsbeite                     | D06  |       |    | 5  | 5      |
|                                | Kystlynghei                    | D07  | 1     |    | 2  | 3      |
|                                | Fuktenger                      | D09  |       | 1  |    | 1      |
|                                | Småbiotopar                    | D11  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Store gamle tre                | D12  |       | 5  | 19 | 24     |
|                                | Viktige bekkedrag              | E06  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Rike kulturlandskapssjøar      | E08  |       | 1  | 1  | 2      |
|                                | Rik eddellauvskog              | F01  | 9     | 12 | 2  | 23     |
| Skog (37)                      | Gammal eddellauvskog           | F02  | 1     | 1  | 2  | 4      |
|                                | Gråor-heggeskog                | F05  | 1     |    | 4  | 5      |
|                                | Rikare sumpskog                | F06  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Gammal lauvskog                | F07  | 1     |    | 1  | 2      |
|                                | Kystfuruskog                   | F12  |       | 2  |    | 2      |
|                                | Grunne straumar                | G01  |       |    | 1  | 1      |
| Havstrand/kyst (7)             | Undervasseng                   | G02  |       |    | 1  | 1      |
|                                | Strandeng og strandsump        | G05  |       |    | 3  | 3      |
|                                | Brakkvasspollar                | G08  |       | 1  |    | 1      |
|                                | Kalkrike strandberg            | G09  |       | 1  |    | 1      |
|                                | Totalt                         |      | 17    | 35 | 73 | 125    |

\* Det er kartlagt 117 lokalitetar/objekt i Lindås (Tabell 5, Kart 2). Nokre av dei inneholder meir enn ein naturtype, og dette er grunnen til at talet på naturtyperførekomstar er høgare enn talet på lokalitetar.

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturypane og førekomensten av desse i Lindås. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturypane viser ein til Fremstad (1997) og DN (1999).

### MYR (A)

Myr er økosystem med høg grunnvasstand, der nedbrytinga av dødt organisk materiale går så sein at det skjer ei opphoping av delvis omdanna materiale, torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). Myrar er viktige fordi mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

Myrane i Lindås er for det meste fattigmyrar som ofte ligg i ein mosaikk med lynghei i attgroing,

eller i samband med vatn og tjørn i søkk i terrenget. Mange myrar er ganske små, og fleire er idag grøfta og oppdyrka. Slåttemyrar har nok funnest i kommunen tidlegare, men desse låg ofte nært gardane og har nok i stor grad blitt oppdyrka. Det er to større myrkompleks i kommunen, Natåsmyrane og Fossevatna, som begge er verna som naturreservat (Kart 1), men desse er ikkje nærmare omtala i denne rapporten. I samband med verneplanarbeidet vart det undersøkt nokre myrområde vest på Lindåshalvøya (Flatberg 1976). Desse er ikkje oppsøkte dei senare åra og kor intakte desse myrområda er idag er ikkje kjent. Eit av desse områda, Stor-myra ved Mongstad, vart omtala som svært verneverdig av Flatberg (1976), mest på grunnlag av storleik og utforming. I dag er dette området regulert for industriføremål i kommuneplanen. Det er førebels ikkje registrert førekommstar av rikmyr i Lindås.



Sjølv om mange av myrane i Lindås etter kvart har blitt drenerte og dyrka opp eller utbygde, er det framleis ein del myrområde att. Dei fleste myrane er små, men mange stader dannar fleire småmyrar større myrkompleks, slik som her ved Fossevatna naturreservat. Ein mosaikk av myr, lynghei og skog er typisk mange stader på Lindåshalvøya. Foto: M.A. Bysveen

At det ikkje er kartfesta reine myrlokalitetar under denne kartlegginga, betyr ikkje at det ikkje finst andre viktige myrlokalitetar i Lindås enn dei to naturreservata. Sjølv om myrane i Lindås stort sett er artsfattige når det gjeld karplantar, innehold m.a. fleire av dei fisketomme vatn og tjørn som er viktige levestader for mange vasslevande insekt og amfibiar.

#### RASMARK, BERG OG KANTKRATT (B)

Naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg (DN 1999). Naturtypen dekker typisk nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for ei rekke interessante og sjeldne artar. Fleire forhold gjer at rasmarker ofte er nøkkelhabitat (særleg viktig leveområde for dyr og plantar): Sør- og austvendte rasmarker har ofte eit varmare lokal-klima enn områda rundt, ekstrem topografi gjer ofte lokalitetane lysopne, rørsler i lausmassane og skredaktivitet opnar for konstant gode forhold for pionérsamfunn. Vanskeleg topografi gjer at skogkledde rasmarker ofte får stå i fred slik at skogen her får sjanse til å bli gammal.

Det er ikkje skilt ut eigne lokalitetar med rasmark, berg eller kantkratt i Lindås, men dei fleste edellauvskogane i Lindås står ofte i sørvendte, bratte lier og inneheld ein mosikk av skog, rasmark og sørvendte berg. T.d. er det både rasmark og bergveggar fleire stader i Mundalsberget (lok. 27) der den dominerande vegetasjonstypen er rik edellauvskog. Både andre stader langs fjorden og i bratte fjellsider i dei indre delane av kommunen finst det nok rasmarker som burde vore undersøkte nærmare (For dei som tør ta seg fram i dei brattaste liene!).

#### FJELL (C)

Innanfor naturtypen fjell er det dei kalkrike områda som skal kartfestast. På bakgrunn av kjennskap til dei geologiske tilhøva er ikkje fjellvegetasjonen i Lindås nærmare undersøkt. Fjellområda i Lindås har i hovudsak berggrunn av granittiske gneisar som gir opphav til eit surt og karrig jordsmonn, og fjellvegetasjonen er nok dominert av artar som toler næringsfattige tilhøve.

#### KULTURLANDSKAP (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket. Sjølv om dette gjeld det meste av naturen omkring oss brukar ein helst omgrep på naturtypar i jordbrukslandskapet, der menneska har hatt, og har, avgjera betydning for utforminga av vegetasjon og artsutval (DN 1999). Gjennom ulik bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt skapt mange ulike leveområde for plantar og dyr i jordbrukslandskapet. Områda som er plukka ut for denne kartlegginga er område med spesiell verdi, og som samstundes er i tilbakegang.

Store delar av Lindås er framleis prega av tidegare intensiv utnytting av utmarksarealet, men dei siste tiåra har landskapet vore i rask endring. Endra driftsmetodar og redusert beiting i utmark har ført til at store delar av jordbruksarealet er i ferd med å forandre karakter. Både utmarksarealet, (t.d. lynghei/beiteareal) og innmarka (t.d. gammal slåttemark) gror mange stader til med skog. Dette er ein naturleg prosess som ein følgje av at arealet ikkje lenger blir haldne i hevd.



"Gammaldagse" fargerike slåtteenger som denne på Alver (lok. 5), blir det stadig færre av. Det er særleg bruk av kunstgjødsel og store mengder gylle som gjer at det gamle artsmangfaldet i slåtteengene forsvinn. Dei attverande areala er små og ligg ofte bratt til. Nokre av dei blir framleis slått, mest av interesse frå grunneigar si side, men mange blir òg liggjande uskjøtta. Areala som ikkje lenger blir slått, gror naturleg att, og dei lyskrevjande engartane blir etterkvar utkonkurrerte av ungskog. Blir prestekrageren snart ein raudlisteart? Foto: Ketil Tjore

#### Slåtteenger (D01)

Slåtteenger er ein naturtype som nesten har forsvunne pga. driftsendring ved t.d. kraftig gjødsling og endringar i slåttetidspunkt. Ved auka næringstilførsel blir dei store, breiblada grasa favorisert, og resultatet blir færre artar. Slåtteenger var tidlegare ofte artsrike areal som vart slått etter bløming/frøsetting. Det vart brukt lite eller inga gjødsel, som regel berre tilført fastgjødsel. I dag finn ein slåtteenger på små, avgrensa areal der det er vanskeleg å kome til med forhaustar. Desse engene opptrer som restareal, kantareal eller små lappar inntil gardstunet, som ofte vert slått for at det skal sjå fint ut. Framleis kan ein finne små slåttemarker som blir haldne i hevd på gammelmaten. Gode døme på slåtteenger finn ein m.a. i Alversund, Fosse, Askvik og Øverås. I slåtteenga på Alver er det ei rik prestekrakebløming på forsommaren. Mange stader t.d. på Ytre Fosse, førekjem jordnøttenger, ei eng som er typisk for landsdelen, men i rask tilbakegang. Jordnøttenger er ikkje av dei rike engene, men mykje er såkalla frisk fattigeng (Fremstad 1997). Det ser ut til at ein god del av desse små slåtteengene har vorte nytta til beiteareal dei seinare åra, og at slåtten har opphørt. Beiting er ein langt mindre arbeiskrevjande måte å halde graset nede på, men variasjonen av planteartar blir ofte lågare.



På Kjenes (lok. 7) ligg ei ganske stor slåtteeng som berre har vorte lite gjødsla. Tilnærma u gjødsla slåtteenger av denne storleiken er sjeldne. Her er terrenget truleg i brattaste laget for moderne landbruksmaskiner. Foto: M.A. Bysveen

#### Artsrike vegkantar (D03)

Vegkantar kan vise stort artsmangfald og blomsterprakt og innehold ofte artar frå fleire vegetasjonstypar (DN 1999). Vegkantar kan fungere som erstatningsbiotop for artar som før var tilknytt slåtte- og beitemarker. Lokalitetar som er artsrike og med høgt innhald av slåttemarksartar bør kartleggast. Det er sannsynleg at fleire slike lokalitetar finst i Lindås, men berre ein er kartfesta så langt.

#### *Naturbeitemark (D04)*

Ikkje tresett beitemark i langvarig hevd som har vore lite eller ikkje gjødsla eller jordbearbeidd (DN 1999). Naturbeitemark med lang kontinuitet og god hevd er ein artsrik naturtype, som har blitt stadig sjeldnare. Naturtypen har ofte eit stort innslag av urter, men er likevel som regel meir grasdominert enn slåtteenger. Areal med indikasjon på langvarig hevd, utan bruk av gjødsel er viktige. Beitemarkssopp er, som namnet seier, ei gruppe som ofte finst i naturbeitemarker. Mange av desse er raudlista, m.a. fordi naturbeitemarkene er i kraftig tilbakegang.

Berre ein lokalitet er kartfesta i Lindås (lok. 8), men det finst nok mange fleire.

#### *Hagemark (D05)*

Denne naturtypen omfattar dei fleste tresette kulturmarksområde, som tresett beitemark og slåttemark, men ein ønskjer spesiell fokus på område med styvingstre (DN 1999).

I kulturlandskapet var styving/lauving og lyngslått ein naturleg del av gardsarbeidet, og døme på hagemark som beiteareal med styvingstre, finn ein fleire stader i Lindås. Innover i fjorden der det ikkje fanst lyngheiar vart lauv frå trea nyttta som fortiskot for husdyra. Det er flotte døme på hagemark/lauvenger på gardane Storset og Askvik.



*Styvingsalm i hagemark på Kvamme i Alversund (lok. 42). I tillegg til kulturhistorisk og estetisk verdi, kan gamle styvingstre vere viktige levestad for insekt, sopp, lav og mosar. Grunnen til at slike tre kan vere viktige i biologisk forstand, er at dei ofte er dei einaste trea, ved siden av enkelte tuntre, som har fått sjansen til å bli gamle (andre tre blir gjerne hogd før dei når høg alder). Foto: M.A. Bysveen*

Nokre stader, t.d. på Storset, er det tydeleg lenge sidan trea vart styva, dei har utvikla store kroner og nokre har falle over ende. På Askvik på Ostereidet ser det ut til at styvinga har pågått inntil ganske nyleg. På begge gardane er det ask som mest har vore nytt. Dei vestlegaste styvingstrea er registrert på Kvamme i Alversund. Vest for dette ser det ikkje ut til at styving har vore vanleg.

Mange stader der ein slutta med styving for mange år sidan kan det vere vanskeleg å skilje mellom naturtypane hagemark og edellauvskog. 21 lokalitetar med hagemark er kartfesta i Lindås, nokre av desse finn ein i mosaikk med rik edellauvskog.

#### *Skogsbeite (D06)*

Naturtypen omfattar skog som blir beita eller som framleis har sterkt beitepreg (DN 1999). Område med lang kontinuitet er særleg viktige, på slike lokalitetar kan det finnast sjeldne artar.

Fem lokalitetar med skogsbeite er registrerte i Lindås, m.a. i Kopperdalen og Øykjebete i Alversund. Skogsbeite kan vere ein ressurskrevjande beitemetode pga. behov for inngjerding.

#### *Kystlynghei (D07)*

Kystlynghei er trelause heisamfunn langs kysten med røsslyng som dominerande planteart (DN 1999). Naturtypen finst gjerne i mosaikk med myr og grasmark. Lyngheiane er ein kulturbetinga naturtype og eit resultat av aktiv drift gjennom fleire tusen år. Naturtypen er heilt særeigen for kystnære område, og er utbreidd frå Portugal i sør og til Lofoten i nord. Undersøkingar av lyngheimråde i Skandinavia har vist at det er ein samanheng mellom klima, driftsform og vegetasjonstype. På vestlandskysten er det ein sterk klimagradient frå vest mot aust. I dei ytre områda verkar havet sterkt temperaturregulerande, og skilnaden mellom sommar og vintertemperatur er mindre enn lenger inne i fjordane. Målingar av lokalklima i Lindåsprosjektet, viser at det er meir enn tre gonger så mange frostnetter inne i fjordområda som ute ved kysten. Talet på døgn med nedbør er omrent lik, men nedbørsmengda er mykje større i fjordområdet (Kaland 1979). Lynghei er heilt avhengig av eit vintermildt klima der sauken kan gå ute heile året, og lyngbrenning for at det ikkje skal gro att.

Dei eldste teikna til etablert lynghei i Hordaland er registrert på Lyngoksen i Fedjefjorden og datter til ca. 4600 før notid. Vidare austover er det ei datering frå Krossøy i Austrheim på 3500 før notid (Kaland 1986). Etableringa av lynghei kjem altså seinare i gang austover i kommunen. Grunnen til at dei eldste lyngheiareaala førekjem lengst vest er at ein her fann dei best eigna areaala for slik drift. Austover vert vintrane kaldare og ein måtte halda dyra innomhus vinterstid.

Store areal på Lindåshalvøya har tidlegare vore lystgård. Men dei fleste stadane har beite og skjøtsel av lystgårdane no teke slutt, og einer, furu og bjørk kjem raskt inn. I området mellom Risa-Lauvås og nordover mot Hellestveit og Hope kan ein framleis sjå døme på lystgård, men også her veks skogen opp. I dette området er det ein mosaikk av myr, lystgård og beiteområde som enno ikkje har grodd til. Ein finn også døme på lystgårdareal på Tyborgøy. Her skal det no bli meir aktivt beita, så dette arealet vil truleg bli halde i hevd.

#### Fuktenger (D09)

Opne, beitebetinga naturenger på våt eller permanent fuktig mark (DN 1999). Naturtypen opptrer ofte i tilknytning til innsjøar og tjørn. Naturtypen er ofte artsrik. I Lindås er det registrert ei fukteng heilt inntil Isdalvatnet. Det førekjem sikkert fleire lokalitetar, men naturtypen er neppe særlig vanleg.




I fuktenga ved Isdal (lok. 17) veks m.a. hanekam. Enga vart slått til utpå 1980-talet, men blir i dag beita av sau. I vegkanten i framgrunnen veks slåttmarksartar som blåklokke og kvitkløver. Foto: K. Isdal

#### Store gamle tre (D12)

"Naturtypen" omfattar store, gamle, frittståande tre i kulturlandskapet (DN 1999). Store, gamle tre kan representera lang kontinuitet og er ofte levestad for sjeldne sopp, lav, mosar og insekt.

Det finst få verkeleg gamle tre i Lindås, men nokre store tuntre kan ha ganske høg alder. Ei 250-300 år gammal eik på Vabø (lok. 113) er kanskje det største treet i Lindås. Elles finst det fleire andre store tre, og berre eit utval er lista opp og kartfesta i denne rapporten. Dei vanlegaste tuntra er eik, bok og ask.

Styvingstre kan ofte bli svært gamle. Fordi dei har vore ein viktig ressurs, blir slike tre ofte ikkje hogde før dei byrjar å skrante ved svært høg alder. Styvinga fører òg til at trea blir mindre utsatt for vindfall enn tre med store, naturlege kroner. Nokre gamle, enkeltståande styvingstre er kartlagte som "store, gamle tre". Elles blir slike



Ei av to store, tidlegare styva lindetre ved Solli (lok. 104). Steinene rundt treet er delar av ein tipp frå utbetring av vegen gjennom området, men treet har overlevd. Foto: M.A. Bysveen

tre ofta fanga opp under hagemark og rik edellauvskog.

#### FERSKVATN/VÄTMARK (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drevne jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsatt for ulike inngrep. Viktige trugs-mål er m.a. drenering, attfylling, bekkelukking og bekkeutretting og forureining.

Lindås har mange vatn og bekkedrag som i hovedsak følgjer dalsøkka i Bergensbogane i nordvest-søraustleg retning. Det er registrert få lokalitetar som kjem inn under naturtypane i DN-handbok 13, men det førekjem sikkert fleire.

Alle innsjøar, elvar og bekkar er leveområde for ei rekke plantar og dyr og bør takast omsyn til i arealplanlegginga. Opplagt viktige lokalitetar er gytebekkar for sjøaure og bekkedrag med særlig rik kantvegetasjon. Naturleg fisketomme innsjøar og tjern er ein eigen naturtype (E10), som ikkje er nærmare kartlagt i Lindås. Fråver av fisk er viktig for enkelte vasslevande insekt og amfibiar.

### Viktige bekkedrag (E06)

Naturtypen omfattar t.d. små vassdrag med kantvegetasjon i einsarta kulturlandskap. Kulturlandskapet i Lindås er lite einsarta og naturtypen er difor lite aktuell slik den er definert i DN-handbok 13. Ein lokalitet som likevel er teken med er nedre del av Fiskesetelva (lok. 88). I tillegg til å vere gytebekk for sjøaure (det gjeld mange av bekkane i Lindås) har elva her ein svært frodig kantvegetasjon, som i naturtypesamanheng truleg er vel så viktig som elvestrenget i seg sjølv.

### Rike kulturlandskapssjørar (E08)

Næringsrike innsjøar i tilknytning til kulturlandskapet, med rik vassvegetasjon og kantvegetasjon. Naturtypen er ikkje vanleg i Lindås, og dei fleste innsjøane er næringsfattige. Dei få innsjøane som kan reknast som næringsrike får tilsig av næringsstoff frå landbruksområda rundt. I nokre tilfelle kan truleg lett forvitrelege bergartar òg til ein viss grad spele inn. To rike kulturlandskapssjørar er kartfesta i Lindås (lok. 23 og 24).



Dei fleste innsjøane i Lindås er næringsfattige, men Liavatnet (lok. 23) i Eikangervassdraget er eit av unntaka. Takrørsumpen her er truleg den største i kommunen og er m.a. overvintringsstad for vannrikse og hekkeplass for sivsongar. Foto: M.A. Bysveen

### SKOG (F)

Skog omfattar alle område der tre er dominande (i denne kartlegginga er imidlertid nokre skogområde omtala under kulturlandskap: Skogsbeite og hagemark). Etter fjell er skog den vanlegaste naturtypen i Noreg. Ca. 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmønster og topografi og dannar dermed svært mange ulike leveområder med anslagsvis 22.000 artar i Noreg. Over halvparten av alle landlevende dyr som er reistrekte her i landet er tilknytt skog. Også svært mange raudlisteartar er knytt til dette økosystemet, særleg artsrike grupper som insekt og sopp.

Sidan omlag halvparten av kommunen er skogdekt, er skog ein viktig naturtype i Lindås. Men i denne kartlegginga er det berre delar av skogen det er aktuelt å kartlegge. Det er først og fremst lagt vekt på skog med høgt artsmangfold, spesiell artssamansetjing eller skogtyper som vanlegvis dekker små areal.

### Rik edellauvskog (F01)

Skog av varmekjære lauvtre som ask, alm, eik, hassel, lind, bøk, svartor og spisslønn. Artsrike og frodige skogar med krav til varmt sommarklima, ofte på næringsrik jord med rike bergartar. Ofte prega av tradisjonell bruk som styving og beite (DN 1999).

Edellauvskogen i Lindås er typisk for kystnære strok. Det er snakk om blandingsskogar med varmekjære lauvtre, og det er sjeldan reine bestandar av enkeltartar. Dei vanlegaste trea er hassel, ask og eik, men alle dei varmekjære treslagene finst i kommunen. Den rikaste lauvskogen veks i sørverdende skråningar. Skogen veks i bratte parti som er vanskeleg tilgjengelege med omsyn til drift, og på denne måten har edellauvskogene vorte mykje skjerma for hogst. Mange område ber imidlertid spor av tidlegare drift som beiting og styving (hagemark). I dag vert desse områda heller lite nytta, og dei gror til.

Langs fjorden, innover frå Gjervik mot Leiknes (lok. 25 og 27), er det store og vanskeleg tilgjengelege edellauvskogsområde, for det meste med ei blanding av ask, alm, hassel og spreidd lind. Dessutan førekjem også svartor, hegg, bjørk og osp. Desse sørverdente liene kan nesten karakteriserast som rasmark enkelte stader, og edellauvskogsliene er ofte ein mosaikk av skog, rasmark og berg/ur.

Eit anna frodig område finn ein frå Heltveit og utover fjorden mot nordvest (lok. 78). Sjøl om fjellsida ved Heltveit er nordaustvendt, gir berggrunnen opphav til ei edellauvskogsli som m.a. inneholder alm, lind, myskegras, myske, lundrapp,



Den minst kulturpåverka edellauvskogen veks ofte utilgjengeleg til slik som her ved Mundalsberget (lok. 27). I slike områder finn ein ofte ein mosaikk mellom naturtypene edellauvskog (F01, F02) og sørverdete berg og rasmark (B01). Foto: M.A. Bysveen

junkerbregne og ein del store bregner. Den sjø nære plasseringa av dalsida gjer nok mykje for lokalklimaet, og dermed artsinnhaldet.

Vidare utover fjorden mot Stranda er liene sørvestvende. Det er kulturlandskap utover langs heile fjorden, og edellauvtre veks opp langs eigedomsgrenser og mindre brukte areal. Her er det gode tilhøve for varmekjære lauvtre og både lind og alm veks spreidd langs fjorden.

Førekomsten av edellauvskogane er lik førekomenstn av slätteengene, på den måten at dei finst i utkantane, på vanskeleg tilgjengelege stader, der områda ikkje har vorte intensivt utnytta.



Mange stader er edellauvskogen sterkt kulturpåverka. Hagenmarka på Storset, lok. 10 (øvst), går gradvis over i rik edellauvskog etter som lia blir brattare. Delar av hasselskogen i Kringslia, lok. 29, vart hogd for omlag 40 år sidan og skogen har også blitt brukt som beite. Foto: M.A. Bysveen

#### Gammal edellauvskog (F02)

Edellauvskog med tre av høg alder. Omfattar også fattige vegetasjonsutformingar (DN 1999). Naturtypen er viktig som vokse- og levestad for sopp, lav mosar og insekt. I Lindås er det nokre lokalitetar med eik som kan kome inn under denne naturtypen. Nokre av desse er imidlertid såpass kulturpåverka at dei er omtala som hagemark (D05).

#### Gråor-heggeskog (F05)

Skog der gråor, bjørk, hegg, selje og svartor er viktige treslag. For at skogen skal vere aktuell som kartleggingsobjekt, bør den vere frodig og artsrik og dominert av urter og høge gras (DN

1999). Slike lokalitetar kan ha svært tette bestandar av virvellause dyr og fuglar.

I Lindås finst skogtypen helst i midtre delar av kommunen, som svartorskog på fuktigare parti. I følgje Blom m.fl. (1981) går grensa mellom svartor og gråor inne i fjorden om lag ved Eikangervågen. Grensa mellom svartor- og gråor-regionen er ganske skarp. Svartor veks næraast kysten og er meir næringskrevjande enn gråor. I følgje eigne registreringar må grensa truleg trekast noko lengre aust enn det som er skildra tidlegare. Det er m.a. ein fin svartorskog i Kvommobotnen. Det er også funne gråor på Myking og Eikanger, så dette er nok ei overgangssone.

#### Rikare sumpskog (F06)

Næringsrike typar av lauvskog og kratt på sumpjord som t.d. langs innsjøar og bekkefar (DN 1999). Nokre av svartorførekomstane i Lindås kunne kanskje vere nemnde her, men dei kartlagte svartorlokalitetane passar betre under gråor-heggeskog (F05) med svartorutforming. Andre, mindre lokalitetar kan nok finnast.



Både gråor- og svartorskog dekkjer små areal, og må reknast som sjeldne naturtypar i Lindås.

Øvst: Gråoreskogen ved Romarheim (lok. 57) er kanskje ein restbestand frå før elva vart omregulert. Men dagens bestand er ung og kan ha kome opp etter opphør av beite, eller som eit resultat av lågare grunnvassstand.

Nedst: Heller ikkje svartorskogen i Kvommobotn (lok. 79) ser ut til å vere særleg gammal. Men skot frå stubbar vitnar om tidlegare hogst og det kan ha stått svartor på lokaliteteten lenge. I ein svartorskog ved Heltveit finst den største førekomensten av den direkte truga lavarten gulbuktkrinslav i Skandinavia. Foto: M.A. Bysveen

### *Gammal lauvskog (F07)*

Naturtypen omfattar m.a. eldre skog av osp og bjørk. Slike skogar er først og fremst interessante når trea har blitt gamle og grove og dermed viktige levestader for sopp, lav, mosar og insekt (DN 1999). I Lindås er m.a. nokre velutvikla ospeholt kartlagt under denne naturtypen.

### *Kystfuruskog (F12)*

Furuskog med innslag av kystbundne karplantar, mosar og lav, særleg i rikare skog (DN 1999). Ein stor del av Lindås kommune er dekka av kystfuruskog, men berre ein liten del er aktuell i denne samanheng. Her er det viktig å få oversikt over særleg rike område og område med gammal skog med eit visst kontinuitetspreg. Det meste av furuskogen i Lindås er truleg skog av første generasjon, og difor er det relativt lite død ved her (i allefall eldre, liggande død ved, læger). Det meste av skogen er relativt fattig røsslyng- og blåbærfuruskog. Purpurlyngutforminga, som er sjeldan nasjonalt, er ikkje kjent frå Lindås.

To større område med velutvikla, relativt gammal kystfuruskog er kartlagt i Lindås (lok. 95 og 96). Desse områda bør undersøkast nærmare, særleg når det gjeld førekjost av sopp og lav.

Det finst nok fleire område i Lindås som har tilsvarende kvalitetar som dei nemnde lokalitetane.



Sjølv om furuskogen i Lindås jamt over er under 150 år, finst det enkelttre som er eldre, som denne på Gjerdfjellet. Eit tett busksjikt av einer er karakteristisk mange stader i furuskogen, og dette er truleg eit resultat av tidlegare kulturpåverkanad. Relativt lite død ved tyder òg på at skogen tidlegare har blitt hogd. Foto: O. Overvoll

Særleg i indre del av kommunen, mot Modalen, er furuskogen mange stader nokså utilgjengeleg, og står òg på relativt skinn jord. Dette tilseier at ein i desse områda kanskje kan finne område med gammalskogspreng. Elles er det ofte område på høge bonitetar som har det største artsmangfaldet.

Sjølv om furuskogen er relativt fattig botanisk sett, er større, samanhengande område med slik skog viktig som hekkeplass og leveområde for fleire raudlista og fátalige fugleartar som hønsehauk, havørn, storfugl og kvitryggspett.

## **KYST OG HAVSTRAND (G)**

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og omfattar òg nokre område under vatn på svært grunne stader (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byd på spesielle livsvilkår og innehold fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Eit stort press på strandområda mange stader, gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her. Sjølv om Lindås har ei lang kystline, er det kartlagt få kyst- og havstrandlokalitetar i kommunen. Terrenget fell stort sett bratt ned mot fjorden og geologien gir, generelt, heller ikkje grunnlag for nokon rik strandvegetasjon.

### *Grunne straumar (G01)*

Straumar har ofte ei særegen samansetjing av plante og dyreliv m.a. høg produksjon av marine botndyr (m.a. muslingar). Både god førekjost av botndyr, og det at straumane oftast er isfrie om vinteren, gjer at dei kan vere viktige overvintningsplassar for dykkender.

Ein grunn straum, Gjerdstraumen (lok. 99), er kartfesta i Lindås, men denne ser ikkje ut til å vere spesielt viktig for fuglefaunaen. Det er ikkje gjort nærmare undersøkjingar av plante- og dyreliv på botnen. Det har ikkje blitt søkt særskilt etter grunne straumar under denne kartlegginga, så det kan nok finnast fleire slike lokalitetar i Lindås.

### *Undervasseng (G02)*

Naturtypen omfattar grunne område i saltvatn, ned til 2-3 m djupne. Strandsumpar går ofte over til undervasseng lenger ute. Særleg større førekommstar av undervassenger er sjeldne og innehold fleire spesialiserte artar, t.d. ålegras. Ålegrassamfunn er m.a. viktige som oppvekstområde for fisk.

Berre ei undervasseng er registrert i Lindås, men naturtypen finst nok fleire stader i tilknytning til dei mange pollane i kommunen. Naturtypen bør bli betre kartlagt i den komande kartlegginga av marint biologisk mangfald.

### *Strandeng og strandsump (G05)*

Slake lausmassestrender med engvegetasjon av salttolerante gras og urter, med regelmessig oversvømming av sjøvatn (DN 1999). Er også ofte påverka av ferskvassig frå land.

Fordi berget dei fleste stader går ganske bratt i sjøen, er det få godt utvikla strandenger og lausmassestrender i Lindås. Tre lokalitetar er kartfesta (lok. 41, 92 og 97).

### *Brakkvasspollar (G08)*


Dette er avstengte (med terskel), marine basseng med ulik grad av marin påverknad gjennom tidevatnet. Blanding av ferskvatn og saltvatn gir grunnlag for svært produktive miljø (DN 1999). Naturtypen er sjeldan, også i Lindås. Ein lokalitet er kartfesta (Eikangerpollen, lok. 55).

### *Kalkrike strandberg (G09)*

Som namnet tilseier er dette strandberg med lettforvitrande, baserike bergartar. Slikt substrat kan gi grunnlag for ein frodig og artsrik vegetasjon. I Lindås gir bratte strandberg og hard berggrunn stort sett dårlige forhold for ein rik strandvegetasjon, men Langholmen (lok. 69) er eit unntak. Holmen har svært frodig vegetasjon, med fleire litt krevjande artar.



*Strandeng/strandsump på innsida av vegfyllinga inst i Eikangerpollen (lok. 97). Vatnet blir skifta ut gjennom røyr i fyllinga. Frå enden på strandsumpen går det ein bekk med oppgang av sjøaure. Foto: O. Overvoll*



*Vegetasjonen på Langholmen (lok. 69) kan sjå triviell ut på avstand, men går ein vegetasjonen nærmare i saumane finn ein fleire indikatorar på kalkrik berggrunn, både langs strandberga og lenger inne på holmen. Foto: M.A. Bysveen*

## 6. RAUDLISTEARTAR

### GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering (oppstykking) av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane "nedst" på lista (DC og DM) er plasserte der mest av "føre var" grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvarst som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriane i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følgje av ny kunnskap.

Oversikta over raudlista plantar i Lindås (Tabell 4) byggjer på Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998 (DN 1999). Dei ulike kategoriane i denne raudlista er definerte under.

#### Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

#### Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for å forsvinne i nær framtid der som dei negative faktorane held fram.

#### Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterkt tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane held fram.

#### Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

#### Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhører føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

#### Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit øye med bestandssituasjonen. Mange av artane i denne kategoriene er plasserte her av "føre var" årsaker, fordi vi veit for lite om førekost og utbreiing.


Ei raudliste inneholder òg ei oversikt over såkalla *ansvarsartar*. Dette er artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrenser.

### RAUDLISTA PLANTEARTAR I LINDÅS

Det er kjent 37 raudlista planteartar i Lindås. Karplantefloraen er ganske godt kjent, sjølv om det også her burde kunne finnast nokre fleire raudlisteartar. Som vanleg elles i landet er kryptogamfloraen därleg og sporadisk kartlagt, og særleg gjeld dette mosar og sopp. Dette er store og vanskelege artsgrupper som i mange tilfelle krev spesiell ekspertise. Tabell 4 listar opp dei raudlisteartane som er registrerte i kommunen, men geografisk plassering av funna er ikkje presentert. Årsaka til dette er at mange av funna har relativt därleg geografisk presisjon (ofte därlegare enn 100 m), og difor eignar seg därleg til bruk i arealforvaltinga. Ein del av funna bør undersøkjast på nytt, og i framtida bør førekost av raudlisteartar plottast med handhaldt GPS som kan gi ein presisjon på 10-15 m.

**Tabell 4.** Funn av raudlistearta planteartar i Lindås. (Kjelder: Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Frisvoll & Blom (1997), Botanisk inst., UiB.)

| Artsgruppe     | Norsk namn          | Vitskapeleg namn                    | Habitat (DN 1999)          | Raudliste |
|----------------|---------------------|-------------------------------------|----------------------------|-----------|
| Karplantar (3) | Hinnebregne         | <i>Hymenophyllum wilsonii</i>       | Skuggefulle berg           | V         |
|                | Brunburkne          | <i>Asplenium adulterinum</i>        | Serpentinberg              | R         |
|                | Kvit skogfrue       | <i>Cephalanthera longifolia</i>     | Skog                       | R         |
| Mosar (2)      | Brannmose           | <i>Leptodontium flexifolium</i>     | Kysthei                    | DM        |
|                | Skalpbinnmose       | <i>Polytrichastrum palladisetum</i> | Skog                       | DM        |
| Sopp (18)      | Kjempeslørsopp      | <i>Cortinarius praestans</i>        | Edellauvskog               | E         |
|                | Purpurbrun flathatt | <i>Collybia fuscopurpurea</i>       | Edellauvskog               | V         |
|                | Bøkekreftkjuke      | <i>Inonotus nodulosus</i>           | Edellauvskog               | V         |
|                | Grånande seigsopp   | <i>Marasmius wynnei</i>             | Lauvskog/Oreskog           | V         |
|                | Røsslyngbarksopp    | <i>Aleurodiscus norvegicus</i>      | Hei, lyngmark              | R         |
|                | Silkesnyltehatt     | <i>Asterophora parasitica</i>       | Skog                       | R         |
|                | -                   | <i>Entoloma fuscomarginatum</i>     | Hei, lyngmark              | R         |
|                | -                   | <i>Hyphoderma obtusum</i>           | Barskog                    | R         |
|                | Tua bregnephette    | <i>Mycena lohwagii</i>              | Lauvskog                   | R         |
|                | -                   | <i>Phlebia subserialis</i>          | Barskog                    | R         |
|                | Kantstankkremle     | <i>Russula illota</i>               | Edellauvskog               | R         |
|                | -                   | <i>Tubulicrinis hirtellus</i>       | Barskog                    | R         |
|                | Bleik kantarell     | <i>Cantharellus pallens</i>         | Lauvskog                   | DC        |
|                | Opalbevre           | <i>Exidia thuretiana</i>            | Lauvskog                   | DC        |
|                | Storkjuke           | <i>Meripilus giganteus</i>          | Edellauvskog, parktre etc. | DC        |
|                | Rustkjukje          | <i>Phellinus ferruginosus</i>       | Edellauvskog               | DC        |
| Lav (14)       | Svartkvit sølvpiigg | <i>Phellodon melaleucus</i>         | Barskog                    | DC        |
|                | Kolskorpe           | <i>Ustulina deusta</i>              | Lauvskog                   | DC        |
|                | Gulbuktkrinslav     | <i>Hypotrachyna sinuosa</i>         | Epifytt/Skog               | E         |
|                | Sandgaffel          | <i>Cladonia glauca</i>              | Myr/Kyst                   | V         |
|                | Kranshinnelav       | <i>Leptogium burgessii</i>          | Epifytt/Berg/Tre           | V         |
| Kullerlav (14) | Gullprikklav        | <i>Pseudocyphellaria crocata</i>    | Epifytt/Berg/Skog          | V         |
|                | Randprikklav        | <i>Pseudocyphellaria intricata</i>  | Berg/Skog                  | V         |
|                | Kystprikklav        | <i>Pseudocyphellaria norvegica</i>  | Berg/Skog                  | V         |
|                | -                   | <i>Cladonia peziziformis</i>        | Berg/Kyst                  | R         |
|                | Piggtrollskjegg     | <i>Bryoria smithii</i>              | Epifytt/Berg/Skog          | DC        |
|                | Kystkoralllav       | <i>Bunodophoron melanocarpum</i>    | Berg/Skog                  | DC        |
|                | Praktlav            | <i>Cetrelia olivetorum</i>          | Epifytt/Skog/Berg          | DC        |
|                | Kystblåfiltlav      | <i>Degelia atlantica</i>            | Berg/Skog                  | DC        |
|                | Skorpefiltlav       | <i>Fuscopannaria ignobilis</i>      | Epifytt/Skog               | DC        |
|                | Kastanjelav         | <i>Fuscopannaria sampaiana</i>      | Epifytt/Berg               | DC        |
|                | Skuddelav           | <i>Menegazzia terebrata</i>         | Epifytt/Berg/Skog          | DC        |



Brunburkne *Asplenium adulterinum*. Denne svært sjeldne, vesle bregna veks berre på ultrabasisk grunn. I Lindås veks arten i mengder på serpentinførekomsten ved Sævrås.  
Foto: Bjørn Moe.

## 7. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Med dei økonomiske ressursane ein har hatt til rådevelde, seier det seg sjølv at ei fullstendig kartlegging av naturtypar i ein såpass stor kommune som Lindås ikkje har vore mogleg. Ein har vore nøydd til å gjere eit utval av område å sjå nærmare på, og dette er gjort både ut frå tips frå kommunen og lokalbefolkinga, litteratur og kor tilgjengeleg ulike delar av kommunen er.

Som det går fram av Tabell 3 er både kulturlandskap og skog godt representert, men dette betyr ikkje at desse naturtypane er fullstendig kartlagte. Slåttemarker med opphavelig preg (ugjødsela eller lite gjødsla) er det framleis mange att av i Lindås. Ein del av desse er kartlagte, men ein har konsentrert seg om dei mest artsrike engene og dei ein gjennom grunneigar har fått historisk informasjon om.

Når det gjeld skog, er edellauvskogsområda relativt godt kartlagte. Mest underrepresentert er kanskje kystfuruskogen, sjølv om dei to kartfesta lokalitetane utgjer eit større areal enn alle dei andre skoglokalitetane tilsaman. Som tidlegare nemnt er mykje av kystfuruskogen i Lindås relativt ung i økologisk forstand, og også svært utbreidd. Likevel ville ei meir grundig undersøking av kystfuruskogen i Lindås vere ønskjeleg for å sjå etter avgrensa lokalitetar med spesielle kvalitetar. Ein del slike område vil kunne bli kartlagt gjennom skogbruket sine MiS registreringar (miljøregisteringar i skog).

Myr har blitt dårleg representert under denne kartlegginga. Sjølv om dei fleste myrane i Lindås er relativt artsfattige, vil nokre fleire kanskje kunne bli vurderte som lokalt viktige eller viktige ut frå storleik og utforming. Ferskvatn og marine strandsoner er òg nokså overfladisk undersøkte og her bør det vere potensial for nokre fleire lokalitetar.

Særleg i indre delar av kommunen finst det ein del rasmrk. Desse er ikkje nærmare undersøkte. Områda er vanskeleg tilgjengelege, men av den grunn også lite utsette for inngrep.

Førekommst av raudlisteartar er sentralt når det gjeld utplukking og verdisetting av viktige naturområde. Det har ikkje blitt gjort nyregisteringar av raudlisteartar i dette prosjektet, men det eksisterer ein del informasjon frå før. Mykje av den eksisterande informasjonen er imidlertid av eldre dato, og ofte for upresis, geografisk, til å vere til særleg stor nytte i arealforvaltinga. Særleg når det gjeld sopp, lav og mosar, er kunnskapen dårleg. I framtida er det ønskjeleg å få gjennomført både kontroll av kjende førekommstar og nyregisteringar.

Også enkelte geografiske delar av kommunen er ”forsømt” under denne kartlegginga. Nokre område er berre observerte på avstand eller ein har reist forbi områda utan å få tid til nærmare undersøkingar.

Under er det gjort eit forsøk på å liste opp område eller lokalitetar som bør undersøkast vidare. Det kan vere litt farleg å lista opp desse områda, på den måten at lesaren kan tolke dette som om alt det andre er undersøkt. Her er likevel oversyn over nokre geografiske område som forfattarane meiner det bør sjåast nærmare på:

- Seim: Kulturlandskap; slåtteenger mm.
- Herland-Fiskeiset: Kulturlandskap
- Myking: Elv/våtmark
- Myking-Skauge: Bjørkeskog med høgstauder?
- Refsdalen
- Løtvit: Kulturlandskap, gammal edellauvskog
- Området rundt Lindåspollane
- Molvik-Skár: Edellauvskog
- Stranda: Kulturlandskap
- Dei ytre holmane frå Lindås og utover: Kystlynghei
- Litleeskare: Edellauvskog (A. Skogen pers. medd.)
- Sævrås: På haugen like vest for Sævrås kaien er det eit klebersteinsbrudd, og området rundt bør sjåast nærmare på med omsyn til kalkkrevjande/basekrevjande artar.
- Bjørsvik: Edellauvskog
- Ved Husdalsvatnet: Bekkekloft
- Eikangervågen: Strandeng (lok. 97)
- Eikefet: Rasmrk/skog/naturbeitemark
- Vabøneset: Skogsbeite/hagemark
- Li aust for Æsevågen: Eldre blandingsskog med furu og grov lind



Ei betre oversikt over raudlista sopp, lav og mosar i Lindås er ønskjeleg. Også på mange av lokalitetane som er nemnde i denne rapporten, er kunnskapen om desse gruppene mangelfull. Flatkjuka på biletet (lok. 94) kan oppnå svære dimensjoner, men er ikkje sjeldan eller raudlista. Foto: Olav Overvoll.

## 8. LITTERATUR

- Blom, H.H., Fotland, H., Jørgensen, P.M., Losvik, M., Sekse, L. & Øvstedahl, D.O. 1981. Skriv til fylkesmannen i Hordaland ang. utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland.
- Bøe, R. 1978. The Major Bergen Arc in the northern part of the Lindås peninsula: petrography, geochemistry and structural geology. Hovedoppgave i geologi - Universitetet i Bergen.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. – DN-notat 2000-5.
- Flatberg, K.I. 1976. Myrundersøkelser i Sogn og Fjordane og Hordaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen. – Universitetet i Trondheim, Rapport botanisk serie 1976-8: 1-112.
- Fremstad, E. 1973. Floraen i Austrheim og Lindås. Registreringer 1972. – Stensil. Botanisk Museum, UiB.
- Fremstad, E. 1974. Floristiske undersøkelser i Austrheim og Lindås, Nordhordland. - Blyttia 32: 221-233.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. – Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Fremstad, E., Arrestad, P.A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. – NINA Utredning 029: 1-172.
- Frisvoll, A.A. & Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førerelsels faktaark. Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Håland, B. 1979. Terrestre undersøkingar på Storemyr, Mongstad. Ei myr på ytre Vestlandet med dvergbjørk. – Rapport, Norges Almenntivenskapelige Forskningsråd. 86 s + kart.
- Kaland, P.E. 1979. Landskapsutvikling og bosettingshistorie i Nordhordlands lyngheiområde. I: Fladby, R. & Sandnes, J. (red.): På leiting etter den eldste garden. Universitetsforlaget.
- Kaland, P.E. 1986. The Origin and Management of Norwegian Coastal Heaths as reflected to Pollen analysis. S. 19-37 i: Behre, K.E. (red.) Anthropogenic Indicators in Pollen Diagrams. Balkema, Rotterdam.
- Kvamme, M. 1982. En vegetasjonsgeografisk undersøkelse av kulturlandskapets utvikling på Lurekalven, Lindås, Hordaland. – Hovudfagsoppg. Univ. Bergen. 174 s.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. – Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Skogen, A. 1994. Flora og vegetasjonstilhøve i nedslagsfeltet til Eikangervassdraget i Lindås, Hordaland. - Stensil.
- Øvstedal, D.O. 1984. The vegetation of Lindås and Austrheim, western Norway. - Phytocoenologia 13: 323-449.
- Aarseth, I. 1976. Geologi. Lindåsprosjektet. Naturressursar i Nordhordland og Gulen. Stensil.

### SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERN POLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.


- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning

## AKTUELLE INTERNETTADRESSER


|  |  |
|--|--|
| Miljøverndepartementet                 | <a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>   |
| Direktoratet for naturforvaltning      | <a href="http://www.naturforvaltning.no">www.naturforvaltning.no</a>   |
| Fylkesmannen i Hordaland               | <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a>   |
| Miljøstatus i Norge                    | <a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>   |
| Naturbasen                             | <a href="http://www.dirnat.no/nbinnnsyn/">www.dirnat.no/nbinnnsyn/</a>   |
| Norsk Lavdatabase                      | <a href="http://www.toyen.uio.no/botanisk/lav">www.toyen.uio.no/botanisk/lav</a>   |
| Norsk Soppdatabase                     | <a href="http://www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm">www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm</a> |
| Norges Sommerfugler                    | <a href="http://www.toyen.uio.no/norlep">www.toyen.uio.no/norlep</a>   |
| Norsk Hekkefuglatlas                   | <a href="http://www.fugleatlas.no">www.fugleatlas.no</a>   |
| Norsk Ornitologisk forening            | <a href="http://www.folk.uio.no/csteel/nof">www.folk.uio.no/csteel/nof</a>   |
| Norsk Ornitologisk Forening, Hordaland | <a href="http://www.cyberbirding.uib.no/nof/start.php3">www.cyberbirding.uib.no/nof/start.php3</a>                       |
| Norsk Soppforening                     | <a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nsf/">www.nhm.uio.no/botanisk/nsf/</a>   |
| Norsk Zoologisk forening               | <a href="http://www.zoologi.no">www.zoologi.no</a>   |
| Norsk Botanisk Forening Vestlandsavd.  | <a href="http://www.uib.no/bot/nbfv">www.uib.no/bot/nbfv</a>   |
| Norsk Botanisk Forening                | <a href="http://www.toyen.uio.no/botanisk/nbf/">www.toyen.uio.no/botanisk/nbf/</a>                                       |
| Norsk Entomologisk Forening            | <a href="http://www.entomologi.no">www.entomologi.no</a>   |
| Siste Sjanse                           | <a href="http://www.sistesjanse.no">www.sistesjanse.no</a>   |

# **Kart og faktaark**












Lindås kommune

## Kart 2b. Naturtypar

- Store, gamle tre





**Tabell 5.** Kartlagte naturtypelokalitetar i Lindås (117 objekt).

| Lokalitet | Namn                | Naturtype  | Areal (da) | Verdi |
|-----------|---------------------|--|------------|-------|
| 1         | Ytre Fosse          | Slåtteeng (D01)  | 1,0        | B     |
| 2         | Indre Fosse         | Slåtteeng (D01)  | 1,6        | B     |
| 3         | Nordre Askeland     | Slåtteeng (D01)  | 1,1        | B     |
| 4         | Nepstad             | Slåtteeng (D01)  | 14,9       | B     |
| 5         | Alver               | Slåtteeng (D01)  | 4,4        | A     |
| 6         | Isdal               | Slåtteeng (D01)  | 1,0        | C     |
| 7         | Kjenes              | Slåtteeng (D01)  | 6,9        | B     |
| 8         | Kongsøyna           | Naturbeitemark (D04)   | 43,2       | C     |
| 10        | Storset             | Rik edellauvskog (F01), Hagemark (D05)                           | 208,4      | A     |
| 11        | Kopperdalen         | Skogsbeite (D06)   | 127,1      | C     |
| 12        | Skotsund            | Skogsbeite (D06)   | 74,2       | C     |
| 13        | Kjenes              | Hagemark (D05), Skogsbeite (D06)                                 | 31,0       | C     |
| 14        | Marås               | Skogsbeite (D06)   | 12,6       | C     |
| 15        | Lygra og Lurekalven | Kystlynghei (D07)  | 1567,3     | A     |
| 16        | Tyborgøyna          | Kystlynghei (D07)  | 397,1      | C     |
| 17        | Isdal               | Fuktenger (D09)  | 6,6        | B     |
| 21        | Feste               | Gammal lauvskog (F07)  | 1,0        | C     |
| 22        | Isdal               | Hagemark (D05)   | 1,9        | C     |
| 23        | Liavatnet           | Rike kulturlandskapssjøar (E08)                                  | 7,6        | B     |
| 24        | Fammestadtjønna     | Rike kulturlandskapssjøar (E08)                                  | 90,2       | C     |
| 25        | Gjervik             | Rik edellauvskog (F01)   | 81,7       | A     |
| 26        | Kvamsvågen          | Rik edellauvskog (F01)   | 14,9       | A     |
| 27        | Mundalsberget       | Rik edellauvskog (F01), Rasmork (B01)                            | 321,6      | A     |
| 28        | Sævrås              | Andre viktige førekommstar (H00): Brunburkne                     | 1,0        | A     |
| 29        | Kringslia           | Rik edellauvskog (F01)   | 20,8       | B     |
| 30        | Kjenes              | Rik edellauvskog (F01)   | 2,7        | B     |
| 31        | Marås               | Rik edellauvskog (F01)   | 29,2       | B     |
| 32        | Skaret              | Rik edellauvskog (F01)   | 66,7       | A     |
| 33        | Elsås               | Rik edellauvskog (F01)   | 33,8       | A     |
| 35        | Grøtveit            | Rik edellauvskog (F01)   | 15,3       | B     |
| 36        | Struten             | Rik edellauvskog (F01)   | 5,6        | C     |
| 37        | Gjervikbrua         | Rik edellauvskog (F01)   | 8,5        | B     |
| 38        | Innegardsdalen      | Rik edellauvskog (F01)   | 11,5       | B     |
| 39        | Kopperdalen         | Rik edellauvskog (F01)   | 15,9       | C     |
| 40        | Grimstad            | Rik edellauvskog (F01)   | 76,7       | A     |
| 41        | Fisketangen         | Strandeng og strandsump (G05)                                    | 0,4        | C     |
| 42        | Kvamme              | Hagemark (D05)   | 4,5        | A     |
| 43        | Heltveit            | Gråor-heggeskog (F05)  | 7,8        | A     |
| 44        | Ytre Fosse          | Hagemark (D05)   | 6,2        | C     |
| 45        | Askeland            | Hagemark (D05)   | 2,4        | C     |
| 46        | Vollom - Skaret     | Gammal edellauvskog (F02)  | 109,0      | B     |
| 47        | Askvik              | Hagemark (D05)   | 21,4       | B     |
| 48        | -                   | Lokaliteten er teken ut  |            |       |
| 49        | Skotsund            | Slåtteeng (D01)  | 1,9        | C     |
| 50        | Bergfjord           | Rik edellauvskog (F01)   | 7,0        | B     |
| 51        | Toftingakrysset     | Rik edellauvskog (F01)   | 15,1       | B     |
| 52        | Vassel              | Rik edellauvskog (F01)   | 17,5       | B     |
| 53        | Vassel              | Rik edellauvskog (F01)   | 23,8       | B     |
| 54        | Åsgård              | Hagemark (D05)   | 58,9       | B     |
| 55        | Eikangerpollen      | Brakkvasspollar (G08)  | 252,6      | B     |
| 56        | Liavatnet           | Gråor-heggeskog (F05)  | 8,2        | C     |
| 57        | Romarheim           | Gråor-heggeskog (F05)  | 29,5       | C     |
| 58        | Vetle-Urdal         | Gammal edellauvskog (F02)  | 38,6       | C     |
| 59        | Eknes               | Hagemark (D05)   | 5,0        | C     |
| 60        | Eknes               | Hagemark (D05)   | 4,2        | C     |
| 61        | Nesbø               | Gråor-heggeskog (F05)  | 47,8       | C     |
| 62        | Øverås              | Slåtteeng (D01), Hagemark (D05)                                  | 23,6       | B     |
| 63        | Askvik              | Slåtteeng (D01)  | 2,8        | B     |
| 64        | Lindhøyen           | Småbiotopar (D11), Store gamle tre (D12), Gml edellauvskog (F02) | 1,3        | C     |
| 65        | Øykjebeitet         | Skogsbeite (D06)   | 246,7      | C     |
| 66        | Åsebø               | Slåtteeng (D01)  | 0,1        | C     |

**Tabell 5.** Forts.

| Lokalitet | Namn          | Naturtype   | Areal (da) | Verdi |
|-----------|---------------|---|------------|-------|
| 67        | Ytre Fosse    | Slåtteeng (D01)                                   | 3,4        | C     |
| 68        | Ytre Fosse    | Artsrike vegkantar (D03)                          | 0,5        | C     |
| 69        | Langholmen    | Kalkrike strandberg (G09)                         | 9,0        | B     |
| 70        | Isdal         | Slåtteeng (D01)                                   | 5,0        | C     |
| 71        | Elsås         | Slåtteeng (D01)                                   | 2,8        | C     |
| 72        | Elsås         | Hagemark (D05)                                    | 7,8        | C     |
| 73        | Alversund     | Slåtteeng (D01)                                   | 1,7        | C     |
| 74        | Hope          | Slåtteeng (D01)                                   | 2,7        | C     |
| 75        | Langura       | Rik edellauvskog (F01)                            | 14,2       | B     |
| 76        | Hope-Risa     | Kystlynghei (D07), Intakt låglandsmyr (A01)       | 4315,3     | C     |
| 77        | Otterås       | Slåtteeng (D01)                                   | 6,8        | C     |
| 78        | Heltveit      | Rik edellauvskog (F01), Gammal edellauvskog (F02) | 160,3      | A     |
| 79        | Kvommobotn    | Gråor-heggeskog (F05)                             | 11,9       | C     |
| 80        | Myking kai    | Rik edellauvskog (F01)                            | 15,2       | A     |
| 81        | Hodnekvam     | Rik edellauvskog (F01)                            | 39,8       | B     |
| 82        | Fjellanger    | Hagemark (D05)                                    | 3,4        | B     |
| 83        | Fjellanger    | Hagemark (D05)                                    | 1,0        | C     |
| 84        | Fjellanger    | Hagemark (D05)                                    | 0,1        | C     |
| 85        | Fjellanger    | Hagemark (D05)                                    | 3,6        | C     |
| 86        | Votno I       | Hagemark (D05)                                    | 5,5        | C     |
| 87        | Votno II      | Hagemark (D05)                                    | 2,4        | C     |
| 88        | Fiskesetelva  | Viktige bekdedrag (E05)                           | 10,8       | C     |
| 89        | Veland        | Slåtteeng (D01)                                   | 0,4        | C     |
| 90        | Øvre Kvamme   | Hagemark (D05)                                    | 13,8       | C     |
| 91        | Øvre Kvamme   | Hagemark (D05)                                    | 6,3        | C     |
| 92        | Rydlandsvêgen | Strandeng og strandsump (G05)                     | 0,3        | C     |
| 93        | Rødland       | Hagemark (D05)                                    | 4,4        | C     |
| 94        | Vabøneset     | Gammal lauvskog (F07)                             | 13,2       | A     |
| 95        | Baståsen      | Kystfuruskog (F12)                                | 1035,8     | B     |
| 96        | Gjerdjellet   | Kystfuruskog (F12)                                | 1360,0     | B     |
| 97        | Eikangervåg   | Strandeng og strandsump (G05)                     | 7,8        | C     |
| 98        | Kvalvågen     | Undervasseng (G02)                                | 0,9        | C     |
| 99        | Gjerdstraumen | Grunne straumar (G01)                             | 2,1        | C     |
| 100       | Heltveit      | Rikare sumpskog (F06)                             | 0,8        | C     |
| 101       | Kvamme        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 102       | Kvamme        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 103       | Solli         | Store gamle tre (D12)                             | -          | B     |
| 104       | Solli         | Store gamle tre (D12)                             | -          | B     |
| 105       | Storsetvegen  | Store gamle tre (D12)                             | -          | B     |
| 106       | Åsgard        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 107       | Åsgard        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 108       | Askvik        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 109       | Askvik        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 110       | Ostereidet    | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 111       | Ostereidet    | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 112       | Gjerdjellet   | Store gamle tre (D12)                             | -          | B     |
| 113       | Vabø          | Store gamle tre (D12)                             | -          | B     |
| 114       | Tveiten       | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 115       | Tveiten       | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 116       | Kvamme        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 117       | Rydlad        | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 118       | Indre Fosse   | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 119       | Indre Fosse   | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 120       | Ytre Fosse    | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 121       | Spurkeland    | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 122       | Kleivdal      | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |
| 123       | Innluro       | Store gamle tre (D12)                             | -          | C     |

## Lokalitet 1 Ytre Fosse

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Slåtteeng (D01)

**Areal** 1 da  
**Verdi** B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg like ved vegen på Ytre Fosse, i eit område med eit velutvikla kulturlandskap. Enga er relativt flat med nokre små knausar, og det er noko fuktigare i søkka i terrenget. Overflata er elles jamn og utan tuer. Berggrunnen gir ikkje grunnlag for noko rikt jordsmonn, og marka er næringsfattig med trivielle artar. Enga har ei tørr utforming med mykje jordnøtt og gulaks og flekkvis noko krattlodnegras. Det ser ikkje ut til å ha vore beita på forsommaren. Enga skal ikkje ha vore gjødsla på meir enn 30 år, men har blitt slått og halde i hevd.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, ryllik *Achillea millefolium*, engsyre *Rumex acetosa*, englodnegras *Holcus lanatus*, raudkløver *Trifolium pratense*, solvunke *Deschampsia cespitosa*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, kvitveis *Anemone nemorosa*

### Kjelder

Kåre Fosse

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 14.06.2002

## Lokalitet 2 Indre Fosse

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Slåtteeng (D01)

**Areal** 1,6 da  
**Verdi** B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt slåtteeng som ligg godt i ly for kalde vindar frå nord og aust. Berggrunnen er lite næringsrik. Enga skrånar lett ned mot vegen til Litleskare/Vollom, og er godt drenert, utan fuktige parti. Overflata er jamn og utan tuer. Enga skal ikkje ha blitt gjødsla på mange år, men har blitt slått jamnleg. Enga er grasdominert, hovudsakeleg gulaks, men det finst mykje ryllik, ein god del prestekrage og noko englodnegras. Elles veks det flekkvis mykje firkantperikum, kystmaure, og noko jordnøtt. Enga ligg i eit kulturlandskap som tradisjonelt har blitt halde fint i hevd. I dag grensar enga mot veg og boligareal.

### Karakteristiske artar

Gulaks *Anthoxanthum odoratum*, ryllik *Achillea millefolium*, prestekrage *Leucanthemum vulgare*, englodnegras *Holcus lanatus*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, kystmaure *Galium saxatile*, jordnøtt *Conopodium majus*, kystgrisøyre *Hypochoeris radicata*, følblom *Leontodon autumnalis*, raudsvingel *Festuca rubra*, hundegras *Dactylis glomerata*, tepperot *Potentilla erecta*, engsyre *Rumex acetosa*, engsoleie *Ranunculus acris*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kvitveis *Anemone nemorosa*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, dunhavre *Avenula pubescens*

### Kjelder

Svein Harald Eriksen

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 14.06.2002

## Lokalitet 3 Nordre Askeland

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Slåtteeng (D01)

**Areal** 1,1 da  
**Verdi** B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt, skrånande eng, som ligg lunt til. Enga skal ha vore lite gjødsla eller u gjødsla i lengre tid. Enga ser ikkje ut til å vere av den tørre utforminga, men meir frisk-fattigeng med stadvis ein del jordnøtt og gulaks.

### Karakteristiske artar

Engsoleie *Ranunculus acris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum ssp.odoratum*, engrapp *Poa pratensis coll.*, jordnøtt *Conopodium majus*, engsyre *Rumex acetosa*, engkarse *Cardamine pratensis*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, Skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, krypsoleie *Ranunculus repens*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, engfrytle *Luzula multiflora*, krattlodnegras *Holcus mollis*, engkarse *Cardamine pratensis*, raudjonsokblom *Silene dioica*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*

### Kjelder

Sigmund Åsgård

**Registrert av** M.A. Bysveen / Sigmund Åsgård

**Dato** 02.06.2003

## Lokalitet 4 Nepstad

|           |                 |       |            |
|-----------|-----------------|-------|------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap  | Areal | 15 da      |
| Undertype | Slåtteeng (D01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Slåtteenga ligg austvendt til, og skal ikkje ha vore gjødsla på 30 år. Enga har ikkje vore beita, men blir slått kvart år. Enga var nyslått under registreringane, men nokre artar vart likevel registrerte. Det ser m.a. ut til å vere mykje jordnøtt her.

#### Karakteristiske artar

Englodnegras *Holcus lanatus*, jordnøtt *Conopodium majus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, engsyre *Rumex acetosa*, engsmelle *Silene vulgaris*, marikåpe *Alchemilla sp.*, rylik *Achillea millefolium*, raudkløver *Trifolium pratense*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, maure *Galium sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 15.06.2002

## Lokalitet 5 Alver

|           |                 |       |                  |
|-----------|-----------------|-------|------------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap  | Areal | 4,4 da           |
| Undertype | Slåtteeng (D01) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vestvendt slåtteeng ovanfor hovudvegen, sør aust for Alversund skule. Enga ligg lunt til, og den bratte skråninga gjer enga godt drenert. Berggrunnen gir ikkje grunnlag for nokon kravfull og rik engvegetasjon. Området var tidlegare utmark på Alver, før hovudvegen vart bygd og utbygginga i Alvermarka starta på 1960-talet. Enga har blitt lite gjødsla dei siste åra, og har ikkje vore beita. Enga har blitt slått kvart år, men i 2002 vart ikkje den brattaste og finaste delen av enga slått. Lokaliteten vart kraftig gylla i 2002.

Enga er dominert av ulike typar gras og engsyre, men flekkvis dominerer urter. I enkelte parti er det mykje prestekrage saman med blåklokke, følblom, engsoleie, smalkjempe, kystmaure, kystgrisøyre, vanleg arve, løvetann, grasstjerneblom, rylik og tepperot. I den brattaste bakken, lengst mot sør aust, er det mykje jordnøtt.

Lokaliteten har vore kjent for si rike prestekragebløming, og det har til tider vore mykje trakk i enga av folk som plukkar blomar.

#### Karakteristiske artar

Engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, englodnegras *Holcus lanatus*, hundegras *Dactylis glomerata*, engrapp *Poa pratensis coll.*, engsoleie *Ranunculus acris*, engsyre *Rumex acetosa*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, følblom *Lentodon autumnalis*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, raudkløver *Trifolium pratense*, jordnøtt *Conopodium majus*, grasstjerneblom *Stellaria graminea*, legeveronika *Veronica officinalis*, løvetann *Taraxacum*, prestekrage *Leucanthemum vulgare*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, krypsoleie *Ranunculus repens*, kvitkløver *Trifolium repens*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, kystmaure *Galium saxatile*, nyseryllik *Achillea ptarmica*, rylik *Achillea millefolium*, marikåpe *Alchemilla sp.*, dunhavre *Avenula pubescens*, timotei *Phleum pratense*, lyssiv *Juncus effusus*

#### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Gylling, overgjødsling / driftsendring / opphør av slått

#### Kjelder

Olav Alver

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 21.08.2002

## Lokalitet 6 Isdal

|           |                 |       |                 |
|-----------|-----------------|-------|-----------------|
| Hovedtype | Kulturlandskap  | Areal | 1 da            |
| Undertype | Slåtteeng (D01) | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Austvendt slåtteeng nesten inntil hovudvegen mot Mongstad. Det er bygd/oppjustert ein gardsveg gjennom enga.

Området sør for gardsvegen er såpass påverka av graving at denne delen er utelatt. Lokaliteten ligg i eit område med morene- og elveavsetningar som leire, silt og sand og grus. Det førekjem flekkvis mykje krattlodnegras, noko som tyder på at enga står i fare for å gro att. Elles er det mykje smyle og engsoleie. Nedst på lokaliteten vart det funne grov nattfiol (berre eitt individ). Enga har også innslag av artar frå tilgrensande område.

### Karakteristiske artar

Engsoleie *Ranunculus acris*, englodnegras *Holcus lanatus*, tepperot *Potentilla erecta*, kvitveis *Anemone nemorosa*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raudsvingel *Festuca rubra*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, ryllik *Achillea millefolium*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, marikåpe *Alchemilla sp.*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, timotei *Phleum pratense*, stjernestarr *Carex echinata*, dunhavre *Avenula pubescens*, kvitbladstistel *Cirsium helenioides*, krattlodnegras *Holcus mollis*, engsnelle *Equisetum pratense*, skogsnelle *Equisetum sylvaticum*, gullris *Solidago virgaurea*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.07.2002

## Lokalitet 7 Kjenes

Hovudtype Kulturlandskap

Areaal 7 da

Undertype Slåtteeng (D01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Kjenes ligg på ein nord-sørgåande rygg mellom Storavatnet i aust og Litlavatnet i vest. Det ligg to gardar oppå høgdedraget, og heile området rundt gardane er eit fint utvikla kulturlandskap. På den nordlege delen av ryggen og på vestsida ned mot Litlavatnet, ligg ei slåtteeng/beitemark som har vore lite gjødsla. Overflata er jamn og utan tuer. Enga grensar i vest mot ein brattkant med osp, hassel, hegg og rogn ned mot Litlavatnet. Enga har blitt slått regelmessig, men var ikkje slått ved synfaringa 23.08.2003. Det var ikke dyr på beite eller spor etter beiting. Det var mykje vissent gras, og det var nesten vanskeleg å plukke ut dominerande artar. På ei kort synfaring 01.06.2000, vart det registrert mykje gulaks og jordnøtt. I 2002 vart det registrert mykje englodnegras, ein del engkvein, hundegras, raudkløver og krattlodnegras. Slåtteenga har mange typiske artar frå jordnøttutforminga av frisk fattigeng.

### Karakteristiske artar

Engkvein *Agrostis capillaris*, kystmaure *Galium saxatile*, englodnegras *Holcus lanatus*, geitsvingel *Festuca vivipara*, jordnøtt *Conopodium majus*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, engsyre *Rumex acetosa*, ryllik *Acillea millefolium*, nyseryllik *Achillea ptarmica*, tepperot *Potentilla erecta*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, følblom *Leontodon autumnalis*, engsmelle *Silene vulgaris*, kvitkløver *Trifolium repens*, harestorr *Carex ovalis*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, blåknapp *Succisa pratensis*, beitesveve *Hieracium seksjon Vulgata*, småsyre *Rumex acetosella*, krattlodnegras *Holcus mollis*, sløke *Angelica sylvestris*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Opphør av drift/ driftsendring.

### Kjelder

Sigmund Åsgard

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 23.08.2003

## Lokalitet 8 Kongsoyna

Hovudtype Kulturlandskap

Areaal 43 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Kongsoyna er ei lita øy heilt sør i Alverstaumen, rett nord for bruva over til Radøy. Øya har vore brukt som sauebeite i fleire år, men vart ikkje beita før på ettersommaren i 2003. Det skal ikkje ha vore gjødsla eller gjort andre endringar i området. Øya har bratte kantar mot sjøen dei fleste stader. På vestsida står det nokre lauvtre ned mot sjøen. I nord er det ei lita, lun badevik som blir nytta av bygdefolk. Lokaliteten er ikkje synfart, berre sett på avstand frå bruva.

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 01.01.2002

## Lokalitet 10 Storset

|           |  |       |                  |
|-----------|--|-------|------------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap                                 | Areal | 208 da           |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) 70%, Hagemark (D05) 30% | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

I området rundt Storsetgardane (gnr. 231/1 og 2) er det utvikla ulike typer kulturlandskap. Sjølve husa ligg oppe ved brattkanten, og dei flataste areala ligg nord og aust for husa. Desse areala har truleg vore nytta til slåttemark, men er no mykje attgrodde. På vestsida er det ei svært bratt li som har vore nytta til beite/utmark. Lia er sørvestvendt og ligg gunstig til med omsyn til innstråling. I grensa mellom innmark og utmark finn ein mange styvingstre av ask. Det er mange styvingstre i utmarka, men dei har ikkje vore skjøtta på fleire år. Trea har ein fin kandellaberfasong, men greinene er for lange, og mange av trea står i fare for å dette over ende. Nokre tre har alt velta. Det er variasjon i diametern på greiene etter styving, noko som tyder på at enkelte tre har vore lengre nytta enn andre. Det er berre funne styvingstre av ask. Vidare nedover i lia ned mot Kvommobotn og Kvommo finn ein edellauvskog med hassel, ask, alm og lind. Lengre frå gardane er det færre styvingstre, og dei ”naturlege” vegetasjonstypane kjem tydelegare fram. Gamle, styva edellauvtre er viktige veksestader for sopp, lav og mosar, men floraen på trea i dette området er ikkje nærmare undersøkt. I lia nedafor innmarka er det eit velutvikla tresjikt og feltsjikt (mykje gras), men lite busksjikt. I enkelte mindre tilgjengelege delar av lia er det meir busker og ugjennomtrengeleg busksjikt. Her er det ein del blokkmark. Berggrunnen gir ikkje grunnlag for noko rikt jordsmonn, men gunstig eksposisjon gjer at ein likevel finn varmekjære og litt meir krevjande artar som alm, lind, firblad, myske og ramslauk. Jordsmonnet varierer frå litt fuktige område med sigevatn til tørrare parti. Lia blir beita lett. Drifta i området skal ha opphøyrt på 1960-talet.

Rett aust for husa i Kvommobotn er det nokre kjempestore, styva almer. Den eine er til dels hol, og står i fare for å falle overende i det bratte terrenget.

### Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, alm *Ulmus glabra*, lind *Tilia cordata*, trollhegg *Frangula alnus*, krossved *Viburnum opulus*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, hundegras *Dactylis glomerata*, kvitveis *Anemone nemorosa*, firblad *Paris quadrifolia*, ramsløk *Allium ursinum*, myske *Galium odoratum*, jordnøtt *Conopodium majus*, junkerbregne *Polyisticum braunii*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, blåknapp *Succisa pratensis*, kratthumleblom *Geum urbanum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, enghumleblom *Geum rivale*, vikke *Vicia sp.*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, stornesle *Urtica dioica*, maigull *Chrysosplenium alternifolium*, myrtistel *Cirsium palustre*, kvassdå *Galeopsis tetrahit*, vrangdå *Galeopsis bifida*, stornesle *Urtica dioica*, krypsoleie *Ranunculus repens*, telg *Dryopteris sp.*, engsoleie *Ranunculus acris*, marikåpe *Alchemilla sp.*, rød jonsokblom *Silene dioica*, vårkål *Ranunculus ficaria*, engkvein *Agrostis capillaris*, englodnegras *Holcus lanatus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*

### Aktuelle forvaltingstiltak

For å oppretthalde og evt. restaurere ein del av styvingstrea bør det utarbeidast ein skjøtselsplan i samarbeid med grunneigarane.

### Kjelder

Landbrukskontoret i Lindås kommune

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 23.10.2001

## Lokalitet 11 Kopperdalen

|           |                  |       |                 |
|-----------|------------------|-------|-----------------|
| Hovudtype | Kulturlandsskap  | Areal | 127 da          |
| Undertype | Skogsbeite (D06) | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg austvendt ned mot Fiskesetelva, og omfattar også ei vestvendt skråning opp mot husa. Det blir tatt ut noko ved frå år til år og i dei midtre partia har det blitt rydda. Beitet har vore brukt i mange år. Ifølgje landbrukskontoret er det klassifisert som innmarksbeite, men det har ikkje blitt gjødsla eller stelt, bortsett frå litt vedhogst. Den austvendte delen av området er ikkje nærmare synfart.

På den øvste delen av beitet mot Hjelmtveit er det nesten berre bjørk i tresjiktet. Nedanfor det opne partiet er det mykje or i bjørkeskogen, og elles litt blanding av hassel, furu, osp og rogn. I den vestvende delen frå elva og opp mot husa, er det tette hasselkratt med mykje kusymre. Arealet er godt beita, og busksjiktet er lite utvikla. Jorda er noko nedtrampa, og steinete med blottlagt jord. Det er tydeleg brunjord som er feit og glatt. Det skal tidlegare ha vore svært mykje kusymre i hasselkratta her (den forrige eigaren laga bukettar av kusymre og selde dei på torget i byen).

### Karakteristiske artar

Bjørk *Betula pubescens*, hassel *Corylus avellana*, furu *Pinus sylvestris*, rogn *Sorbus aucuparia*, osp *Populus tremula*, svartor *Alnus glutinosa* I hasselkratta:

Kusymre *Primula vulgaris*, lundrapp *Poa nemoralis*, jordnøtt *Conopodium majus*, kvitveis *Anemone nemorosa*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*,, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, bjønnkam *Blechnum spicant*, tepperot *Potentilla erecta*, hengjeveng *Phegopteris connectilis*

**Kjelder**

Landbrukskontoret i Lindås, Kjell Langesæther (grunneigar), Reidun Langesæther (grunneigar)

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 16.09.2002

**Lokalitet 12 Skotsund**

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 74 da

**Undertype** Skogsbeite (D06)

**Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bjørkedominert skogsbeite som grensar mot sjøen ved Toftingesundet i nord, og mot eit ope, gjødsla beite i sør.

Skogsbeite blir ikkje gjødsla. Området har vore i bruk som beite i fleire tiår, men ser ut til å bli beita lett. Den sørlegaste delen av bjørkeskogen synest å vere eldst, alderen på trea her kan vere 40-50 år. Det er mykje store, fine kjuker på trea. Skogen kan karakteriserast som blåbærbjørkeskog, med ein del bregner og frytler. Det finst opne parti med mykje smyle og hårfrytle. Busksjiktet har litt oppslag av einer, bjørk og rogn. Det finst også nokre fuktigare parti med torvemosar, bjørnemosar og torvull. Rundt ei hytte i området er det rydda for tre, her har det blitt meir gras enn lyng i feltsjiktet. Skogen i den nordlegaste delen av området, ned mot sjøen, ser ut til å vere noko yngre, men det skal ikkje ha blitt hogd i området. Denne delen av området er noko myrlendt, og det har vore tatt ut torv her. Ein sti skil den eldre skogen i sør fra den yngre skogen i nord.

**Karakteristiske artar**

Bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, krekling *Empetrum nigrum* spp. *nigrum*, røsslyng *Calluna vulgaris*, pors *Myrica gale*, kvitveis *Anemone nemorosa*, smyle *Deschampsia flexuosa*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, hårfrytle *Luzula pilosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, kystmaure *Galium saxatile*, maiblom *Maianthemum bifolium*, skogstjerne *Trientalis europaea*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, torvull *Eriophorum vaginatum*, bjønnkam *Blechnum spicant*

**Kjelder**

Liv Feste, Karl Feste

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 13.05.2003

**Lokalitet 13 Kjenes**

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 31 da

**Undertype** Hagemark (D05), Skogsbeite (D06)

**Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten er ei blanding av hagemark og skogsbeite, men inneholder ikkje styvingstre. Arealet omfattar eit område på begge sider av vegen frå parkeringsplassen mot første jordkjellaren på austsida av vegen. Nordover langs vegen er det ein frodig kant av ulike lauvtre som t.d. eik og hassel. Her er det tydeleg beita, og på dei flatesta partia, oppe på ryggen på austsida av vegen, er busksjiktet halde nede. Her er det hasselkratt, svartor, ein del store eiker, bjørk og einer med tilnærma søyleform. Området ber tydeleg preg av beiting (sau). Lengre sør, like ved parkeringsplassen, veks det 4-5 store og nokre småtre av lind saman med eit lite hasselkratt. Kronetaket er tett, og ei stor lind har falle overende. Det er registrert t.d. skogsvinerot, jordnøtt, sølvbunke og gaukesyre i feltsjiktet ved lindetre. I feltsjiktet veks det elles mykje gras og urter, og busksjiktet er til dels halde nede ved beiting. Området er ein del av eit visuelt tiltalande kulturlandskap.

**Karakteristiske artar**

Eik *Quercus robur*, bjørk *Betula pubescens*, osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, svartor *Alnus glutinosa*, lind *Tilia cordata*, einer *Juniperus communis*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, jordnøtt *Conopodium majus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, kvitveis *Anemone nemorosa*

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 23.08.2002

## Lokalitet 14 Marås

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Skogsbeite (D06)

Areal 13 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Liten eikehaug som blir nytta som beitemark. Lokaliteten omfatter ein vestleg del som har vorte rydda, og ein austleg del som ikkje er rydda enno (denne skal ryddast). Vest, nord og austsida av haugen er nokså bratt. Lokaliteten er ikkje så stor, men den er velskjøtta og fint utforma. Den blir bruk til kalvebeite, og skal ha vore beita i generasjonar. Lokaliteten har ikkje blitt gylla, og kvart år blir lauvet fjerna frå bakken (eikelauvet er tungt nedbrytbart, og det hindrar grasvekst dersom det blir liggjande).

Tidleg på 1950-talet vart dei største trea tekne ut. Tresjiktet er ope og lett med ein del gamle eiketre, og det finst nesten ikkje noko busksjikt. Feltsjiktet er fint utvikla i form av eit tett grasdekke. Lengst i vest, langs brattkanten, er det hassel og noko ask. På den austlege delen er det store eiker, noko bjørk, einerkrott, og mykje oppslag av bjørk og selje.

### Karakteristiske artar

Eik *Qercus robur*, hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, engkvein *Agrostis capillaris*, sòlvbunke *Deschampsia cespitosa*, blåtopp *Molinia caerulea*, englodnegras *Holcus lanatus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, tunrapp *Poa annua*, krattlodnegras *Holcus mollis*, hundegras *Dactylis glomerata*, lyssiv *Juncus effusus*, jordnott *Conopodium majus*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, tveskjeggeronika *Veronica chamaedrys*, engsyre *Rumex acetosa*, engsoleie *Ranunculus acris*, kystmaure *Galium saxatile*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, høymol *Rumex sp.*, raud jonsokblom *Silene dioica*, vanleg småsyre *Rumex acetosella*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, revebjolle *Digitalis purpurea*, vassarve *Stellaria media*

### Kjelder

Anders Gjerstad

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 31.10.2001

## Lokalitet 15 Lygra og Lurekalven

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Kystlynghei (D07)

Areal 1567 da  
Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Området er registrert som eit særleg verneverdig kulturlandskap (Fremstad m.fl. 1991), og består av øya Lurekalven og nordlege del av øya Lygra.

Berggrunnen består av omdanna bergartar av prekambriske alder. På Lurekalven er mangeritt den dominante bergarten. Den er biotithaldig og forvitrar lett, særleg på austsida av øya. Lygra er oppbygd av fattigare gneis. Relieffet i området er lavt, med høgaste topp på 54 m o.h. Lurekalven er delt i to av eit djupt dalsøkk. Her ligg to vatn, Søndre og Nordre Kalvsvatn som er skilt frå kvarandre av eit sumpområde. Området vest for vatna er sterkt kupert med lange, nordvestgående ryggar og steile skråningar. Austsida er flatare med meir lausmassar. Mykje av jordsmonnet på øya er forvitningsjord og gir gode vekstforhold for plantane. Lygra er flatare og saman med den hardare berggrunnen gir dette dårlegare dreneringsforhold. Her består lausmassane for det meste av torv.

Det er registrert 197 karplanteartar på Lurekalven, medan artsdiversiteten på Lygra er vesentleg lavare. Fleire av artane er varme- og næringskrevjande, t.d. lind, hassel, sanikel og kusymre. Det høge talet på artar kjem òg av høg diversitet i vegetasjonstypar. Olavstake og åkermåne er plantegeografisk interessante førekomstar.

Størstedelen av arealet er potensiell lynghei. Tørr lynghei finst først og fremst på Lurekalven i sør- og vestvendte bakkar, på knausar og ryggar og på flater med godt drenert forvitningsjord. Tørrheia er ei artsrik utforming av røsslyngtypen, fullstendig dominert av røsslyng og med innslag av bærlyngartar og klokkeling. Urtefloraen varierer sterkt etter kva stadio lyngheia er i. På nyleg brente området er triftunge, tepperot, kattefot og heiblåfjør svært framtredande. Purpurlyng er ikkje registrert i området, som truleg ligg for langt aust for denne sterkt oseaniske og varmekjære arten.

Fuktig lynghei finst særleg i flatt og noko skrånande terreng, på middels fuktig torvgrunn. Både røsslyng-blåtopptype og røsslyng-duskull-heisivtype er registrert. Lygra har mest fuktige lyngheiutformingar. I skogsprega vegetasjon, særleg i ugunstige eksposisjonar, er røsslyng-bjønnkamhei ein karakteristisk vegetasjonstype.

Alle stadio i lyngheisyklusen er representert, frå artsrike pioneerstadio etter nyleg brenning til degenereringsfasar. Eldre lyngheimområde på vestsida av Lurekalven er prega av sterkt attgroing med tre, særleg furu, medan austsida har unge, friske lyngheimområde. Også i nore er det noko yngre lyngområde pga. naturlege brannar.

Andre vegetasjonstypar: På Lurekalven er det registrert ulike typar grashei, meir og mindre termofile lauvskogskratt, myr, vass- og sumpvegetasjon, samt havstrandvegetasjon.

Området har svært stor verdi på fylkesplan, stor på landsplan. Lyngheiane er særdeles godt utvikla, og sjølv om større delar av området held på å gro att, finst det knapt nokon betre eigna stad i Hordaland å gjenskape lynghei som eit kulturlandskap. I dag blir området dreve muséalt og det har blitt bygd eit lyngheisenter med demonstrasjonshus.

### **Forvaltingstiltak**

Skjøtselstiltak er sett i gang. Dei vestre delane av llynghiområdet på Lurekalven blir brent og rydda for skog, men samtidig er det viktig å la alle stadie i llynghesykklusen vere representert. Beitetrykket er også intesnivert. I ryddefasen er det viktig å ta vare på lauvskogskratta og andre vegetasjonstypar i området. På Lygra er drifta av llynghia knytt til det gamle gardsbruket, slik at dei ulike kulturpåverka landskapstypane frå gardstun til llynhei blir haldne i hevd.

### **Kjelder**

Kvamme (1982), Fremstad, Arrestad & Skogen (1991)

**Registrert av** Kvamme m.fl. **Dato** 1982

## **Lokalitet 16 Tyborgøy**

|                  |                  |              |                 |
|------------------|------------------|--------------|-----------------|
| <b>Hovudtype</b> | Kulturlandskap   | <b>Areal</b> | 397 da          |
| <b>Undertype</b> | Kystlynhei (D07) | <b>Verdi</b> | C - lokal verdi |

### **Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Tyborgøy har vore beita tidlegare, men har ikkje vore i bruk på nokre år. Arealet er no i ferd med å gro att, og dette vil halde fram dersom beitinga ikkje blir gjenopptatt. Det føreligg imidlertid planar om å gjenoppta beiting med sau. Utmarka på den austlege delen av Tyborgøy kan karakteriserast som llynhei med eit og anna furutre. Det er lite einer i området. Det er elles mykje berg i dagen. I det sørvestlege hjørnet av øya er det eit lite plantefelt med gran. Lokaliteten er ikkje synfart.

### **Kjelder**

Mikal Krossøy

**Registrert av** M.A. Bysveen **Dato** 15.06.2002

## **Lokalitet 17 Isdal**

|                  |                |              |            |
|------------------|----------------|--------------|------------|
| <b>Hovudtype</b> | Kulturlandskap | <b>Areal</b> | 6,6 da     |
| <b>Undertype</b> | Fukteng (D09)  | <b>Verdi</b> | B - viktig |

### **Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering**

Fukteng nordvest for Isdalvatnet. Området vart slått til inn på 1980-talet, men blir i dag beita av sau. Enga er tydeleg dominert av gras, starr og siv med ein del urter. Overflata er tuete, og enga er våt og tung å gå i.

Vatnet er i ferd med å gro att, og er omkransa av tildels myrlendte område. Dalføret frå Isdalstø og nordover er noko undersolt i dei vestlegaste delane, og dalbotnen verkar som ein kuldesjø. Det ligg noko morenemateriale i området, og dette kan gje grunnlag for noko meir kravfull vegetasjon.

### **Karakteristiske artar**

Myrtistel *Cirsium palustre*, bekkeblom *Caltha palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, engsoleie *Ranunculus acris*, minneblom *Myosotis sp.*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, englodnegras *Holcus lanatus*, slåttestarr *Carex nigra*, harestarr *Carex ovalis*, flaskestarr *Carex rostrata*, myrhatt *Potentilla palustris*, raudsvingel *Festuca rubra*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, duskull *Eriophorum angustifolium*

### **Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål**

Attgroing

### **Kjelder**

Kjersti Isdal

**Registrert av** M.A. Bysveen **Dato** 02.07.2002

## Lokalitet 21 Feste

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Gammal lauvskog (D07)

**Areal** 1 da  
**Verdi** C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ospebestand av varierande alder, men med ein del ganske gamle tre. Ospeklynga ligg i ei sørvestvendt skråning ned mot Træsvatnet. Lokaliteten ligg lunt til i ein liten botn. Dei eldste trea er minst 60-70 år gamle. På 1940-talet vart områdebruken endra frå slåttemark til kulturbete, men ospene står i ei lita ur som truleg har fått stå i fred. Fleire typiske lauvskogsartar er registrert på lokaliteten eller like i kanten.

Gammal osp kan gi grunnlag for såkalla rikbarkssamfunn, med fleire artar av sopp mosar og lav, og kan dessutan vere viktig reirtre for spettar, særleg gråspett.

### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hundegras *Dactylis glomerata*, raud jonsokblom *Silene dioica*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, jordnøtt *Conopodium majus*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, skogvikke *Vicia sylvatica*

### Kjelder

Karl Feste

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 15.10.2002

## Lokalitet 22 Isdal

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Hagemark (D05)

**Areal** 2 da  
**Verdi** C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ospeholt som ser ut til å vere beita. Trea har ulik alder og storleik. I bestandet finst ei og anna eik, hassel, og noko rogn og platanlønn. Busksjiktet er svakt utvikla, mest sannsynleg som eit resultat av beiting. Feltsjiktet er grasdominert med mykje sølvbunke og med blåtopp i fuktigare søkk. Elles vart det registrert småsyre, engkvein, gulaks og gaukesyre. Lokaliteten er delvis omgitt av eng og noko skog.

### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, blåtopp *Molinia caerulea*, småsyre *Rumex acetosella*, engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.09.2002

## Lokalitet 23 Liavatnet

**Hovudtype** Ferskvann/våtmark  
**Undertype** Rike kulturlandskapssjøer (E08)

**Areal** 7,6 da  
**Verdi** B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Liavatnet i Eikangervassdraget ligg i eit kulturlandskapsområde, og store delar av vatnet grensar til beitemark.

Berggrunnen i nedslagsfeltet inneheld stadvis lettforvitrande bergartar, noko som i tillegg til avrenning frå landbruksområda, har ein positiv innverknad på næringstilgangen i vatnet.

I nordenden av Liavatnet ligg det ein fint utvikla takrøyrbestand som er høgvokst og kraftig. Området er ca. 250m langt og vel 50 m på det breiaste. Takrør er totalt dominante, og det er berre nokre få andre artar som gulldusk, bekkeblom og flaskestarr i området. Rett inntil takrørysmpen, på nordsida, vart det registrert m.a. skjoldbærar, myrfiol, smyle og hengeveng, samt mykje vasshår, elvesnelle og elvemos i bekken. På stader med litt rolegare vatn er det også flotgras i bekken. Vidare utover vassflata er det mykje flytebladplantar som vanleg tjønnaks og gul nøkkerose. Elles er det parti med flytebladsplantar fleire andre stader rundt vatnet. På enkelte stader langs vasskanten veks det sverdlilje i frodige bestandar. Aust for lokaliteten veks det ein del svartor.

### Registrerte raudlisteartar

Vannrikse *Rallus aquaticus* (DC)

### Karakteristiske artar

Takrør *Phragmites australis*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, gulldusk *Lysimachia thyrsiflora*, flaskestarr *Carex rostrata*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, bekkeblom *Caltha palustris*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, flotgras *Sparganium angustifolium*, vasshår *Callitriches sp.*, skjoldbærer *Scutellaria galericulata*, myrfiol *Viola palustris*, mannasøtegras *Glyceria fluitans*, krypsoleie *Ranunculus repens*, myrmaure *Galium palustre*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*

Karakteristiske fugleartar: Vannrikse *Rallus aquaticus*, sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 14.05.2002

## Lokalitet 24 Fammestadtjønna

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 90 da

Undertype Rike kulturlandskapssjør (E08)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Fammestadtjønna ligg i eit kulturlandskap i aktiv drift. Rundt delar av tjønna er det beiteområde og eng, særleg i nord og aust. I vest og sør er det lauvskog. Strandrøyar dannar eit breitt belte langs tjønna på dei to opne sidene. I det høge strandrøyrbeltet og litt innover fastmarka er det ein del mjødurt, grøftesoleie, ein god del selsnepe og åkersvinerot. Elles dannar åkersvinerota store bestandar ut mot vassflata. I den sørlege enden stikk ei tresett halvøy ut i vatnet. Rundt denne er det myrområde, og ein del flytebladplanter i nord og aust på denne halvøya.

### Karakteristiske artar

Strandrøyar *Phalaris arundinacea*, selsnepe *Cicuta virosa*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, åkersvinerot *Stachys palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, ulike flytebladplantar

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 18.09.2001

## Lokalitet 25 Gjervik

Hovudtype Skog

Areal 82 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Område med rik edellauvskog som strekker seg frå Gjervikkaien i vest til litt forbi Grøtteveitstøi i aust. Gunstig eksposisjon. Skråninga er til dels stupbratt ned mot sjøen.

Området er dominert av ein lågurt eikeskog med innslag av andre treslag som t.d. ask, hassel, selje, bjørk og lind. Eikeskogen strekker seg enkelte stader nord for hovudvegen, der ein finn små klynger med eik som nok naturleg høyrer saman med det store bestandet. Den einaste kjende førekomensten i Lindås av raudlistearten kvit skogfrue er registrert i dette området. Denne førekomensten blir undersøkt årleg og det føreligg såleis data gjennom ei heil årrekke (Bjørn Moe pers. medd.). I eikeskogen er det ein del oppslag av små eik, hassel og einer i busksjiktet. Busksjiktet er i utvikling etter at området ikkje lenger blir beita. Før hovudvegen gjennom Gjervik vart bygd, vart området heilt ned til sjøen brukt som beite (Arne Nepstad pers. medd.). Ettersom terrenget er så bratt, er det også liten eller ingen ferdsel i området. Vegetasjonstypen er ikkje spesielt rik, og det er innslag av m.a. blåbær. Det spesielle for lokaliteten er storleiken av eikeskogen, førekomst av ein sjeldan, raudlista planteart. I Lindås finn ein dessutan sjeldan såpass homogene bestandar av eik.

### Registrerte raudlisteartar

Kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia*

### Karakteristiske artar

Tresjikt: Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, lind *Tilia cordata*, selje *Salix caprea*, bjørk *Betula pubescens*

Busksjikt: Eik *Quercus robur juv.*, einer *Juniperus communis*

Feltsjikt: Kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia*, jordnøtt *Conopodium majus*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, stortveblad *Listera ovata*, skogvikke *Vicia sylvatica*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, krattlodnegras *Holcus mollis*, lundrapp *Poa nemoralis*, blåknapp *Succisa pratensis*, liljekonvall *Convallaria majalis*, vivendel *Lonicera periclymenum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, kvitbladtistel *Cirsium helenioides*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, hundegras *Dactylis glomerata*

### Kjelder

Bjørn Moe, Arne Nepstad

Registrert av M.A. Bysveen / Bjørn Moe

Dato 03.07.2002

## Lokalitet 26 Kvamsvågen

|           |                        |       |                  |
|-----------|------------------------|-------|------------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 15 da            |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvend edellauvskog, som ligg lunt til på austsida av Kvamsvågen. Lia er i hovudsak avgrensa av sjøen i vest og vegen i aust. Bergrunnen gir ikkje grunnlag for utprega næringskrevjande artar, men den gunstige eksposisjonen gjer at ein likevel finn edellauvskogsartar her. Skogen er ein blandingsskog med hassel, lind, alm, ask og bjørk, med osp på tørrare nabbar. Hassel dominerer. Den rikaste delen av skogen ser ut til å vere i bratta ned mot stien. Lengst nord i området er det mykje vivendel oppover trestammene og noko daud ved. Det er fleire lindetre med rotskot i området og eit stort individ med mange utløparar. Det er òg ein del storvaksne tre av osp, or og ei og anna eik. I våraspektet dominerer kvitveis, jordnøtt og ein del gaukesyre i feltsjiktet.

Det er først og fremst førekomensten av lind som gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, alm *Ulmus glabra*, svartor *Alnus glutinosa*, bjørk *Betula pubescens*, osp *Populus tremula*, eik *Quercus robur*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, rogn *Sorbus aucuparia*, kvitveis *Anemone nemorosa*, hengeaks *Melica nutans*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, liljekonvall *Convallaria majalis*, vårmarihand *Orchis mascula*, lundrapp *Poa nemoralis*, enghumleblom *Geum rivale*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, kusymre *Primula vulgaris*, vivendel *Lonicera periclymenum*, jordnøtt *Conopodium majus*, gjerdvikke *Vicia sepium*, tveskjeggeronokka *Veronica chamaedrys*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, blåknapp *Succisa pratensis*, hårfrytle *Luzula pilosa*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, teibær *Rubus saxatilis*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 21.04.2002

## Lokalitet 27 Mundalsberget

|           |   |       |                  |
|-----------|---|-------|------------------|
| Hovudtype | Skog  | Areal | 322 da           |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01), Sørvendte berg og rasmark (B01) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten omfattar den bratte lia mellom tunnelåpningane på Mundalsbergtunnelen og vidare austover mot Leknes. Lia er svært vanskeleg å ta seg fram i, så det er vanskeleg å sette nøyaktige grenser for lokaliteten. Mellom tunnelåpningane går det ein gammal sti som framleis er godt farbar. Lia har sør-søraustvendt eksposisjon og ligg gunstig til med omsyn til varmeinnstråling. Jordsmonnet varierer mellom rasmark, blokkmark, bergnabbar og parti med meir stabil jord. Lauvskogen har varierande samansetjing. Mest dominerande er hasselskog med storfrytle, men det er også t.d. hengeaks, enghumleblom, skogvikke, skogsvinerot i feltsjiktet. Det finst også askebestand, ein god del eik, alm og klynger med lind. Det er enkelte store lindetre med rotskot. I Djupedalen er det mykje ask med dominans av kusymre i feltsjiktet. På skrinnare mark er det bjørk, eik, rogn, selje og nokre store ospetre. I tillegg finst bergnabbar med einer, lyng (røsslyng, blåbær, tyttebær) og mose. Det er stadvis mykje einstape på opne parti. I dalsida er det ei veksling mellom tørre, fuktige, fattige og rike parti.

Austover mot Leknes er det mykje rasmark og mindre samanhengande vegetasjonsdekke. Det er framleis blandingsskog av ulike lauvtre, som t.d. eik, hassel, ask, hegg, alm, svartor og bjørk. På nedsida av vegen ved tunnellutslaget, er det tippa mykje stein i samband med vegbygging. På ein liten flekk med blokkmark/rasmark stod det tett med breiflangre, det vart talt over 30 individ på mindre enn 100 m<sup>2</sup>. Rett ovenfor dette vart det også funne bergmynte.

Det er først og fremst førekomensten av lind og området si utstrekning som gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, Lind *Tilia cordata*, alm *Ulmus glabra*, ask *Fraxinus excelsior*, hegg *Prunus padus* ssp. *padus*, svartor *Alnus glutinosa*, selje *Salix caprea* ssp. *caprea*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, krossved *Viburnum opulus*, einer *Juniperus communis*, hassel *Corylus avellana*, hengeaks *Melica nutans*, skogvikke *Vicia sylvatica*, enghumleblom *Geum rivale*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, storfrytle *Luzula sylvatica*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, kusymre *Primula vulgaris*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, mjødurt *Fipendula ulmaria*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogfiol *Viola riviniana*, skogsål *Mycelis muralis*, lundrapp *Poa nemoralis*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, markjordbær *Fragaria vesca*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, sannikel *Sannicula europaea*, liljekonvall *Convallaria majalis*, tannrot *Cardamine bulbifera*, fingerstarr *Carex digitata*, vårmarihand *Orchis mascula*, junkerbregne *Polystichum braunii*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 22.05.2002

## Lokalitet 28 Sævrås

|           |  |       |                  |
|-----------|--|-------|------------------|
| Hovudtype | Rasmark, berg og kantkratt                               | Areal | 1 da             |
| Undertype | Andre viktige førekomstar (H00): Førekomst av brunburkne | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Fleire førekomstar av brunburkne i eit område med ultrabasiske serpentinitbergartar. Serpentinitfeltet omfattar heile ”pynten” frå Ferjekaia ved Sævrås og omlag 400 m sørover. Brunburkna veks fleire stader i området og kanskje særleg i dei to avgrensa områda: Bergveggen ned mot kaien og langs vegen mot ein båt/naustrapp inst i vika mot sør. Brunburkna er raudlista (R) og svært sjeldan, men bestanden i dette området er ganske stor og ser ut til å vere livskraftig. Førekomsten har vore kjend i mange år.

#### Registrerte raudlisteartar

Brunburkne *Asplenium adulterinum* (R)

Registrert av M.A. Bysveen Dato 20.08.2002

## Lokalitet 29 Kringslia

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 21 da      |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vest-sørvestvendt li dominert av hassel. Oppover i lia blir hasselskogen avløyst av ein bærlyng-bjørkeskog. I nord er det eit tett granbestand. Berggrunnen er i hovudsak anortositt i veksling med gabbro enkelte stader. Substratet gir ikkje grunnlag for ein spesielt rik flora, men lia har gunstig eksposisjon.

Delar av skogen vart hogd for ca. 40 år sidan, og området vart tidlegare brukt som beite. Tresjiktet blir danna av til dels store, gamle hasselkratt men det førekjem òg ein del store svartor og ein og annan stor hegg. I ytterkanten av lokalitetten veks det nokre store bjørketre. Det er òg ein del daud ved i området.

Feltsjiktet er flekkvis dominert av ulike artar, alt etter lystilgang og fuktigkeit. På nokre område er det fullstendig dominans av storfrytle. Andre stader er det meir urterikt med t.d. jordnøtt, raud jonsokblom, revebjølle, kvitveis og innslag av bregnar som t.d. skogburkne. Stadvis er det mykje krattlodnegras. I dei nedre delane av lokalitetten er det mykje bregnar på litt mørkare parti.

#### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, svartor *Alnus glutinosa*, bjørk *Betula pubescens*, hegg *Prunus padus ssp. padus*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, storfrytle *Luzula sylvatica*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, telg *Dryopteris sp.*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, krattlodnegras *Holcus mollis*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, revebjølle *Digitalis purpurea*, jordnøtt *Conopodium majus*, raud jonsokblom *Silene dioica*, teibær *Rubus saxatilis*, skogfiol *Viola riviniana*, kvitveis *Anemone nemorosa*

Registrert av M.A. Bysveen Dato 21.05.2002

## Lokalitet 30 Kjenes

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 2,7 da     |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området rundt Kjenes er eit kulturlandskap som er halde fint i hevd. I ytterkantane av jordbruksområda og på dei brattaste areaala står det enkelte stader små bestandar med lauvskog som dels har vorte beita. I ei bratt skråning ned mot Litlavatnet er det gunstige forhold for litt meir kravfulle lauvtre, og her veks det eit lite bestand med edellauvskog. Øvst på lokalitetten, på meir opne parti, veks det nokre store ospetre, som ein liten brem langs kanten. Elles er hassel det dominerande treslaget, med ein del hegg og spreidd rogn. Nokre av hasselkratta er store og gamle.

Skråninga har stadvis preg av ur, og har mykje daud ved. Feltsjiktet synst å vere noko beita. På opne parti er det ein del krattlodnegras. Elles førekjem det stadvis mykje ramslauk, stankstorkenebb, enghumleblom, kratthumleblom og junkerbregne mm.

## Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, hegg *Prunus padus ssp. padus*, rogn *Sorbus aucuparia*, junkerbregne *Plystichum braunii*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, skogsål *Mycelis muralis*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, enghumbleblom *Geum rivale*, kratthumleblom *Geum urbanum*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, raud jonsokblom *Silene dioica*, engkvein *Agrostis capillaris*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, gjerdevikke *Vicia sepium*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, vendelrot *Valeriana sambucifolia ssp. sambucifolia*, krattlodnegras *Holcus mollis*, blåknapp *Succisa pratensis*, bleikstarr *Carex pallescens*, skogfiol? *Viola riviniana*, lundrapp *Poa nemoralis*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, ramslauk *Allium ursinum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, kvitveis *Anemone nemorosa*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 23.08.2002

## Lokalitet 31 Marås

Hovudtype Skog

Areal 29 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt hasselkratt i lia ned mot Maråsvågen (Lindåspollane). I aust grenser lokaliteten mot slåtte og beiteområde. Skråninga har dessuten ein gunstig eksposisjon, som gjer dette til ein lun og fin veksestad for edellauvskog. Den nordlege delen av hasselskogen skal ha blitt snauhogd for ca. 50 år sidan. Den sørlege delen har ikkje blitt uthogd, og denne har eit atskillig meir tettvokst busksjikt. I sør er det òg meir stein og ur, og beitetetrykket har ikkje vore så stort her. Elles synes hasselskogen å vere mykje beita. Det er lite utvikla busksjikt, og feltsjiktet er enkelte stader nedbeita. Inne i hasselskogen står det nokre store tre av osp og bjørk som når over kronetaket på hasselkratta. Artssamsetjinga i feltsjiktet syner at lokaliteten kan karakteriserast som rikt kysthasselkratt. I kanten opp mot beite- og slåtteområda er det ein del stor osp, eik (m.a. ei som er svært stor), ask, bjørk og selje og også noko daud ved. I feltsjiktet her veks det mykje gras som t.d. gulaks og smyle, samt einstape og einer. Langt sør i hasselskogen er det ein liten sildrebekk som renn ned mot vågen. Her veks det nokre nitrofile og fuktigheitskrevjande artar som t.d. skogsvinerot, stornesle, skogsål og krypsoleie. (I tidlegare tider pleide folk å plukke inn myske frå området. Etter tørring får denne ei lukt av kumarin).

## Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, osp *Populus tremula*, ask *Fraxinus excelsior*, bjørk *Betula pubescens*, eik *Quercus robur*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raud jonsokblom *Silene dioica*, kratthumleblom *Geum urbanum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, liljekonvall *Convallaria majalis*, grasstjernerblom *Stellaria graminea*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, jordnøtt *Conopodium majus*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogfiol *Viola riviniana*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, marikåpe *Alchemilla sp.*, stornesle *Urtica dioica*, enghumbleblom *Geum rivale*, kratthumleblom *Geum urbanum*, skogsål *Mycelis muralis*, krypsoleie *Ranunculus repens*, vivendel *Lonicera periclymenum*, trollbar *Actaea spicata*, junkerbregne *Plystichum braunii*, myske *Galium odoratum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, firblad *Paris quadrifolia*, hengeaks *Melica nutans*, lundrapp *Poa nemoralis*, svartburkne *Aplenium trichomanes*

## Kjelder

Anders Gjerstad (grunneigar)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 15.09.2002

## Lokalitet 32 Skaret

Hovudtype Skog

Areal 67 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordlige del av eit område med edellauvskog som strekker seg frå Elsås i søraust og mot Skaret i nordvest, ein avstand på ca. 3 km. Dalsida er sørvestekspontert og har ei blanding av ulike lauvtre. Eksposisjonen er gunstig for fleire varmekrevjande artar, sjølv om berggrunnen ikkje er av det mest gunstige slaget. Det er ei veksling av hasselkratt, bøkeskog, almebestand, ospeklynger og noko bjørk og eik. I dei midtre delane av lia, forbi Djupedalsskaret, er det fattigare vegetasjon og denne delen er ikkje tatt med på kartet, så lokaliteten er todelt (lok. 32 og 33). Mange stader finst det litt rasmateriale og blottlagt mark, som viser at området har brunjordsprofil. Mellom Skaret og Djupedalsskaret er det bøk og hassel i veksling, med innslag av m.a. eik, ask og ei og anna lind. Fleire stader er hasselkratta dominert av storfrytle og bregner i feltsjiktet, andre stader er det meir urterikt. I bøkeskogen veks det flekkvis mykje myske. Svartor dominerer i enkelte parti sør for Skarsvatnet. Lengst sør mot Djupedalsskaret er det hasselskog med kusymre i feltsjiktet, men dette området blir beita ein del. Mellom Djupedalsskaret og Elsås er det òg ei blanding av ulike lauvtre som hassel, alm, ospeklynger og noko bjørk og eik. Det er òg ein 30-40 år gammal bestand av bøk i området. Trea er høge og busksjikt manglar nesten heilt. I feltsjiktet dominerer blåbær og storfrytle, samt ein del smyle. Utforminga kjem inn under blåbær-edellauvskog (Fremstad 1997), som er relativt fattig.

Storleiken på området og førekomensten av bøk og lind gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

## Karakteristiske artar

Bøk *Fagus sylvatica*, hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, lind *Tilia cordata*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, selje *Salix caprea*, svartor *Alnus glutinosa*, krossved *Viburnum opulus*, trollhegg *Frangula alnus*, myske *Galium odoratum*, lundrapp *Poa nemoralis*, kusymre *Primula vulgaris*, liljekonvall *Convallaria majalis*, enghumleblom *Geum rivale*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, storfrytle *Luzula sylvatica*, hårfrytle *Luzula pilosa*, teiebær *Rubus saxatilis*, engvein *Agrostis capillaris*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raud jonsokblom *Silene dioica*, vivendel *Lonicera periclymenum*, jordnøtt *Conopodium majus*, hengeaks *Melica nutans*, gullris *Solidago virgaurea*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, fiol *Viola sp.*, vikke *Vicia sp.*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.10.2002

## Lokalitet 33 Elsås

|           |                        |       |                  |
|-----------|------------------------|-------|------------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 34 da            |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørlege del av eit område med edellauvskog som strekker seg frå Elsås i søraust og mot Skaret/Bøkevollsfiellet i nordvest, ein avstand på ca. 3 km. Dalsida er sørvestekspontert og har ei blanding av ulike lauvtre. Eksposisjonen er gunstig for fleire varmekrevjande artar, sjølv om berggrunnen ikkje er av det mest gunstige slaget. Det er ei veksling av hasselkratt, bøkeskog, almebestand, ospekynger og noko bjørk og eik. I dei midtre delane av lia, forbi Djupedalsskaret, er det fattigare vegetasjon og denne delen er ikkje tatt med på kartet, så lokaliteten er todelt (lok. 32 og 33). Mange stader finst det litt rasmatiale og blottlagt mark, som viser at området har brunjordsprofil.

Mellom Skaret og Djupedalsskaret er det bøk og hassel i veksling, med innslag av m.a. eik, ask og ei og anna lind. Fleire stader er hasselkratta dominert av storfrytle og bregner i feltsjiktet, andre stader er det meir urterikt. I bøkeskogen veks det flekkvis mykje myske. Svartor dominerer i enkelte parti sør for Skarsvatnet. Lengst sør mot Djupedalsskaret er det hasselskog med kusymre i feltsjiktet, men dette området blir beita ein del. Mellom Djupedalsskaret og Elsås er det òg ei blanding av ulike lauvtre som hassel, alm, ospekynger og noko bjørk og eik.

Det er òg ein 30-40 år gammal bestand av bøk i området. Trea er høge og busksjikt manglar nesten heilt. I feltsjiktet dominerer blåbær og storfrytle, samt ein del smyle. Utforminga kjem inn under blåbær-edellauvskog (Fremstad 1997), som er relativt fattig.

Storleiken på området og forekomsten av bøk og lind gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig.

## Karakteristiske artar

Bøk *Fagus sylvatica*, hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, lind *Tilia cordata*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, selje *Salix caprea*, svartor *Alnus glutinosa*, krossved *Viburnum opulus*, trollhegg *Frangula alnus*, myske *Galium odoratum*, lundrapp *Poa nemoralis*, kusymre *Primula vulgaris*, liljekonvall *Convallaria majalis*, enghumleblom *Geum rivale*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, storfrytle *Luzula sylvatica*, hårfrytle *Luzula pilosa*, teiebær *Rubus saxatilis*, engvein *Agrostis capillaris*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raud jonsokblom *Silene dioica*, vivendel *Lonicera periclymenum*, jordnøtt *Conopodium majus*, hengeaks *Melica nutans*, gullris *Solidago virgaurea*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, fiol *Viola sp.*, vikke *Vicia sp.*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.10.2002

## Lokalitet 35 Grøttveit

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 15 da      |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Området mellom Gjervik og Leknes: I dette området er det utprega dalsøkk og ryggar som går nordvest-søraust. Denne topografien gir lune og fine sørvestvendte lier, med gunstig lokalklima. Det er ein del edellauvskog i desse liene/dalsidene. Dette gjeld frå Gjervik, mot Struten, Innegardsdalen og Grøttveit. Områda er bratte og ulendte, og har difor fått stå nokonlunde i fred for hogst, beite og annan bruk. På ryggane mellom dalføra er det fattige område med einer, lyng, bjørk og furuskog.

Grøttveit: Mellom nye- og gamlevegen ligg det ein eikeskog som ein liten utløpar frå hovudbestandet mellom Gjervik og Nepstadstø. Det finst spreidde eikeholt i heile dette området. Frå gamlevegen og vidare nordvestover er det blandingslavskog med mykje hassel, ask og noko eik, og dessutan parti med bjørk, selje og osp. Dalsida er ein mosaikk av frodige og fattige parti med ein del bergnabbar, til dels også noko rasmark. Den frodigaste delen av skogen ser ut til å ligge nord for Grøttveit.

Berggrunnen i området er tungt forvitreleg gneis, som ikkje gir opphav til rikt jordsmonn. Den sørvestvende eksponeringa gir likevel veksetilhøve for ein del varmekjære artar.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, eik *Quercus robur*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, selje *Salix caprea spp. caprea*, kusymre *Primula vulgaris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hundegras *Dactylis glomerata*, krattmjølke *Epilobium montanum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, blåknapp *Succisa pratensis*, gullris *Solidago virgaurea*, jordnøtt *Conopodium majus*, gjerdvikke *Vicia sepium*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, liljekonvall *Convallaria majalis*, enghumleblom *Geum rivale*, krathumleblom *Geum urbanum*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, sisselrot *Polypodium vulgare*, engvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum* ssp. *odoratum*, smyle *Deschampsia flexuosa*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 18.10.2002

## Lokalitet 36 Struten

Hovudtype Skog

Areal 5,6 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lita, sørvestvendt og stupbratt edellauvskogsli med eik, osp, ask, hassel og alm. Lia grensar mot eit beite i sørvest. Det er lite gunstig berggrunn i området, men eksposisjonen er gunstig. Lokaliteten er ikkje nærmare undersøkt.

### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, osp *Populus tremula*, hassel *Corylus avellana*, alm *Ulmus glabra*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 18.10.2002

## Lokalitet 37 Gjervikbrua

Hovudtype Skog

Areal 8,5 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Liten edellauvskog omlag rett under Gjervikbrua. Lokaliteten ligg lunt til i ein liten botn og strekker seg frå gamlevegen på bruk 189/2 og eit stykke nedover mot Gjervikkaia. Alm dominerer i tresjiktet men det er òg innslag av andre edellauvtre som hassel, ask og eik. Rett under brua veks det ei lita klyngje med lindetre. Området er frodig og det veks m.a. kusymre i feltsjiktet.

### Karakteristiske artar

Alm *Ulmus glabra*, lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, kusymre *Primula vulgaris*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, smyle *Deschampsia flexuosa*, tepperot *Potentilla erecta*, blåbær *Vaccinium myrtillus*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 18.10.2002

## Lokalitet 38 Innegardsdalen

Hovudtype Skog

Areal 11,5 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt edellauvskogsli som strekker seg frå gamlevegen og nordvestover Innegardsdalen. Området er svært bratt og det ser ut til å vere ein del blokk/rasmark i området. Dei mest varmekjære og kravfulle artane ser ut til å stå nedst i lia, og her er det m.a. lind. Av andre lauvtreslag finst eik, osp, hassel og platanlønn. I feltsjiktet veks mellom anna knollerteknapp, hengeaks, lundrapp, markjordbær og blåknapp. Oppover i lia ser ut til å bli meir bjørk.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, osp *Populus tremula*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, hegg *Prunus padus spp. padus*, selje *Salix caprea spp. caprea*, bjørk *Betula pubescens spp. pubescens*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, hengeaks *Melica nutans*, enghumleblom *Geum rivale*, krathumleblom *Geum urbanum*, vivendel *Lonicera periclymenum*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, lundrapp *Poa nemoralis*, åkersvineblom *Senecio vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, telg *Dryopteris sp.*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, storfrytle *Luzula sylvatica*, vikke *Vicia sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 18.10.2002

## Lokalitet 39 Kopperdalen

Hovudtype Skog

Areal 16 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sørvestvendt li med hasselkrott ned mot Fiskestelva. Eksposisjonen er svært gunstig med omsyn til varmeinnstråling og drenering. Mest heile lia er dekka av hasselskog/kratt, men det er innslag av alm, hegg og rogn. Delar av området ser ut til å vere beita (bruk 167/1 og 167/2), og her er det er lite busksjikt og tette hasselkrott. Det er eindel daud ved/rotveltar i området. Stadvis mykje kusymre i feltsjiktet. Den sørlege delen av lia med sterkest beitepreg er skilt ut som eigen lokalitet (lok. 11, skogsbeite).

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, alm *Ulmus glabra*, hegg *Prunus padus spp. padus*, rogn *Sorbus aucuparia*, kusymre *Primula vulgaris*, myske *Galium odoratum*, jordnøtt *Conopodium majus*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, lundrapp *Poa nemoralis*, kratthumleblom *Geum urbanum*, skogfiol *Viola riviniana*, firblad *Paris quadrifolia*, raud jonsokblom *Silene dioica*, enghumleblom *Geum rivale*, sløke *Angelica sylvestris*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, vendelrot *Valeriana sambucifolia spp. sambucifolia*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, smyle *Deschampsia flexuosa*, vikke *Vicia sp.*, bjønnkam *Blechnum spicant*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.09.2002

## Lokalitet 40 Grimstad

Hovudtype Skog

Areal 77 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lun, sørvestvendt edellauvskogsli i ein liten botn ved foten av Grimstadfjellet. Området er tidlegare undersøkt i samband med Lindåsundersøkingane på 1970-talet, og Fremstad (1974) har registrert olavsskjegg, murburkne, bergfrue, gulsildre, vårmarihand, storklokke i området rundt nordre og søndre Grimstad.

Lauvskogen ligg som ein brem ovanfor eit beiteområde, inn mot bergveggen. Lokaliteten dannar ein overgang mot fattigare skog og llyngelei/einermark oppover mot fjellet. Skogen er tydeleg beita, med mindre beitetrykk der det er blokkrikt og ur. Skogen er i hovudsak dominert av ask og hassel med innslag av svartor, alm, lind, rogn og platanlønn. Beitepåverknaden varierer noko, men er i hovudsak avhengig av kor bratt og framkomeleg terrenget er. Feltsjiktet varierer mellom bregnereike område med mosedeakte steinar og noko meir urterike område. Somme stader er det svært mykje kusymre. Langs elva i den sørlege delen av lokaliteten er det gammal, høg svartor og hegg. Feltsjiktet her er tydeleg beita, og det er mykje smyle, gaukesyre sølvbunke og hengeveng.

### Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, alm *Ulmus glabra*, lind *Tilia cordata*, hegg *Prunus padus spp. padus*, svartor *Alnus glutinosa*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, kusymre *Primula vulgaris*, jordnøtt *Conopodium majus*, kvitveis *Anemone nemorosa*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, lundrapp *Poa nemoralis*, revebjølle *Digitalis purpurea*, myrtistel *Cirsium palustre*, stornesle *Urtica dioica*, kratthumleblom *Geum urbanum*, enghumleblom *Geum rivale*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, trollurt *Circaeae sp.*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, storfrytle *Luzula sylvatica*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, engkvein *Agrostis capillaris*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, smyle *Deschampsia flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, firkantperikum *Hypericum maculatum*

### Kjelder

Fremstad (1974)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 11.09.2002

## Lokalitet 41 Fisketangen

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 0,4 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Strandeng med fint utvikla relief. Strandenga er ca. 10 m brei før det blir innslag av meir høgvokste urter. Den er nok påverka av ferskvatnet frå Fiskestelva som renn ut i sjøen her. Lokaliteten ligg relativt eksponert for bølgjer og vind, og fjorden står rett på ifrå nord. Ytst i soneringa (littoralsona) veks det bruskmelde og strandkryp. Vidare innover veks det saltsiv, strandstjerne og krypkvein, deretter kjem det eit belte med raudsvingel, og deretter gåsemure, fjørekoll og krypkvein. I beltet over littoralsona førekjem meir høgvokste urter som mjødurt, strandrøyr, vendelrot og hundekjeks. Lokaliteten ligg i eit område som er regulert til friluftsføremål.

### Karakteristiske artar

Bruskmelde *Atriplex glabriuscula*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandkjempe *Plantago maritima*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, skjorbuksurt *Cochlearia officinalis*, gåsemure *Potentilla anserina*, fjrekoll *Armeria maritima*, strandstjerne *Aster tripolium*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, strandrør *Phalaris arundinacea*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*

Registrert av M.A. Bysveen / L.R. Fiske

Dato 03.08.2001

## Lokalitet 42 Kvamme

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 4,5 da  
Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Almhage (Almhøyen) som blir beita vår og haust. Det er seks flotte styringsalmer på beitet, i tillegg er det fleire store almer som ikkje er styva. Styringstrea blir skjøtta regelmessig, ca. kvart 4-5 år. Munnleg overlevering i generasjonar fortel at munkar førté med seg alm til Kvamme(garden er nemnt i skriftlege kjelder å tilhøya Kristkyrkja på Holmen i Bergen. Denne vart visstnok reven midt på 1600-talet. Seinare er garden nemnt å vere bispegods). Trea har solide dimensjonar, og det eine er holt. Uansett om dei geistlege har hatt noko med almeutbreienga å gjere eller ikkje, så er alderen på trea truleg fleire hundre år.

I feltsjiktet er det tett grasdekke og ein del urter. Marka vekslar mellom fuktige og tørre parti. Beitet blir ikkje gylla, men gjødsla på anna måte. Hagemarka/beitet ligg i eit fint skjøtta kulturlandskap.

I følgje DN sin grunngjeving av prioritering er det vektlagt velskjøtta hagemark med artar som indikerer lang hevd, samstundes med at arealet har ein viss storleik. I dette høvet vil det også vere spesielt med ei lokalisering såpass langt vest som Kvamme i Alversund, sjølv om arealet ikkje er så stort.

### Karakteristiske artar

Alm *Ulmus glabra*, hegg *Prunus padus ssp. padus*, svarthyll *Sambucus nigra*, hagtorn *Crataegus* sp., gulaks *Anthoxanthum odoratum*, engkvein *Agrostis capillaris*, jordnøtt *Conopodium majus*, engsyre *Rumex acetosa*, vanlig arve *Ceratium fontanum* sps. *Vulgare*, solvunke *Deschampsia cespitosa*, tunrapp *Poa annua*, kvitveis *Anemone nemorosa*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, løvetann *Taraxacum* sp., rylik *Achillea millefolium*, blålokke *Campanula rotundifolia*, engsoleie *Ranunculus acris*, engfrytle *Luzula multiflora*, myrtistel *Cirsium palustre*, reverbølle *Digitalis purpurea*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, krypsoleie *Ranunculus repens*, vassarve *Stellaria media*, vårvål *Ranunculus ficaria*, engkarse *Cardamine pratensis*, høymol *Rumex* sp.

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 03.05.2002

## Lokalitet 43 Heltveit

Hovudtype Skog  
Undertype Gråor-heggeskog (F05): Svartorutforming

Areal 7,8 da  
Verdi A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Svartorsump som ligg i eit sokk omkransa av høgdedrag i aust og vest. I tillegg til svartor er det ei og anna furu og bjørk i tresjiktet. Det finst også småfuru og små ask som kjem inn frå kantane. Busksjiktet er noko glissent med spreidd einer og noko småfuru. Gjennom oreshogen renn det mange små bekkar. Inne i svartorskogen er det høgare og noko tørrare parti med blåbær, tyttebær, hengeveng og mykje torvmose i botnen. På dei fuktigare partia er det mykje stjernestarr. Det er ein del siv, som lyssiv og knappsviv, og sneller og torvmoser i botnen. I busksjiktet er det ein og annan einer. Geologien i området er gunstig og blir dominert av glimmerskifer (granantglimmerskifer, stadvis amfibolitt).

Det som gjer denne lokaliteten heilt spesiell er ein stor førekommst av gulbuktkrinslav, som er den største kjende førekommsten i Skandinavia. Arten er oppført som direkte truga (E) på den nasjonale raudlista (DN 1999). Det er også registrert ein anna raudlisteart i området, skoddelav som er oppført som omsynskrevjande (DC). Med bakgrunn i førekommsten av gulbuktkrinslav er det inngått ein tiårig avtale om ivaretaking og utvikling av biologisk mangfold på gnr. 235/1 Heltveit. Avtalen er undertekna 23.11.1998 av grunneigar, kommunen og fylkesmannen i Hordaland.

### Registrerte raudlisteartar

Gulbuktkrinslav *Hypotrachyna sinuosa* (E), skoddelav *Menegazzia terebrata* (DC)

### Karakteristiske artar

Tresjikt: Svartor *Alnus glutinosa*, bjørk *Betula pubescens*, furu *Pinus sylvestris*

Busksjikt: Einer *Juniperus communis*, furu *Pinus sylvestris* juv., ask *Fraxinus excelsior* juv.

Feltsjikt: Stjernestarr *Carex echinata*, slirestarr *Carex vaginata*, engkvein *Agrostis capillaris*, lyssiv *Juncus effusus*, knappsviv *Juncus conglomeratus*, tepperot *Potentilla erecta*, myrmaure *Galium palustre*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, blåknapp *Succisa pratensis*, sloke *Angelica sylvestris*, myrfiol *Viola palustris*, telg *Dryopteris* sp., myrtistel *Cirsium palustre*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*

**Kjelder**

Botanisk inst. Universitetet i Bergen, Tor Tønsberg, Fylkesmannen i Hordaland

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 29.09.2003

## Lokalitet 44 Ytre Fosse

**Hovedtype** Kulturlandskap

**Areal** 6,2 da

**Undertype** Hagemark (D05)

**Verdi** C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ospeholt på sauebeite med sørvestvendt eksponering. Lokaliteten inneholder både store og små tre. Busksjiktet er nesten nedbeita og artssamansetjinga i feltsjiktet er ikkje nærmare undersøkt.

### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 15.10.2002

## Lokalitet 45 Askeland

**Hovedtype** Kulturlandskap

**Areal** 2,4 da

**Undertype** Hagemark (D05)

**Verdi** C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Einerbakke med til dels fint utvikla søyleeiner. Grunneigaren har no slutta med sauehald (pr. januar 2004), og einerbakken blir truleg liggande uskjøtta og står i fare for å gro att. Floraen er ikkje nærmare undersøkt.

### Karakteristiske artar

Einer *Juniperus communis*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 01.06.2000

## Lokalitet 46 Vollom - Skaret

**Hovedtype** Skog

**Areal** 109 da

**Undertype** Gammal edellauvskog (F02)

**Verdi** B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg på aust og vestsida av vegen fra Skaret og nordover mot Vollom. I skogkanten ned mot beitet på vestsida av vegen er det gunstig lokalklima, med god innstråling og bra drenering. Skråninga ligg sørvestvendt og solrikt til. Her veks nokre edellauvskogsartar saman med mindre kravfulle og skyggetålannde artar, som t.d. kusymre, bleikstarr, jordnøtt, liljekonvall saman med gaukesyre, sisselrot og storfrytle. Innover i skopgen blir det mørkare, og bøkelauvet er veldig surt og tungt nedbrytbart, noko som gir ein fattigare vegetasjon. Her veks det mest storfrytle, blåbær og litt einer. I den austvendte delen, ned mot vegen, er vegetasjonsbiletet mykje likt det ein finn lengre inne i skogen, med storfrytle, smyle, skogburkne og hengeveng. På opne glenner er det innslag av andre treslag, som t.d. bjørk og einer. Det finst også noko daud ved i området. Aust for vegen mellom Vollom og Skare held bøkeskogen fram med omlag det same artsinventaret. Lengst i sør, mot Skarsvatnet, er det planta nokre grantrær og det finst også noko platanlønn. Skogen er mørk og tett, og det er mykje storfrytle i feltsjiktet. Også her har skogen lysopningar der det veks ask, svartor, bjørk og platanlønn. I feltsjiktet er det mykje storfrytle, men også bregner som skogburkne, ormetelg, gaukesyre og hengeveng. Skogen er storvaksen og trea er til dels gamle. Det er funne lind i ytterkanten av skogen. Lokaliteten ligg sør for bøkeskogsreservatet på Vollom, men er eit naturleg framhald av denne.

### Karakteristiske artar

Bøk *Fagus sylvatica*, bjørk *Betula pubescens*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, svartor *Alnus glutinosa*, lind *Tilia cordata*, einer *Juniperus communis*, kusymre *Primula vulgaris*, skogvikke *Vicia sylvatica*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, bleikstarr *Carex pallescens*, krossknapp *Glechoma hederacea*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, liljekonvall *Convallaria majalis*, blåknapp *Succisa pratensis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, jordnøtt *Conopodium majus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, storfryteng *Luzula sylvatica*, smyle *Deschampsia flexuosa*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, engkvein *Agrostis capillaris*, tepperot *Potentilla erecta*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.10.2002

## Lokalitet 47 Askvik

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 21 da  
Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Delar av innmarka rundt garden på Askvik er hamnehage/lauveng (slåtteeng med styvingstre). Egedomen ligg innanfor den mest gunstige berggrunnen i Lindås, og har i tillegg gunstig eksponering. Heile innmarka ber preg av å vere særstilt, og areala blir skjøtta heile året gjennom. Jorda blir skjøtta på den gamle måten, utan gylle og med berre små mengder kunstgjødsel. Områda rundt garden er ei estetisk oppleving og samstundes ein instruksjon i korleis jorda vert stelt i dei føregåande generasjonane. Nærast tunet ligg det ei slåtteeng (lok. 65), som tidlegare strekte seg heilt opp til hovudvegen.

I dag blir området opp til straumgjerdet slått før beiting. Resten av området blir beita tidleg på året, og blir slått og beita seinare på sommaren. I dei beiteområda som sauene ikkje beitar fint nok, har det vorte nytta beitepussar. Styvingstre er typisk for egedomen (sjå også lok. 10). Tidlegare var det styvingstre over alt og grunneigar meiner det måtte ha vore over 100 berre i hans tid. No har nokre falle ned, nokre har ikkje blitt haldne i hevd, og nokre har blitt hogd ned, men nye har òg kome til. Det blir framleis nytta askelauv som tillegsfor til sauene på bruket.

Langs vegen frå tunet og oppover i hagemarka er det eit område med mykje vårmarihand, fleire tials individ. Det vart òg funne eit individ av stortviblad. Elles er feltsjiktet prega av kvitveisbløming, og synest å vere grasdominert saman med ein del urter. Rundt om står det spreidde treklynger.

### Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, bjørk *Betula pubescens ssp pubescens*, hegg *Prunus padus*, hundegras *Dactylis glomerata*, kvitveis *Anemone nemorosa*, vårmarihand *Orchis mascula*, stortviblad *Listera ovata*, engfrytle *Luzula multiflora*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, jordnøtt *Conopodium majus*, engkarse *Cardamine pratensis*, engsoleie *Ranunculus acris*, sveve *Hieracium sp.*, lovetann *Taraxacum sp.*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, fiol *Viola sp.*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, ryllik *Achillea millefolium*, raudkløver *Trifolium pratense*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, kvitbladtistel *Cirsium heterophyllum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, ulike gras (tidleg på året).

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Opphøyr av drift/manglande skjøtsel

### Kjelder

Sigmund Askvik

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.05.2003

## Lokalitet 49 Skotsund

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 1,9 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Slåtteeng vest for våningshuset på bruk nr. 61/1. Den har ikkje blitt slått på mange år, og det er mykje dødt gras. Det har kome opp nokre bringebærkrott, og det er òg oppslag av rogn, bjørk, hegg, ørevier og selje. Overflata er noko tuete med innslag av bjørnemosar. Elles dominerer urter og gras.

### Karakteristiske artar

Sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, smyle *Deschampsia flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, jordnøtt *Conopodium majus*, kvitveis *Anemone nemorosa*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, engsoleie *Ranunculus acris*, engsyre *Rumex acetosa*, engkarse *Cardamine pratensis*

### Kjelder

Karl Feste

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 13.05.2003

## Lokalitet 50 Bergfjord

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 7 da       |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Bratt, sørvestvendt og lun hasseldominert lauvskogsli like nordvest for Festevatnet. Øvstedahl og Sæthre (1988) omtalar lokaliteten som eit rikare hasselkratt med m. a. myske. Berggrunnen i området gir ikkje grunnlag for utprega rike plantesamfunn, men gunstig eksponering og god drenering veg til ein viss grad opp for dette. I framkant av lokaliteten er det mykje hegg saman med hassel samt noko selje og bjørk. Oppå på brattkanten, mot innmark, er det ein god del eik. I sjølve lia er det hassel som dominerer. Det er ein del rotveltar i lia. Nokre hasselkratt har blitt hogd ut i den seinare tid. I feltsjiktet er det m.a. mykje jordnøtt; lundrapp skogvikke, gjerdevikke, hengeaks, vårmarihand og liljekonvall. Lengst mot nordvest er det eit område som heilt er dekka av myske. Det er tydeleg ein litt kravfull vegetasjon, som kan karakteriserast som rike kysthasselkratt.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, hegg *Prunus padus*, eik *Quercus robur*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, krossved *Viburnum polilus*, einer *Juniperus communis*, myske *Galium odoratum*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majus*, lundrapp *Poa nemoralis*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, enghumleblom *Geum rivale*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, vårmarihand *Orchis mascula*, hengeaks *Melica nutans*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, skogsalsat *Mycelis muralis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*

### Kjelder

Øvstedal & Sæthre (1988)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 13.05.2003

## Lokalitet 51 Toftingakryssset

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 15 da      |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordaustvendt område med hasselkratt ned mot Lurefjorden. Bergrunnen i området er vesentleg næringsfattig, men lia ligg relativt lunt til. Skogen er til dels fuktig og har eit frodig feltsjikt med mykje urter. Det veks store mengder kusymre i området, elles blømer kvitveisen rikeleg. På eit fuktig parti veks det ein velutvikla bestand av firblad saman med mengder av maigull, mjødurt og vårkål. På tørrare og fattigare parti veks det litt lyng. I tresjiktet dominerer hassel, men det førekjem andre treslag som hegg, ask, eik, rogn selje og bjørk. Det ligg elles noko død ved i området. Busksjiktet er lite utvikla, noko som nok skuldast at skogen blir beita av sauер. Dei fuktigaste partia blir truleg mindre beita.

Lokaliteten kjem inn under kategorien rike kysthasselkratt.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, hegg *Prunus padus*, eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, selje *Salix caprea*, bjørk *Betula pubescens*, vivendel *Lonicera periclymenum*, kusymre *Primula vulgaris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, vårkål *Ranunculus ficaria*, engsoleie *Ranunculus acris*, firblad *Paris quadrifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, maigull *Chrysosplenium*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, storfrytle *Luzula sylvatica*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 13.05.2003

## Lokalitet 52 Vassel

|           |   |       |            |
|-----------|---|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                                    | Areal | 17,5 da    |
| Undertype | Rik edelløvskog (F01), Skogsbeite (D06) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt eikeskogsli ned mot Æsevatnet. Området har god drenering og gunstig lokalklima. Berggrunnen forvirrar lett. Dei rikaste områda ligg mellom vatnet og der terrenget flatar ut mot vegen. Heile lia langs vatnet er beita. I den sørlegaste delen dominerer eik i tresjiktet, i den nordlegaste delen hassel (hasselskogen er skilt ut som eigen lokalitet, lok. 55). Lokaliteten er nokså bratt og ulendt med steinete mark. Eiketrea er av varierande storleik. Blåbær dominerer i feltsjiktet, og det som er av busksjikt er noko spreidd einer. Av urter veks det noko liljekonvall og kvitveis saman med skog- eller gjerdevikke, og det er ein del gras som gulaks og smyle. Der eikelauvet ligg tjukt er det lite vegetasjon. I bratta ned mot vatnet veks det 3-4 lindetre, og innslaget av hassel aukar på. Det er også innslag av andre treslag som t.d. bjørk, rogn og osp. Øvst i lia og på flatane mot vegen, er det fattigare med større innslag av bjørk og mindre hassel og eik. I feltsjiktet her er det mykje blåbær, og det er opne, grasvokste parti med gulaks, smyle og hårfrytle.

### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, osp *Populus tremula*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, kvitveis *Anemone nemorosa*, liljekonvall *Convallaria majalis*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, blåknapp *Succisa pratensis*, vikke *Vicia sp.*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, hårfrytle *Luzula pilosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 21.05.2003

## Lokalitet 53 Vassel

Hovedtype Skog

Areal 24 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt li med beita hasselskog ned mot Æsevatnet. Området har god drenering og gunstig lokalklima. Berggrunnen innehold til dels næringsrike mineral, og forvirrar lett.

Hasselskogen er glissen pga. beiting og busksjiktet er lite utvikla. I hovudsak dominerer hassel tresjiktet, men i ytterkanten er det ein del ask, hegg og svartor, og det er òg nokre opnare parti med ask, osp og hegg. Mot nord, skilt av eit lite, ope parti, er det nesten rein hasselskog med noko gamle hasselkratt. Skogbotnen er ganske fuktig, og det sildrar vatn nedover lia i små, nesten skjulte bekkefar. Feltsjiktet har stor førekomst av saftige, fukt- og noko næringskrevjande artar. Nyresoleie veks i høpetall saman med mykje vårkål. Elles førekjem kvitveis og jordnøtt i store mengder på noko tørrare i meir lysåpne parti. Det er også stadvise oppslag av einstape, så beitinga kan ikkje vere så veldig intensiv. I utkanten av hasselkratta veks det nokre store eiker.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, hegg *Prunus padus*, svartor *Alnus glutinosa*, ask *Fraxinus excelsior*, osp *Populus tremula*, vårkål *Ranunculus ficaria*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, krypsoleie *Ranuculus repens*, nyresoleiegruppe *Ranunculus auricomus agg.*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majalis*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, einstape *Pteridium aquilinum*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, ryllik *Achillea millefolium*, engsyre *Rumex acetosa*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, fiol *Viola sp.*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, engkarse *Cardamine pratensis*, engsoleie *Ranunculus acris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 21.05.2003

## Lokalitet 54 Åsgard

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 59 da

Undertype Hagemark (D05)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Området framstår som ein fin og velhalden einerbakke med mange store søyleeiner og nokre furutre. Einerbakken strekkjer seg frå sjøen og oppover mot fjellet og sidan nordvestover mot Åsgard. Grasdekket er tydeleg godt beita, og det er rydda vakk ein del tre. Det er også ein del små einer som tydeleg veks til. Søyleeineren har vorte noko uthøgd dei sinaste åra. Forutan det nedbeita grasteppet, er det nokre store tuer med sølvbunke (som ikkje er beita), ein del lyssiv, noko gulaks og slåttestarr. Det veks òg opp noko einstape. Av tre er det ei og anna furu, ask, svartor og rogn. (Det er sauebeite fleire stader langs fjorden mot Hindenes. Ei utvikling mot einerbakke ser ut til å vere typisk for dette området, sjølv om dei andre områda ikkje er like karakteristiske som denne lokaliteten.)

### Karakteristiske artar

Einer *Juniperus communis*, furu *Pinus sylvestris*, rogn *Sorbus aucuparia*, ask *Fraxinus excelsior*, svartor *Alnus glutinosa*, rapp *Poa spp.*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, raudsvingel *Festuca rubra*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, slåttestarr *Carex nigra*, lyssiv *Juncus effusus*, myrtistel *Cirsium palustre*, vassarve *Stellaria media*, diverse beitegras

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

### Kjelder

Sigmund Åsgård

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 21.05.2003

## Lokalitet 55 Eikangerpollen

|           |  |       |            |
|-----------|--|-------|------------|
| Hovudtype | Kyst og havstrand                                    | Areal | 253 da     |
| Undertype | Brakkvasspollar (G08), strandeng og strandsump (G05) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Eikangerpollen er avgrensa av veg på alle sider. Vegane kjem stort sett ikkje i konflikt med sjølve pollen, men nokre stader har det blitt fyllt ut stein. Strendene er stort sett grasdominert beite, og reliefet er ikkje lite nok til at det blir utvikla skikkelege strandenger. Elles er det mykje berg ned mot sjøen, og lite utvikla kantvegetasjon. Kantvegetasjonen er anten beitemark eller ulike lauvtre. I dei nordlegaste delane er det barskog som kjem heilt ned til pollen. På austsida er det eit ope, godt beita sauebeite med spreidd tresetting. Her er det lite eller ingen kantvegetasjon. På øya midt i pollen er det også beitemark med ein del lauvskog. Rundt pollen, i tidevassona, veks det tarmgrønske og blæretang, samt den blærelause forma av blæretang.

Pollen har to innløp/utløp, begge er relativt små, samstundes renn det ein del bekkar inn i pollen, noko som gjer at pollen får brakkvasspreg. Eikangerpollen er ein viktig overvintringsstad for ein heil del ender, særleg toppand og kvinand. I området ved Vikjæ, inst pollen, er det eit lite belte med kantsonering. På det meste er soneringa 8-10 m brei, men den varierer mykje. Ytst veks det strandkryp, deretter kjem ei sone med fjøresivaks/saltsiv. På dei stadene det veks fjøresivaks er det lite saltsiv og omvendt. Lengre inn kjem ei sone med krypkvein, strandstjerne, fjøresaulauk og tang;bruskmelde. Bakover i soneringa veks det fuglevikke, mjødurt, strandkjeks og gåsemure. Vidare innover frå sjøkanten veks det vendelrot, tiriltunge, engkvein, englodnegras, geitsvingel, småsyre, nyperoser, kystbergknapp. Innanfor er det barskog med lyng.

### Karakteristiske artar

#### I sjøen:

Tarmgrønske *Enteromorpha siphonalis*, blæretang (også bærlos form)

#### Strandeng:

Fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandstjerne *Aster tripolium*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, tangmelde *Atriplex prostrata*, strandkryp *Glaux maritima*, fjørekoll *Armeria maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, fuglevikke *Vicia cracca*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, engkvein *Agrostis capillaris*, geitsvingel *Festuca vivipara*

#### Tilgrensande busk- og tresjikt:

Einer *Juniperus communis*, hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, hegg *Prunus padus*, furu *Pinus sylvestris*, bjørk *Betula pubescens*

### Kjelder

Lundberg (1989)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 26.05.2003

## Lokalitet 56 Liavatnet

|           |  |       |                 |
|-----------|--|-------|-----------------|
| Hovudtype | Skog                                   | Areal | 8 da            |
| Undertype | Grår-heggeskog (F05): Svartorutforming | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Svartorskog med innslag av rogn, furu og bjørk. Skogen blir dels nytta til sauebeite. Lokaliteten grensar til ein takrørsump i vest, og skogen følgjer i hovudsak markslagsgrensene. Bestanden ligg innanfor eit område som kan gi eit rikare substrat. Skogen er likevel ikkje av den rikaste typen. Det er vel kanskje riktigare å kalle dette ein blandingskog med svartor som hovudtreslag. Det er ein del hegg langs takrørsumpen og noko bjørk spreidd oppover i lia. Nede ved elva veks det t.d. myrhatt, gulldusk, sverdlilje, flaskestarr, myrmaure, bekkeblom og gråstarr. Det er også torvmosar, torvull og myrfiol i dette fuktige beltet. Svartor førekjem næraast på ei hengematte ut mot elvekanten. Sumpbeltet langs elva er omlag fem meter breitt. Lengre innover frå elva blir det brattare og tørrare. Her kjem det inn m.a. blåbær i feltsjiktet og noko einer i busksjiktet. Oppover i lia er det bærlyngmark og meir opne grasdominerte flater med m.a. blåtopp, slåttestarr, sølvbunke, gulaks, smyle, hårfrytle, myrfiol og myrtistel.

### Karakteristiske artar

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, bjørk *Betula pubescens*, hassel *Corylus avellana*, rogn *Sorbus aucuparia*, furu *Pinus sylvestris*, einer *Juniperus communis*, ørevier *Salix aurita*, krypsoleie *Ranunculus repens*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, myrmaure *Galium palustre*, gulldusk *Lysimachia thyrsiflora*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, flaskestarr *Carex rostrata*, bekkeblom *Caltha palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrfiol *Viola palustris*, torvull *Eriophorum vaginatum*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, blåtopp *Molinia caerulea*, slåttestarr *Carex nigra*, myrtistel *Cirsium palustre*, smyle *Deschampsia flexuosa*, einstape *Pteridium aquilinum*, hårfrytle *Luzula pilosa*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 26.05.2003

## Lokalitet 57 Romarheim

Hovudtype Skog  
Undertype Gråor-heggeskog (F05)

Areal 30 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Gråorskog på elveslette av glasifluvialt materiale. Romarheimselva vart omregulert for nokre tiår sidan, og forbygd med høge kantar for å redusere flaumfaren. Gråorskogen som veks her i dag er truleg ein restbestand, og skogen var truleg betre utvikla då området var utsett for hyppigare flaumar. Det er tydelege far etter tidlegare elveløp i området i form av søkk, og enkelte stader er det ope vatn i søkka pga. høg grunnvannstand.

Gråor dominerer på flatene, men det er også litt oppslag av bjørk og furu. Skogbotnen er tuete med mykje engkransmose. I feltsjiktet er det mykje sølvbunke, noko hårfrytle, engsyre, tepperot, myrfiol, hengeveng, skogstjerne og kvitveis. Heile området ser ut til å bli beita. Det er ein mosaikk av tett og open skog. I den opne delen er det mykje slåttestarr og noko gulaks. I fuktige parti er det mykje torvemosar, duskull og kornstarr. Området ligg aust for utbreiingsområdet til svartor.

### Karakteristiske artar

Gråor *Alnus incana*, bjørk *Betula pubescens*, furu *Pinus sylvestris*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, engsyre *Rumex acetosa*, tepperot *Potentilla erecta*, myrfiol *Viola palustris*, kvitveis *Anemone nemorosa*, slåttestarr *Carex nigra*, kornstarr *Carex panicea*, maure *Galium sp.*, skogstjerne *Trientalis europaea*, gullris *Solidago virgaurea*, maiblom *Maianthemum bifolium*, duskull *Eriophorum angustifolium*, blåknapp *Succisa pratensis*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, smyle *Deschampsia flexuosa*, hårfrytle *Luzula pilosa*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, fugletelg *Gymnocarpium drypteris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 01.06.2003

## Lokalitet 58 Vettle-Urdal

Hovudtype Skog  
Undertype Gammal edellauvskog (F02)

Areal 39 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Austvendt, bratt, fleiraldra eikeskog i lia mot Romarheimsfjorden, med store eiker og oppslag av småtre. Det er også innslag av ei og anna furu. I feltsjiktet dominerer blåbær, men det er også noko vivandel, blåtopp og store bregnar som skogburkne, ormetelg og noko einstape.

### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, furu *Pinus sylvestris*, eik *Quercus robur*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, røsslyng *Calluna vulgaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, tepperot *Potentilla erecta*, einstape *Pteridium aquilinum*, blåtopp *Molinia caerulea*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, kvitveis *Anemone nemorosa*, smyle *Deschampsia flexuosa*, vivandel *Lonicera periclymenum*, telg *Dryopteris sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 01.06.2003

## Lokalitet 59 Eknes

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 5 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ospehage som også har innslag av eik. Deler av området blir beita. Lokaliteten ligg sør vendt og lunt til mot Osterfjorden. Ospene er ganske store, med ein diameter i brysthøgde på omlag 30 cm. Også eikene er ganske store. Det er også oppslag av ein del ung osp og noko hassel. I feltsjiktet dominerer smyle saman med ein del gulaks. I svingen (sjå kart) står det ei stor lind saman med osp, hassel og eik. Her er feltsjiktet meir urtedominert med t.d. jordnøtt, skogstorkenebb, gaukesyre, løvetann, skogburkne og krattlodnegras. Det er også noko oppslag av ask.

### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, smyle *Deschampsia flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, engfrytle *Luzula multiflora*, skogstjerne *Trientalis europaea*, kvitveis *Anemone nemorosa*, jordnøtt *Conopodium majus*, løvetann *Taraxacum*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, krattlodnegras *Holcus mollis*, rapp *Poa sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

## Lokalitet 60 Eknes

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 4,2 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Eikehage med sauebeite. Eika førekjem i klynger ute på beitet, og området er ope og utan særleg busksjikt. Berggrunnen kan gi eit brukbart substrat for plantane. Eksposisjonen er også særstak med omsyn til varmeinnstråling og nærlieken til fjorden. I feltsjiktet er det grasdekke og eindel lyssiv. Av gras førekjem mykje rapp og sølvbunke. Av andre artar finst jordnøtt, stornesle og marikåpe.

#### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, ask *Fraxinus excelsior*, osp *Populus tremula*, selje *Salix caprea*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, rapp *Poa sp.*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, jordnøtt *Conopodium majus*, krattlodnegras *Holcus mollis*, raudsvingel *Festuca rubra*, smyle *Deschampsia flexuosa*, hundegras *Dactylis glomerata*, englodnegras *Holcus lanatus*, lyssiv *Juncus effusus*, marikåpe *Alchemilla sp.*, stornesle *Urtica dioica*, myrtstiel *Cirsium palustre*, vårvål *Ranunculus ficaria*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

## Lokalitet 61 Nesbø

Hovedtype Skog  
Undertype Gråor-heggeskog (F05): Svartorutforming

Areal 48 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordaustvendt bestand av svartor. Svartorskogen veks på begge sider av vegen utover til Nesbø. Lia er noko bratt somme stader, så det er ein frisk og frodig liskog med relativt god drenering. I aust og nord blir bestanden avgrensa av gran, og det førekjem spreidd gransetting i svartorskogen. Det er også innslag av hegg. Det renn småbekkar fleire stader nedover lia. I feltsjiktet er det store bregnar saman med ein del gras. På fuktige stader veks det mykje myrfiol. Det er også enkelte flater med krattlodnegras.

#### Karakteristiske artar

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, rogn *Sorbus aucuparia*, gran *Picea abies*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engsyre *Rumex acetosa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, telg *Dryopteris sp.*, krypsoleie *Ranunculus repens*, hengeving *Phegopteris connectilis*, kvitveis *Anemone nemorosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, raud jonsokblom *Silene dioica*, myrfiol *Viola palustris*, skogstjerne *Trientalis europaea*, krattlodnegras *Holcus mollis*, einstape *Pteridium aquilinum*, revbjølle *Digitalis purpurea*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

## Lokalitet 62 Øverås

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01), hagemark (D05)

Areal 24 da  
Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Slåtteeng og eplehage som i hovudsak er grasdominert, men nokre stader urtedominert. Moderat kunstgjødsla. Det er mykje gulaks, noko sølvbunke og stadvis mykje jordnøtt. Lokaliteten ligg lunt til og er sørvestvendt.

#### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majalis*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, hundegras *Dactylis glomerata*, krypsoleie *Ranunculus repens*, engsoleie *Ranunculus acris*, engsyre *Rumex acetosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, raudkløver *Trifolium pratense*, engrapp *Poa pratensis coll.*, raud jonsokblom *Silene dioica*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, ryllik *Achillea millefolium*, englodnegras *Holcus lanatus*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, tepperot *Potentilla erecta*, småsyre *Rumex acetosella*, høymol *Rumex longifolius*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Gylling av areal og /eller opphøyr av drift

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

## Lokalitet 63 Askvik

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 2,8 da  
Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Gammal slåtteeng som framleis blir halden i hevd. Arealet blir ikkje gylla, men gjødsla litt etter behov. Slåtteenga har mykje gras og stadvis mykje urter. Flekkvis er det ein god del hundegras, og heilt i kanten er det registrert vårmarihand. Lokaliteten ligg i eit glimmerskiferområde, som gir eit gunstig jordsmonn. Slåtteenga strekte seg tidlegare heilt opp til vegen, men den øvste delen blir no beita. Dagens slåtteeng er inngjerda for at sauene ikkje skal kome til.

### Karakteristiske artar

Gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, tepperot *Potentilla erecta*, smyle *Deschampsia flexuosa*, hundegras *Dactylis glomerata*, løvetann *Taraxacum*, engsoleie *Ranunculus acris*, jordnøtt *Conopodium majalis*, ryllik *Achillea millefolium*, kvitkløver *Trifolium repens*, Marikåpe *Alchemilla sp.*, rapp *Poa sp.*, engsyre *Rumex acetosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*, raudkløver *Trifolium pratense*, smalsyre *Rumex acetosella ssp. tenuifolius*, geitsvingel *Festuca vivipara*, blåknapp *Succisa pratensis*, kvitveis *Anemone nemorosa*, sveve *Hieracium sp.*, raudsvingel *Festuca rubra*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, Hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, engkarse *Cardamine pratensis*, kvitbladtistel *Cirsium heterophyllum*, dunhavre *Avenula pubescens*, vanleg arve *Cerastium fontanum*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

## Lokalitet 64 Lindhøyen

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Småbiotopar (D11), Store gamle tre (D12), Gammal edellauvskog (F02)

Areal 1,3 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Liten førekost av eldre lauvtre. I front, mot vegen, står det nokre store linder. Saman med lindetrea veks det ein del eik, hassel, bjørk, noko spreidd rogn og nokre store osper. Det er tydeleg eit restareal og namnet på området kan tyde på at det tidlegare har vore meir lind i området. Oppå haugen er det inngjerda for beite. I front er det bygd ny veg som truleg har redusert arealet på lokaliteten. Ved synfaringa i juni var feltsjiktet heilt dekka av småmarimjelle. Det er òg m.a. liljekonvall og blåknapp i feltsjiktet.

### Karakteristiske artar

Lind *Tilia cordata*, hassel *Corylus avellana*, eik *Quercus robur*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, gullris *Solidago virgaurea*, smyle *Deschampsia flexuosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, tepperot *Potentilla erecta*, slirestarr *Carex vaginata*, blåknapp *Succisa pratensis*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 29.09.2003

## Lokalitet 65 Øykjebeitet

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Skogsbeite (D06)

Areal 247 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ganske stort område med skogsbeite i blandingskog, i hovudsak lauvskog. Namnet Øykjebeitet kjem av at det "alltid" har gått hestar på beite her. Området har vore nytta som skogsbeite i fleire generasjoner. I dag blir området beita av sauер og kyr. I den sørlege delen av området har det blitt rydda dei siste åra, her er det i dag eit ope beite. Arealet er ikkje gjødsla, bortsett frå litt kunstgjødsel der ein har kome til med traktor. Området er ikkje inventert, men er godt kjent og har ei typisk skogsbeiteutforming.

Kjelder  
Rolf Thomassen

Registrert av M.A. Bysveen

Dato Ikkje synfart

## Lokalitet 66 Åsebø

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 0,1 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lita slåtteeng i ei vestvendt li. Enga er heilt kvit av blomstrande jordnøtt, men er tydeleg prega av litt attgroing, med oppslag av bjørk og osp. Det er også mykje krattlodnegras i enga, noko som også tyder på byrjande attgroing. Elles innehold lokaliteten ein god del knollerteknapp og kystmaure, samt gulaks og flekkvis firkantperikum. I nedkant av enga er det ein liten avsats som avgrensar lokaliteten mot eit flatere, truleg meir gjødsla areal. I nedkanten førekjem også skvallerkål, som spreier seg raskt når først har etablert seg.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majalis*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, kystmaure *Galium saxatile*, raudkløver *Trifolium pratense*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, marikåpe *Alchemilla sp.*, engsyre *Rumex acetosa*, krattlodnegras *Holcus mollis*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, kvitbladtistel *Cirsium helenioides*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 04.06.2003

## Lokalitet 67 Ytre Fosse

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 3,4 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vestvendt slåtteeng som ligg godt i le for lokalt framherskande vindretningar. Området blir også delvis brukt som beite, men blir ikkje gylla. Det er i den bratte bakken ein finn dei finaste elementa av slåtteeng. Her er det truleg vanskeleg å kome til med maskiner, og det er heller ikkje dyr på beite. Langs ein traktorveg som går på skrå mot nordvest, er det eit flyttbart gjerde, likeeins er det gjerde på den nedste delen mot nordvest. På dei nedste, flate delane er det ein annan vegetasjon med mykje saftige, breiblada gras og mykje høymol, engsoleie, krypsoleie. Det går eit sig gjennom området, og langs dette er det mykje bekkeblom, engkarse og krypsoleie.

I dei bratte bakkane er det tørrare. Her er det flekke med prestekrage, mykje smalkjempe og gulaks, samt mykje jordnøtt. Det førekjem også kystgriseøyre og ein del andre urter. Lengst i nord, i den brattaste bakken, er det jordnøtteng med dei same artene som før nemnt. Truleg kan heile lia klassifiserast som slåtteeng.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, kystgriseøyre *Hypochoeris radicata*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, prestekrage *Leucanthemum vulgare*, engsyre *Rumex acetosa*, rylik *Achillea millefolium*, raudkløver *Trifolium pratense*, kvitkløver *Trifolium repens*, rapp *Poa sp.*, hundegras *Dactylis glomerata*, marikåpe *Alchemilla sp.*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raudsvingel *Festuca rubra*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, engfrytle *Luzula multiflora*, timotei *Phleum pratense ssp. pratense*, tepperot *Potentilla erecta*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, englodnegras *Holcus lanatus*

### Kjelder

Ragnhild Os

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 04.06.2003

## Lokalitet 68 Ytre Fosse

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Artsrike vegkantar (D03)

Areal 0,5 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lita, urtedominert vegskrånning som i blomminga er dominert av prestekrage. Andre artar er t.d. jordnøtt, rylik, smalkjempe og firkantperikum. Lokaliteten blir slått med ljå seinare enn vanleg slåttetid. Arealet ovanfor blir gjødsla med kunstgjødsel (men ikkje gylla), og seinare på sommaren beita.

### Karakteristiske artar

Prestekrage *Leucanthemum vulgare*, kvitveis *Anemone nemorosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, marikåpe *Alchemilla sp.*, jordnøtt *Conopodium majus*, skvallerkål *Aegopodium podagraria*, engsoleie *Ranunculus acris*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, smyle *Deschampsia flexuosa*, firkantperikum *Hypericum maculatum*

### Kjelder

Ragnhild Os

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 04.06.2003

## Lokalitet 69 Langholmen

Hovudtype Kyst og havstrand  
Undertype Kalkrike strandberg (G09)

Areal 9 da  
Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Dette er ei lita øy i Hjelmåsvågen der vegetasjonen indikerer god tilgang på plantenæringsstoff (berggrunnen er ikkje avmerka på berggrunnkartet). Øya har vore beita fram til 2002. Øya har ein del tre og buskar, samt åpne parti med urte- eller grasdominans. Langs kantane heilt ned mot sjøen finn ein strandberg, medan det er meir skog/buskprega vegetasjon innover flatane opp frå littoralsona.

Ytst mot sjøen er det tørre berg med m.a.kystbergknapp, bitterbergknapp, raudsvingel, tiriltunge, stankstorkenebb, legeveronika og jonsokkoll. På enkelte stader innover holmen er liljekonvall teppedannande. I desse områda er det også parti med mykje flekkmarihand, stortveblad, bleikstarr, slirestarr, tannrot, vårmarihand, nattfiol, knollerteknapp og tågebær. Det er også krattvegetasjon med einer, hegg, nyperosser og tresjikt med svartor, selje, ask, gran og rogn.

### Karakteristiske artar

Hegg *Prunus padus*, selje *Salix caprea*, svartor *Alnus glutinosa*, ask *Fraxinus excelsior*, rogn *Sorbus aucuparia*, einer *Juniperus communis*, nyperosser *Rosa sp.*, bitterbergknapp *Sedum acre*, kystberknapp *Sedum anglicum*, raudsvingel *Festuca rubra*, tiriltunge *Lotus corniculata*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, hundekvein/Bergkvein *Agrostis canina/vinealis*, fuglevikke *Vicia cracca*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, følblom *Leontodon autumnalis*, liljekonvall *Convallaria majalis*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, bleikstarr *Carex pallescens*, slirestarr *Carex vaginata*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, kystsmaure *Galium saxatile*, sløke *Angelica sylvestris*, bløkkebær *Vaccinium uliginosum*, jordnøtt *Conopodium majus*, stortveblad *Listera ovata*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, teiebær *Rubus saxatilis*, tannrot *Cardamine bulbifera*, gulflatbelg/Gulskolm *Lathyrus pratensis*, nattfiol *Platanthera bifolia*, smyle *Deschampsia flexuosa*, engfrytle *Luzula multiflora*, harestarr *Carex ovalis*, stemorsblomst *Viola tricolor*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, legeveronika *Veronica officinalis*, kantkonvall *Polygonatum odoratum*, rylik *Achillea millefolium*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, dunhavre *Avenula pubescens*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, småsmelle *Silene rupestris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 10.06.2003

## Lokalitet 70 Isdal

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 5 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Austvendt, svakt hellande jordnøtteng som ikkje ser ut til å ha vore slått dei siste åra. Det er mykje daudt gras i botnen. Dei dominante artene er jordnøtt saman med ulike grasartar, mest gulaks og dunhavre. Enga ligg inntil riksvegen mot Mongstad, og arealet er nok for lite til at det blir unytta i framtida. Området er noko undersolt og kaldt. Enga har eit noko fuktigare parti med mykje kvitbladtstel, marikåpe, engkarse, hundegras og noko skogstorkenebb. Det førekjem flekkvis ein del bjørnemose. Rundt slåtteenga og litt innover flaten, veks hasselkratt, hegg, selje og bjørk.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, dunhavre *Avenula pubescens*, englodnegras *Holcus lanatus*, raudsvingel *Festuca rubra*, solvbunke *Deschampsia cespitosa*, engsyre *Rumex acetosa*, kvitveis *Anemone nemorosa*, engrapp *Poa pratensis ssp. pratensis*, maure *Galium sp.*, kvitbladtstel *Cirsium heterophyllum*, marikåpe *Alchemilla sp.*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, engsoleie *Ranunculus acris*, engkarse *Cardamine pratensis*, hundegras *Dactylis glomerata*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 11.06.2003

## Lokalitet 71 Elsås

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 2,8 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Rundt husa på bruk 159/2 er det eit areal inntil vegen, vest for husa, som ikkje blir nytta intensivt. Dette arealet blir vissnok slått ein gong for året for å halde graset nede. Det er ein god del jordnøtt samt ein del gras på enga. Av andre artar er det m. a. dei typiske engartene som rylik, gulaks, firkantperikum, engsyre, raudsvingel og englodnegras. På Elsås finst det elles restar av slåtteenger der det er vanskeleg å koma til med maskinell drift. Desse restareala ligg gjerne rundt husa på dei brukena som ikkje har fast busetnad eller aktiv drift.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, rylik *Achillea millefolium*, raudsvingel *Festuca rubra*, smyle *Deschampsia flexuosa*, marikåpe *Alchemilla sp.*, kvitveis *Anemone nemorosa*, solvbunke *Deschampsia cespitosa*, engsyre *Rumex acetosa*, engsoleie *Ranunculus acris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, kvitkløver *Trifolium repens*, engfrytle *Luzula multiflora*, englodnegras *Holcus lanatus*, rapp *Poa sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 11.06.2003

## Lokalitet 72 Elsås

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 7,8 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sauveite med klynger av store ospetre. Busksjiktet er heilt nedbeita, og feltsjiktet er dominert av gras saman med nokre urter. I tresjiktet er det òg spreidde førekommstar av selje, bøk, eik og bjørk.

#### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, eik *Quercus robur*, selje *Salix caprea*, bjørk *Betula pubescens*, bøk *Fagus sylvatica*, jordnøtt *Conopodium majus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, ryllik *Achillea millefolium*, engrapp *Poa pratensis ssp. pratensis*, lyssiv *Juncus effusus*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, harestarr *Carex ovalis*, raudsvingel *Festuca rubra*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, kystmaure *Galium saxatile*, myrtstel *Cirsium palustre*, engsyre *Rumex acetosa*, kvitklover *Trifolium repens*, vassarve *Stellaria media*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 11.06.2003

## Lokalitet 73 Alversund

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 1,7 da  
Verdi C - lokalt viktig

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lita jordnøtteng like ved nordenden på kyrkjegården i Alversund. Enga er omgitt av lauvkratt med platanlønn, ask, rogn, selje, hegg og hassel. Det er ein del daudt gras i botnen og arealet har kanskje gått ut av drift. Jordnøtt dominerer, men det er også ein del andre urter som engsyre, noko fuglevikke, raudkløver og ryllik, og gras som englodnegras, engreverumpe, sølvbunke og gulaks. Enga har jamn overflate, utan tuer.

#### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, engsyre *Rumex acetosa*, ryllik *Achillea millefolium*, raudkløver *Trifolium pratense*, Smalkjempe *Plantago lanceolata*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, krypsoleie *Ranunculus repens*, engsoleie *Ranunculus acris*, hundegras *Dactylis glomerata*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, fuglevikke *Vicia cracca*, rapp *Poa sp.* Sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, dunhavre *Avenula pubescens*, englodnegras *Holcus lanata*, engreverumpe *Alopecurus pratensis*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.06.2003

## Lokalitet 74 Hope

Hovedtype Kulturlandskap  
Undertype Slåtteeng (D01)

Areal 2,7 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Slåtteeng som ikkje blir gjødsla bortsett frå litt kunstgjødsel. Etter at slåtten er ferdig har det normalt vore litt etterbeite. Lokaliteten ligg i ei vestvendt skråning ned mot Hopsvatnet. Eit parti lengst mot sør aust har svært mykje smalkjempe og gulaks, noko knollerteknapp og mykje oppslag av krattlodnegras. I tillegg er det noko jordnøtt og kvitveis. Nedover bakken aukar innslaget av engsoleie, hundekjeks, raudsvingel og kveke og det blir svært mykje knollerteknapp. Rundt slåtteenga er det oppslag av lauvkratt med osp, rogn og hassel. Nede på flata er det meir myrlendt mark med ein sumpvegetasjon som ikkje fell inn under naturtypen slåtteeng.

#### Karakteristiske artar

Gulaks *Anthoxanthum odoratum*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, jordnøtt *Conopodium majus*, smyle *Deschampsia flexuosa*, engsoleie *Ranunculus acris*, raudsvingel *Festuca rubra*, hundegras *Dactylis glomerata*, kvitveis *Anemone nemorosa*, krattlodnegras *Holcus mollis*, englodnegras *Holcus lanata*, følblom *Leontodon autumnalis*, kvitklover *Trifolium repens*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, engsyre *Rumex acetosa*, rapp *Poa sp.*, marikåpe *Alchemilla sp.*, tepperot *Potentilla erecta*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, engfrytle *Luzula multiflora*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, kveke *Elymus repens*, myrtstel *Cirsium palustre*, lyssiv *Juncus effusus*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.06.2003

## Lokalitet 75 Langura

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 14 da      |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nordvestvendt hasselskog som i følgje Øvstedahl og Sætre (1988) har eit relativt lågt artstal. Alle dei typiske hasselskogsartene er likevel representert. Det meste av lokaliteten har lite innblanding av andre treslag. Hasselskogen har både gamle og unge kratt, ser ut til å ha blitt tynna noko. Delar av skogen har mykje ur og kan nesten seiast å vere rasmask. Det er mykje moselagte steinar og vanskeleg å ta seg fram. I store delar av skogen er det mykje kysymre. Det finst elles parti med ulike typar store bregner som m.a. skogburkne og ormetelg. Skogen ser ikkje ut til å vere beitepåverka. Lengst mot nord er det eit parti med mykje myske.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, bjørk *Betula pubescens*, rogn *Sorbus aucuparia*, lundrapp *Poa nemoralis*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, hengeving *Phegopteris connectilis*, smyle *Deschampsia flexuosa*, bleikstarr *Carex pallescens*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogstjerne *Trientalis europaea*, markjordbær *Fragaria vesca*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, myske *Galium odoratum*, beitesveve *Hieracium*, sisselrot *Polypodium vulgare*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, storfrytle *Luzula sylvatica*, legeveronika *Veronica chamaedrys*, kvitveis *Anemone nemorosa*, gjerdvikke *Vicia sepium*, fuglevikke *Vicia cracca*, vivendel *Lonicera periclymenum*, jordnøtt *Conopodium majus*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, blåknapp *Succisa pratensis*

### Kjelder

Øvstedahl & Sæthre (1988)

Registrert av M.A. Bysveen Dato 12.06.2003

## Lokalitet 76 Hope-Risa

|           |   |       |                 |
|-----------|---|-------|-----------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap                              | Areal | 4315 da         |
| Undertype | Kystlynghei (D07), Intakt låglandsmyr (A01) | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Større område med restar av llyngheti i mosaikk med myr og beiteområde. Som typisk for slike område er nok også dette arealet artsfattig. Røsslyngen i området er for det meste grov og forveda og det skjer ei attgroing med skog (furur og bjørk) frå kantane. Attgroinga har likevel ikkje kome lenger enn at ei restaurering kunne la seg gjere. Naturtypen er kulturbetinga og er avhengig av brenning og beiting.

### Kjelder

Lindås kommune, landbrukskontoret

Registrert av M.A. Bysveen Dato 12.06.2003

## Lokalitet 77 Otterås

|           |                 |       |                 |
|-----------|-----------------|-------|-----------------|
| Hovudtype | Kulturladskap   | Areal | 7 da            |
| Undertype | Slåtteeng (D01) | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Slåtteeng på ein haug vest for husa på Otterås. Denne haugen blir ikkje gylla, men den blir slått, mest av estetiske grunnar. Ein kjem ikkje til med maskiner på lokaliteten. Enga er ei jordnøtteng, men er også flekkvis dominert av t.d. firkantperikum og gulaks. Jorddekket er skrint, og tørker nok fort ut.

Det er også ei slåtteeng litt lenger sør, heilt øvst i det aktivt drevne arealet, som heller ikkje blir gjødsla.

### Karakteristiske artar

Jordnøtt *Conopodium majus*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, rylik *Achillea millefolium*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, engsyre *Rumex acetosa*, småsyre *Rumex acetosella*, marikåpe *Alchemilla sp.*, hundegras *Dactylis glomerata*, engrapp *Poa pratensis ssp. pratensis*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, dunhavre *Avenula pubescens*, englodnegras *Holcus lanatus*, følblom *Leontodon autumnalis*, engsoleie *Ranunculus acris*, harestar *Carex ovalis*, kystmaure *Galium saxatile*, kvitkløver *Trifolium repens*, raudsvingel *Festuca rubra*, engsmelle *Silene vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, vikke *Vicia sp.*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, kvitveis *Anemone nemorosa*, nyseryllik *Achillea ptarmica*, raud jonsokblom *Silene dioica*, geitsvingel *Festuca vivipara*, gullris *Solidago virgaurea*, solvunke *Deschampsia cespitosa*, tveskjeggverika *Veronica chamaedrys*, smyle *Deschampsia flexuosa*, krattlodnegras *Holcus mollis*, liljekonvall *Convallaria majalis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*

Registrert av M.A. Bysveen Dato 11.06.2003

## Lokalitet 78 Heltveit

|           |   |       |                  |
|-----------|---|-------|------------------|
| Hovudtype | Skog  | Areal | 160 da           |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01), gammal edellauvskog (F02) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ask-hasselkog med innslag av alm og lind. Lokaliteten ligg inn til berghøta ved Randalsåsen, og er bratt og nordaustvendt. Nærleik til sjøen er truleg gunstig i forhold til vintertemperatur. Berggrunnen i området er glimmerskifer, som gir grunnlag for ein relativt krevjande vegetasjon.

Lia er til dels svært bratt, og inntil fjellet er det mosegrodde steinar som gjer terrenget vanskelig å ta seg fram i. Det er også mykje daud ved/rotvelta i området. I feltsjiktet er det mykje storbregner og flekkvis mykje krossved. Myskegras blei også registrert i ein fin bestand, noko som tyder på god næringstilgang. Elles i feltsjiktet er store parti dominert av myske, som førekjem i store delar av området. I bergveggen blei det registrert nokre rosettartar av bergfrue saman med fjellmarikåpe. I feltsjiktet elles opptrer, t.d. junkerbregne, skogburkne, ormetelg, markmarkjordbær, enghumleblom, lundrapp, haremat og stankstorkenebb. Det er også innslag av nokre store gras. Lenger nordover kjem det inn meir alm i tresjiktet og nokre store lindetre med rotskot. Fleire almer har også store dimensjonar. Skogen ser ikkje ut til å vere utnytta på lang tid, og har eit urskogspreng, noko som nok heng saman med den vanskelege tilkomsten til området. Nokre asker har vorte styva, men det må vere fleire tiår sidan.

### Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, alm *Ulmus glabra*, lind *Tilia cordata*, dundjork *Betula pubescens*, hegg *Prunus padus*, krossved *Viburnum opulus*, myske *Galium odoratum*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, myskegras *Cinna latifolia*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, stankstorkenebb *Geranium sylvaticum*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, junkerbregne *Polysticum braunii*, vivendel *Lonicera periclymenum*, telg *Dryopteris sp.*, enghumleblom *Geum rivale*, haremat *Lapsana communis*, lundrapp *Poa nemoralis*, smyle *Deschampsia flexuosa*, fjellmarikåpe *Alchemilla alpina*, bergfrue *Saxifraga cotyledon*, fugletelg *Gymnocarpium dryopteris*, gullris *Solidago virgaurea*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 29.09.2003

## Lokalitet 79 Kvommobotn

|           |   |       |                 |
|-----------|---|-------|-----------------|
| Hovudtype | Skog                                    | Areal | 12 da           |
| Undertype | Gråor-heggeskog (F05): Svartorutforming | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Svartorskog som ligg i ein liten botn med utløp mot vest. Lokaliteten har høg vasstand (det renn små, meanderande bekkar gjennom området), men er ikkje så fuktig i botnen som svartorskogen på Heltveit (lok. 43). Det er ein noko open bestand, men trea verkar noko større og eldre enn på Heltveit. Feltsjiktet er starr- og grasdominert med mykje stjernestarr, sølvbunke, engkvein, blåtopp og maure. Ut over på flata er det mykje bjørnemose og torvmose. Lokaliteten har truleg vore beita.

### Karakteristiske artar

Svartor *Alnus glutinosa*, ask juv. *Fraxinus excelsior*, stjernestarr *Carex echinata*, blåtopp *Molinia caerulea*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, maure *Galium sp.*, tepperot *Potentilla erecta*, bringebær *Rubus idaeus*, hengeving *Phegopteris connectilis*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 29.09.2003

## Lokalitet 80 Myking kai

|           |                        |       |            |
|-----------|------------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog                   | Areal | 15 da      |
| Undertype | Rik edellauvskog (F01) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Austvendt, svært bratt edellauvskog som ligg lunt til ned mot fjorden ved Myking kai. Berggrunnen i området inneholder glimmerskifer, som gir eit næringsrikt substrat for plantene. Lia er fuktig, det dryp frå bergveggen og det renn ein bekke gjennom området. Inntil bergveggen er det mykje stein og ur. Skogen er tett, frodig og fleiraldra med hassel, mykje ask og noko lind. Det kjem også opp mykje ung ask. Vidare sørover ser det ut til at alderen på trea aukar. Dette kan ha samanheng med at dette området er svært vanskeleg å ta seg fram i, slik at skogen ikkje i like stor grad har blitt utnytta her. Av artar førekjem t.d. skogsvinerot, bregnar som skogburkne, ormetelg og taggbregnar. Det er mykje myske i feltsjiktet fleire stader. Av andre moldjordsartar finn ein t.d. enghumleblom, stornesle, mjødurt og vendelrot.

Lenger mot sør ser det ut til at edellauvtrear blir mindre dominante, og det kjem inn meir osp og bjørk. Denne endringa ser også ut til å skje oppover i høgda.

### Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, platanlønn *Acer pseudoplatanus*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, hegg *Prunus padus*, ask *Fraxinus excelsior*, sloke *Angelica sylvestris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, hengeaks *Melica nutans*, marikåpe *Alchemilla sp.*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, markjordbær *Fragaria vesca*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, stormesle *Urtica dioica*, skogsalsalat *Mycelis muralis*, sisselrot *Polypodium vulgare*, myske *Galium odoratum*, hengeving *Phegopteris connectilis*, lundrapp(I bergveggen) *Poa nemoralis*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, vikke *Vicia sp.*, storfrytle *Luzula sylvatica*, beitesveve *Hieracium*, enghumleblom *Geum rivale*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, smallkjempemelke *Plantago lanceolata*

### Kjelder

Fremstad (1974)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.09.2003

## Lokalitet 81 Hodnekvam

Hovedtype Skog

Areal 40 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Edellauvskogslig med gunstig berggrunn og eksposisjon i ein botn nord for Søravatnet. Lia er til dels svært bratt og inneheld rasmateriale somme stader. Den lune eksposisjonen gir grobotn for varmekjære artar, og det blir utvikla brunjord på dei stadene det er nok jordsmonn. Av treslag er det mykje hassel, stor ask, hegg og svartor. Hassel ser ut til å dominere. Det er òg ein planteskog av gran i området. Lia er beita, men beitetrykket varierer. Lia ser ut til å ha både rike og fattige parti, med meir eller mindre beiting. På dei noko fattigare partia er det mykje bjørk og osp. Av litt meir krevjande artar førekjem t.d. krathumleblom, enghumleblom, jordnøtt, vivendel, lundrapp og markmarkjordbær. I den vestlegaste delen av området er det registrert lind. Nederst mot vegen ved bruk 39/7 er det sau på beite.

### Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, ask *Fraxinus excelsior*, hegg *Prunus padus*, svartor *Alnus glutinosa*, rogn *Sorbus aucuparia*, bjørk *Betula pubescens*, osp *Populus tremula*, lind *Tilia cordata*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, åkersvinerot *Stachys palustris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, storfrytle *Luzula sylvatica*, krathumleblom *Geum urbanum*, enghumleblom *Geum rivale*, vivendel *Lonicera periclymenum*, reverbelle *Digitalis purpurea*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, fiol *Viola sp.*, mjølke *Epilobium sp.*, markmarkjordbær *Fragaria vesca*, lundrapp *Poa nemoralis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blåbær *Vaccinium myrtillus*, legeveronika *Veronica officinalis*, engkvein *Agrostis capillaris*, bjørnkam *Blechnum spicant*, blåknapp *Succisa pratensis*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, tepperot *Potentilla erecta*, smyle *Deschampsia flexuosa*, raud jonsokblom *Silene dioica*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, engsyre *Rumex acetosa*, blåknapp *Succisa pratensis*, jordnøtt *Conopodium majus*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 12.09.2003

## Lokalitet 82 Fjellanger

Hovedtype Kulturlandskap

Areal 3,4 da

Undertype Hagemark (D05)

Verdi B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Gunstig eksponert hagemark med eik i lia ned mot Fjellangervågen. Berggrunnen inneholder ein del næringsrike mineral. Ned mot sjøen er det fleire store eiker. Nord i området er det nokre hasselkratt og ei og anna stor lind. Eikebestanden står for seg sjølv heilt ned til vågen. Det har blitt hogd ein del eik den seinare tid. I feltsjiktet veks det m.a. vassarve, ryllik, mykje engkvein og ein del sølvbunke, skogsvinerot, kvitkløver, vanleg arve og tveskjeggveronika.

### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, vassarve *Stellaria media*, ryllik *Achillea millefolium*, engkvein *Agrostis capillaris*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, kvitkløver *Trifolium repens*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, vanleg arve *Cerastium fontanum*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, sveve *Hieracium sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.09.2003

## Lokalitet 83 Fjellanger

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 1 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten kan sjåast i samanheng med lokalitet 84, Fjellanger eikehage. Det er delar av eit beite med ein ospebestand i fronten mot vågen. Det er fleire store tre. Det er også ei og anna eik, og noko hasselkratt i bakkant. Beitet er tydeleg rydda. Det er elles nokre spreidde einerbusker. Feltsjiktet er eit frodig grasdekke.

#### Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, rogn *Sorbus aucuparia*, bjørk *Betula pubescens*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, skogsvinerot *Stachys sylvatica* (langs ein bekk), stornesle *Urtica dioica* (langs ein bekk)

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.09.2003

## Lokalitet 84 Fjellanger

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal < 1 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Beitemark med spreidde lindetre. Trea er store og sikkert gamle. Beitet har vorte rydda og hogd i løpet av dei siste åra.

#### Karakteristiske artar

Lind *Tilia cordata*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Hogst

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.09.2003

## Lokalitet 85 Fjellanger

Hovudtype Kulturlandskap  
Undertype Hagemark (D05)

Areal 3,6 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Eikehage. På det beita arealet nedanfor vegen er det nokre store, spreidde eiketre, nesten glissen eikeskog, og nokre få, gamle hasselkratt. Dei andre treslagene er hogd ut. Busksjiktet blir halde nede ved beiting, og i feltsjiktet er det mest beitegras samt ein del artar som vanlegvis ikkje blir beita. Både sør og nord for vegen har det vore ein samanhengande skog med mykje eik.

#### Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, hassel *Corylus avellana*, myrtistel *Cirsium palustre*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, tepperot *Potentilla erecta*, engsyre *Rumex acetosa*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, marikåpe *Alchemilla sp.*, kvitkløver *Trifolium repens*, lyssiv *Juncus effusus*, kveke *Elymus repens*, krypsoleie *Ranunculus repens*, groblad *Plantago major*, krattlodnegras *Holcus mollis*, diverse beitegras

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 16.09.2003

## Lokalitet 86 Votno I

Hovudtype Skog  
Undertype Gråor-heggeskog (F06): Svartorskog

Areal 5,5 da  
Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Svartorskog i eit nordvest-søraustgående dalsøkk. Dalsøkket har bratte sider og er noko undersolt og mørkt. Det veks også ein granskog inntil oreskogen som gjer at lystilhøva er relativt därlege. Svartorsestanden er liten, men ser ut til å ha ein viss alder. Det er mykje mose og lav på trea. Busksjikt manglar, og det er mykje bregner i feltsjiktet, nærmast ein bregnegoreskog. Det er veldig mykje raud jonsokblom i området, og rosettane dekker skogbotnen enkelte stader. Det mykje mosegrodd stein i området, og difor litt vanskeleg å ta seg fram. I framkant av oreskogen er det ein brem med selje og bjørk.

**Karakteristiske artar**

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, selje *Salix caprea*, bjørk *Betula pubescens*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, raud jonsokblom *Silene dioica*, sisselrot *Polypodium vulgare*, bringebær *Rubus idaeus*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, då *Galeopsis sp.*, revebjelle *Digitalis purpurea*, engkvein *Agrostis capillaris*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 17.09.2003

**Lokalitet 87 Votno II****Hovudtype** Skog**Areal** 2,4 da**Undertype** Gråor-heggeskog (F05): Svartorskog**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjaving for verdivurdering**

Nordaustvendt svartorbestand i ein liten bekkedal. Denne skogen er litt opnare og trea ikkje så store som på lok. 89, og det er meir gras i feltsjiktet og lite mose i botnsjiktet. Det mykje mose og lav på trea. Skogen er ein bregne-svartorskog med mykje skogburkne og saugetelg og/eller geittelg. Oppover i høgda, mot sør, er der innslag av furu og hegg. Det er likevel ein relativt homogen svartorbestand. Det kan sjå ut til at skogen blir beita.

**Karakteristiske artar**

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, furu *Pinus sylvestris*, bjørk *Betula pubescens*, smyle *Deschampsia flexuosa*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, engkvein *Agrostis capillaris*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, bringebær *Rubus idaeus*, revebjelle *Digitalis purpurea*, då *Galeopsis sp.*, storfrytle *Luzula sylvatica*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, engsyre *Rumex acetosa*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, telg *Dryopteris sp.*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 17.09.2003

**Lokalitet 88 Fiskesetelva****Hovudtype** Ferskvann/våtmark**Areal** 11 da**Undertype** Viktige bekdedrag (E06)**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjaving for verdivurdering**

Lokaliteten omfattar nedre del av Fiskesetelva frå brua ned til Fisketangen. Langs elva er der svært frodig vegetasjon og mykje rotvelta, døde tre og store mosedekte steinar. Fleire stader står det bestandar av strutseveng, ein art som ikkje er så vanleg ut mot kysten. Svartor dannar ein brem langs elva, elles veks det fleire andre treslag som t.d. ask, platanlønn, hassel og trollhegg. Det er ein del typiske lauvskogsartar/moldjordsartar i feltsjiktet. Enkelte stader er det både fuktig og næringsrikt, noko som viser på artsinvaretar.

Fiskesteelva er rekna for å vere ei god gyteelv for sjøaure.

**Karakteristiske artar**

Svartor *Alnus glutinosa*, ask *Fraxinus excelsior*, hegg *Prunus padus*, platanlønn *Acer pseudoplatanoides*, hassel *Corylus avellana*, trollhegg *Frangula alnus*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, telg *Dryopteris sp.*, markjordbær *Fragaria vesca*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, bringebær *Rubus idaeus*, strutseveng *Matteuccia struthiopteris*, då *Galeopsis sp.*, krattlodnegras *Hucus mollis*, raud jonsokblom *Silene dioica*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, strandrør *Phalaris arundinacea*, kratthumleblom *Geum urbanum*, enghumleblom *Geum rivale*, vendelrot *Valerina sambucifolia* ssp. *sambucifolia*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, krypsoleie *Ranunculus repens*, mjørdurt *Filipendula ulmaria*, skogstjerneblom *Stellaria nemorum*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 17.09.2003

**Lokalitet 89 Veland****Hovudtype** Kulturlandskap**Areal** 0,4 da**Undertype** Slåtteeng (D01)**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjaving for verdivurdering**

Det aktuelle området er ei lita slåtteeng ved oppkjøringa til bruk 12/3. Enga er truleg lite gylla fordi det er vanskeleg å komme til på denne vesle flekken. Enga er gulaksdominert og noko tørr. Det finst òg noko engsyre, spreidd jordnøtt og smalkjempe.

(Kulturlandskapet på Veland er, kulturhistorisk og estetisk, unikt i Lindås, kanskje også i eit større perspektiv. I dag blir området i hovudsak nytta til sauebeite, men det var fleire gamle slåtteenger her fram til 1999. I dag blir det brukt mykje gylle på slåtteareala som dermed misser sin tidlegare artsrikdom. Området er elles bratt, vestvendt og ligg gunstig til ned mot fjorden. Arealet er svært godt utnytta. For å auka arealet er det bygd bakkemurar. Særleg i dei øvste delane på Veland er dette eit karakteristisk trekk i landskapet.)

**Karakteristiske artar**

Gulaks *Anthoxanthum odoratum*, raudsvingel *Festuca rubra*, engrapp *Poa pratensis coll.*, engfrytle *Luzula multiflora*, hundegras *Dactylis glomerata ssp. glomerata*, engsoleie *Ranunculus acris*, marikåpe *Alchemilla sp.*, ryllik *Achillea millefolium*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, jordnøtt *Conopodium majus*, vanlig arve *Cerastium fontanum*

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 02.06.2003

**Lokalitet 90 Øvre Kvamme****Hovudtype** Kulturlandskap**Areal** 14 da**Undertype** Hagemark (D05): einerbakke**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

To område med einerbakke på Øvre Kvamme. Områda vert nytta til beite vår og haust. Det blir ikkje gylla i området, men nytta fastgjødsel. Dei største brakene har vorte hogde ut, med det kjem opp nye. Det meste av braken har søyleform.

**Karakteristiske artar**Einer *Juniperus communis*, ulike beitegras

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 27.02.2004

**Lokalitet 91 Øvre Kvamme****Hovudtype** Kulturlandskap**Areal** 6,3 da**Undertype** Hagemark (D05): Bjørkehage**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Bjørkehage like nedanfor den eine einerbakken (lok. 90) på øvre Kvamme. Trea står nokså tett. Artssamansetjinga i feltsjiktet er ikkje nærmare undersøkt.

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 27.02.2004

**Lokalitet 92 Rydlandsvågen****Hovudtype** Kyst og havstrand**Areal** 0,3 da**Undertype** Strandeng og strandsump (G05)**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lita strandeng inst i Rydlandsvågen. Sjølve vågen er ca. 3 km lang og berre ca. 150 m på det breiaste. Vågen er orientert nordvest-sørøst, og har relativt bratte sider. Inst i vågen er det nokonlunde skjerma tilhøve, men når nordvesten står på, kjem den rett inn i vågen.

Strandenga har ein ganske bratt gradient mot sør aust, så det er lite areal til å utvikle vegetasjonstypen på. Ytst i strandenga finn ein flekkvis dominans av saltsiv, strandstjerne og kvein. Deretter kjem dei andre artane tett innpå, t.d. strandkryp, skjørbuksurt, raudsvingel, strandkjempempe og fjøresaulauk. Vidare innover og oppover i strandenga finn ein meir høgvokste artar som t.d. strandkjeks, mjødurt, sløke og høge gras som sølvbunke og krattlodnegras. Vidare bakover gror det til grunna manglande beiting. Det veks til med vierkratt, selje, bjørk og noko svartor.

**Karakteristiske artar**

Strandstjerne *Aster tripolium*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandkjempempe *Plantago maritima*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, saltsiv *Juncus gerardii*, raudsvingel *Festuca rubra*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, engkvein *Agrostis capillaris*, knappsiv *Juncus conglomeratus*, sølvbunke *Deschampsia cespitosa*, myrstjernerblom *Stellaria palustris*, krattlodnegras *Holcus mollis*, myrmaure *Galium palustre*, småengkall *Rhinanthus minor*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*.

Registrert av M.A.Bysveen

Dato 15.05.2003

## Lokalitet 93 Rødland

|           |                            |       |                 |
|-----------|----------------------------|-------|-----------------|
| Hovudtype | Kulturlandskap             | Areal | 4,4 da          |
| Undertype | Hagemark (D05): Einerbakke | Verdi | C - lokal verdi |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Utmarksområde på Rødland som har vore nytta til beite. Arealet vert no lite beita, og er i sterkt attgroing. Her veks mykje søyleeiner med ulik dimensjon og høgde. Det største individet er ca. 8m høg og 1,4 m i omkrins i brysthøgde, ein annan er om lag like høg og ca. 1,1 m i omkrins. Elles på arealet førekjem ein del mindre, søyleforma einder.

#### Karakteristiske artar

Einer *Juniperus communis*

Registrert av T. Veland

Dato 14.03.2004

## Lokalitet 94 Vabøneset

|           |  |       |                  |
|-----------|--|-------|------------------|
| Hovudtype | Skog   | Areal | 13 da            |
| Undertype | Gammal lauvskog (F07), Rikare sumpskog (F06) | Verdi | A - svært viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sørvestvendt skråning med ein del gammal, nokså storvaksen osp. Også m.a. hassel og bjørk. På flata i nedkant av skråninga er det svartorsumpskog med nokså høgvaksne, relativt gamle tre med rikelige lavførekomstar. Lokaliteten innehold mykje død ved, både som læger og gadd. Kryptogamfloraen er ikkje nærmare undersøkt, men det vart m.a. observert svært store eksemplarar av flatkjuke på død osp (ca. 0,5 m breie). Det er mange spettehol i området, både i frisk og i død osp. Dvergspett vart påvist hekkande under synfaringa, men fleire av hola stammar truleg frå gråspett eller kvitryggspett. Det vart funne ein del karakteristiske djuphakk i død ved i furuskogen rundt, som tyder på førekomst av kvitryggspett.

I området rundt dominerer kystfuruskog, men lauvtre som bjørk, hassel, rogn og svartor inngår fleire stader. Delar av furuskogen har høg bonitet og tre med vide kroner og nokre av trea er nokså storvaksne og gamle. Stadvis er det eit nokså tett busksjikt av einer. I eit avgrensa område stod det mykje ramslauk i skogbotnen, noko som ikkje er vanleg i furuskog. Svartorsumpskog er typisk i tilknytning til fuktige drag. Skal området ha verdi som spettelokalitet i framtida, er det viktig at også ein del av den relativt gamle kystfuruskogen i området får bli ståande.

#### Registrerte raudlisteartar

Dvergspett *Dendrocopos minor*, kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* (hakkemerke, reirhol), gråspett *Picus canus* (reirhol)

#### Eksisterande inngrep

Litt plukkhogst og nokre små parti med flatehogst. Mindre bestandar med planta gran.

Registrert av M.A. Bysveen og O. Overvoll

Dato 08.06.2004

## Lokalitet 95 Baståsen

|           |                    |       |            |
|-----------|--------------------|-------|------------|
| Hovudtype | Skog               | Areal | 1036 da    |
| Undertype | Kystfuruskog (F12) | Verdi | B - viktig |

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten er ein rest med relativt gammal furuskog i eit distrikt der skogen elles er sterkt påverka. Eit godt vekstgrunnlag gir forhold for ein tett bestokka furuskog med rettstamma tre, opp til 15-18 m høge. Ein del gadd er resultat av sjølvtynning med avgang av undertrykte tre. På kollar og myrlendte parti har frittståande tre vide kroner som ofte er avrunda og noko flat der høgdeveksten har stoppa. Trehøgder på 12-13 m er typisk for dei meir fattige partia. Stammediameter på 50-55 cm er ikkje uvanleg for tre på dei rikare partia, men grovere individ kan påtreffast spreidd. Aldersfase er karakteristisk, og relativt gamle tre er framtredande mange stader. To boreprøver viste 220 og 260 år, men ein yngre generasjon i overkant av 100 år er også vanleg i området. Bra aldersspreiing gir preg av naturskog. Homogen blåbærfuruskog er godt utvikla i liene og er den vanlegaste skogtypen i området. Knerot er registrert eit par stader. I sørvestvendte skråningar er furuskogen rikare og ofte oppblanda med hassel og osp. Skogbotnen er blokkrik og relativt tørr med ein vegetasjon av bregner og urter. Det er registrert eik og eit styvingstre av lind som vitnar om tidlegare bruk av skogen. På åsryggane kjem det inn røsslyng-blokkebærskog. Røsslyng dominerer, men andre lyngartar som blåbær, blokkebær, tytebær og fjellkrekling er også viktige. Skogen er i hovudsak av kysttype med storfrytle og torvmosar. Det har vore noko skogbruksaktivitet i kanten av området. Ei større kraftlinje kryssar området.

**Eksisterande inngrep**

Kraftlinje med ca. 10 m brei gate kryssar lokaliteten, noko hogst og granplanting.

**Kjelder**

Moe (2001)

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 06.09.1985

**Lokalitet 96 Gjerdfjellet**

**Hovudtype** Skog

**Areal** 1360 da

**Undertype** Kystfuruskog (F12)

**Verdi** B - viktig

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Større, samanhengande område dominert av kystfuruskog. Det er stadvis ein del nokså storvaksne tre, enkelte truleg godt over 200 år, sjølv om skogen nok jamt over er yngre enn dette. Busksjiktet av einer er stadvis ganske tett. Mykje av eineren ser ut til å vere 50-60 år gammal. Området innehold fleire ospeholt, nokre med ganske storvaksne tre. Det er også nokre fuktige, ganske frodige sokk, der lauvtreinnslaget er høgare. Mot toppen av åsen blir skogen skrinnare. Det er lite læger i området og innslaget av gadd er heller ikkje spesielt stort. Det vart imidlertid funne mykje hakkemerke etter spetteaktivitet. Lokaliteten har difor stort potensial som spetteområde, sjølv om ingen artar vart observerte under synfaringa. Havørn og hønsehauk er registrert hekkande i området og området blir rekna som eit viktig område for storfugl.

**Registrerte raudlisteartar**

Havørn *Haliaeetus albicilla*, hønsehauk *Accipiter gentilis*, kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* (hakkemerke).

**Registrert av** O. Overvoll

**Dato** 12.04.2004

**Lokalitet 97 Eikangervåg**

**Hovudtype** Kyst og havstrand

**Areal** 7,8 da

**Undertype** Strandeng og strandsump (G05)

**Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Innestengt strandeng og strandsump nord for hovudvegen (RV1). Utskiftinga av vatn skjer gjennom røyr i vegfyllinga. Ein liten bekk har utløp inst i pollen og gjer at vatnet nok er svært brakt. Lokaliteten har fin utforming, men er relativt artsfattig. Store delar av vegetasjonen veks på flytetorv. Vegetasjonen er lav og pølstarr dominerer det meste av området. Sjølve pollen har gjørmebotn og det vart ikkje registrert vegetasjon her med unntak av spreidd strandkryp. Innanfor strandenga er det ein liten svartorsump, og på innanfor denne igjen beitemark i attgroing.

**Registrerte artar**

Pølstarr, slåttestarr, strandkryp, fjøresaulauk, fjøresivaks, myrmaure, grøftesoleie, svartor.

**Registrert av** O. Overvoll

**Dato** 15.06.2004

**Lokalitet 98 Kvalvågen**

**Hovudtype** Kyst og havstrand

**Areal** 1 da

**Undertype** Undervasseng (G02)

**Verdi** C - lokal verdi

**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Undervasseng med ålegras.

**Registrert av** T. Svendsen

**Dato** 15.06.2003

## Lokalitet 99 Gjerdstraumen

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 2 da

Undertype Grunne straumar (G02)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Grunne straumar kan ha eit særskilt plante og dyreliv, men botnflora og -fauna på denne lokaliteten er ikkje nærmare undersøkt. Området ser ikkje ut til å ha nokon særskilt funksjon for andefugl.

Registrert av O. Overvoll

Dato 15.06.2004

## Lokalitet 100 Heltveit

Hovudtype Skog

Areal 0,8 da

Undertype Rikare sumpskog (F06)

Verdi C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Svartor-snelleskog nær sjøen nedanfor Heltveit. Lokaliteten har ikkje blitt nærmare undersøkt og kan ha høgare verdi en angitt.

Registrert av

Dato 15.06.2003

## Lokalitet 101 Kvamme

Hovudtype Kulturlandskap

UTM 293877 - 6722530

Undertype Store gamle tre (D12)

Verdi C - lokal verdi

### Omtale

Gammal styvingsalm på eit hestebete aust for vegen ved Kvamme. Treet må sjåast i samanheng med utbreiinga av styvningstre elles i området på Kvamme, der ein finn fleire hole og tydeleg svært gamle styvingsalmer (sjå lok. 42 og 102). Det er ikkje gjort undersøkingar av kryptogamflora eller insektfauna på treet.

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 03.05.2002

## Lokalitet 102 Kvamme

Hovudtype Kulturlandskap

UTM 293778 - 6722577

Undertype Store gamle tre (D12)

Verdi C - lokal verdi

### Omtale

Gammal styvingsalm heilt inntil vestsida av vegen ved Kvamme. Grunnen rundt treet har vorte omrota i samband med vegutviding, men det ser ut til at treet har klart seg. Treet må sjåast i samanheng med utbreiinga av styvningstre elles i området på Kvamme, der ein finn fleire hole og tydeleg svært gamle styvingsalmer (sjå lok. 42 og 101). Det er ikkje gjort undersøkingar av kryptogamflora eller insektfauna på treet.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Utviding av veg, graving.

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 03.05.2002

## Lokalitet 103 Solli

Hovudtype Kulturlandskap

UTM

Undertype Store gamle tre (D12)

Verdi B - viktig

### Omtale

Eit av tre store styvningstre av lind som står i eit attgroingsområde sør for Dyrdal. Trea er delvis hole og er truleg gamle. Kryptogamflora og insektfauna er ikkje nærmare undersøkt. I samband med vegbygging vart det velta mykje stein rundt stammane på trea, og den største lindestyven vart hogd ned.

### Kjelder

Magnhild Dyrdal

Registrert av M.A. Bysveen

Dato 09.05.2002

## Lokalitet 104 Solli

|  |                       |       |                  |
|--|-----------------------|-------|------------------|
| Hovudtype  | Kulturlandskap        | UTM   | 306470 - 6732340 |
| Undertype  | Store gamle tre (D12) | Verdi | B - viktig       |
| <b>Omtale</b>  |                       |       |                  |
| Eit av tre store styvningstre av lind som står i eit attgroingsområde sør for Dyrdal. Trea er delvis hole, og er truleg gamle. Kryptogamflora og insektfauna er ikkje nærmare undersøkt.   |                       |       |                  |
| I området rundt er det krattskog av bjørk, einer og oppslag av rogn. I feltsjiktet veks mykje lyng; blåbær og røsslyng og det er til dels berg i dagen. Rett under det eine lindetreet vart det registrert jordnøtt, kvitveis, vivendel, markjordbær, gulaks, fugletelg, smyle og slåttestarr. |                       |       |                  |
| I samband med vegbygging vart det velta mykje stein rundt stammene på trea, og den største lindestyven vart hogd ned.  |                       |       |                  |

### Kjelder

Magnhild Dyrdal

Registrert av M.A. Bysveen Dato 09.05.2002

## Lokalitet 105 Storsetvegen

|  |                       |       |                  |
|--|-----------------------|-------|------------------|
| Hovudtype  | Kulturlandskap        | UTM   | 307569 - 6727526 |
| Undertype  | Store gamle tre (D12) | Verdi | B - viktig       |
| <b>Omtale</b>  |                       |       |                  |
| Stor styvingsask ved vegen til Storset. Treet er holt og truleg ganske gammalt. Området rundt ser ut til å vere i attgroing, med mykje krattskog av m.a. bjørk og or. Det planta gran i nærleiken. |                       |       |                  |
| Registrert av M.A. Bysveen <span style="float: right;">Dato 09.05.2002</span>  |                       |       |                  |

## Lokalitet 106 Åsgard

|  |                       |       |                  |
|--|-----------------------|-------|------------------|
| Hovudtype  | Kulturlandskap        | UTM   | 302348 - 6729473 |
| Undertype  | Store gamle tre (D12) | Verdi | C - lokal verdi  |
| <b>Omtale</b>  |                       |       |                  |
| Ei av to store styvingsasker på eit sauebeite på vestsida av vegen ved Hushaugen sør for Åsgard (Hindeneshjorden). |                       |       |                  |
| Registrert av M.A. Bysveen <span style="float: right;">Dato 01.06.2000</span>                                      |                       |       |                  |

## Lokalitet 107 Åsgard

|  |                       |       |                  |
|--|-----------------------|-------|------------------|
| Hovudtype  | Kulturlandskap        | UTM   | 302404 - 6729378 |
| Undertype  | Store gamle tre (D12) | Verdi | C - lokal verdi  |
| <b>Omtale</b>  |                       |       |                  |
| Ei av to store styvingsasker på eit sauebeite på vestsida av vegen ved Hushaugen sør for Åsgard (Hindeneshjorden). |                       |       |                  |
| Registrert av M.A. Bysveen <span style="float: right;">Dato 01.06.2000</span>                                      |                       |       |                  |

## Lokalitet 108 Askvik

|   |                       |       |                  |
|---|-----------------------|-------|------------------|
| Hovudtype   | Kulturlandskap        | UTM   | 306526 - 6725195 |
| Undertype   | Store gamle tre (D12) | Verdi | C - lokal verdi  |
| <b>Omtale</b>   |                       |       |                  |
| Fleire styvningstre (ask) i utmarka på Askvik. Arealet ligg nord for hovudvegen. Nokre av trea står i fare for å verta hogde ned under framføring av ny vassleidning. |                       |       |                  |
| Registrert av M.A. Bysveen <span style="float: right;">Dato 12.05.2003</span>   |                       |       |                  |

## Lokalitet 109 Askvik

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 306126 - 6725994  
**Verdi** B - viktig

### Omtale

Eit stykke ute i utmarka ved Askvik står det ei styvingsask som er kløyvd i to. Den eine halvdelen er det framleis liv i. Då den noverande gardbrukaren var liten, vart denne styvingsasken nytta som ”barnepike” når mora skulle mjølka kyrne på stølen. Det var langt å gå for ein liten gut, og på veg til stølen vart han plassert inne i den høle styvingsasken. Der vart han henta seinare på dagen når mora var ferdig med mjølkinga.

Registrert av M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2003

## Lokalitet 110 Ostereidet

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 307508 - 6726157  
**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Eit av to styvingstre (ask) på eit beite like nord for kaien på Ostereidet. Det vart styva mykje på garden i gamle dagar. No er det berre desse askene som framleis blir styva.

### Kjelder

Jorunn Å.E. Raknes (grunneigar)

Registrert av M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2003

## Lokalitet 111 Ostereidet

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 307592 - 6726174  
**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Eit av to styvingstre (ask) på eit beite like nord for kaien på Ostereidet. Det vart styva mykje på garden i gamle dagar. No er det berre desse askene som framleis blir styva.

### Kjelder

Jorunn Å.E. Raknes (grunneigar)

Registrert av M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2003

## Lokalitet 112 Gjerdfjellet

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 299736 - 6725105  
**Verdi** B - viktig

### Omtale

Stor, gammal, delvis hol lind i sørskråninga opp mot Gjerdfjellet. Ser ut til å ha vore styva tidlegare.

Registrert av O.Overvoll

**Dato** 15.05.2004

## Lokalitet 113 Vabø

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 294735 - 6739911  
**Verdi** B - viktig

### Omtale

Kanskje den største eika i Lindås? Truleg 250-300 år gammal. Omkrins i brysthøgde er 4,40 m. Treet er frittstående med vid krone.

Registrert av

**Dato** 15.05.2004

## Lokalitet 114 Tveiten

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 293828 - 6721025

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Stor eik i kulturlandskapet på Tveiten. Eika står i eit lite skogholt med ung skog i kanten av slåttemark.

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

## Lokalitet 115 Tveiten

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 293756 - 6721386

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Stor eik på beitemark ved vegen på Tveiten.

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

## Lokalitet 116 Kvamme

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 293911 - 6722399

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Stor eik nedanfor vegen ved Kvamme.

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

## Lokalitet 117 Rydland

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 295958 - 6726701

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Stor bok ved Rydland. Omkrins i brysthøgde ca. 3,70 m. Skal vere ca. 120 år gammal.

**Registrert av**

**Dato** 12.05.2004

## Lokalitet 118 Indre Fosse

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 293088 - 6723646

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Stor ask ved Indre Fosse.

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

## Lokalitet 119 Indre Fosse

**Hovudtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)

**UTM** 293060 - 6723727

**Verdi** C - lokal verdi

### Omtale

Eik Indre Fosse. Treet er rundt 2 m i omkrins og har stor, vid krone.

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

**Lokalitet** 120 Ytre Fosse

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)  
**Omtale**  
Stor ask.

**UTM** 292870 - 6724322  
**Verdi** C - lokal verdi

**Registrert av** M.A. Bysveen

**Dato** 12.05.2004

**Lokalitet** 121 Spurkeland

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)  
**Omtale**  
Stor ask. Tuntre.

**UTM** 294566 - 6728301  
**Verdi** C - lokal verdi

**Registrert av**

**Dato** 12.05.2004

**Lokalitet** 122 Kleivdal

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)  
**Omtale**  
Stor ask. Tidlegare styva.

**UTM** 297908 - 6725432  
**Verdi** C - lokal verdi

**Registrert av**

**Dato** 12.05.2004

**Lokalitet** 123 Innluro

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Store gamle tre (D12)  
**Omtale**  
Bøk, i overkant av 110 år. Tuntre med grov stamme (4,30 m i omkrins i brysthøgde). Sterkt beskåren krone.

**UTM** 288952 - 6734112  
**Verdi** C - lokal verdi

**Registrert av**

**Dato** 12.05.2004



ISBN 82-8060-030-2  
ISSN 0804-6387